

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 09.12.2010 kl 09:15 – 16.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 087/10 - 108/10

Innkalling til møtet var sendt ut den: 03.12.2010.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	John Torsvik, vara for Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Dina Dyrhovden	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes	Frode Langhelle sak 90, 91, 92, 97, 107 og 108	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
		Vigdis Søvik: Permisjon frå sak 92, 94 og 97 Terje Sætre : Permisjon frå Sak 91, 92, 94 og 97/10

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Erlend Kvamsdal, vara	Magnhild Rørtveit, vara
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Tore Helland	Per Einar Langhelle permisjon

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Rådgevar Alf Strand
Rådgevar Anne Kristin Rafoss
Rådgevar Ørnulf Lillestøl
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Håkon Matre	96/10	Ingen vara møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	<ul style="list-style-type: none">• To tilleggsskriv til sak 107/10 Årsbudsjett 2011 og• To skriv til sak 108/10 Skriv og meldingar:• Framlegg til møteplan for våren 2011• Delegert vedtak om skule- og barnehageruta 2011 -2012• Skriv frå Idrettsrådet i høve sak 89, 90 og 93/10
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	

Ordførar Håkon Matre ynskta velkomen til årets siste møte i kommunestyret og orienterte om dagsorden.

Matre sa og at det ville bli eit kulturinnslag vist på lerret ved elevar frå Masfjorden kulturskule. Denne framsyninga hadde elevane ved Austrheim kommune sitt 100 års jubileum.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om Karstein Totland og Laila Solhaug Reknes til til å skriva under møteboka.
Dette vart samrøystes godkjent.

Ordførar orienterte om rekkefylgja på handsaming av sakene og utdeling av tilleggsskriv. Ein startar handsaming av sak 87, 88, 93, 95, 96, 98 til 107/10. Etter sak 98 får kvart parti ca 5 minuttar til å gje generelle betraktningar rundt budsjettet og koma med eventuelle endringsframlegg.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
087/10	10/921	Godkjenning av møteprotokoll	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
088/10	08/342	Søknad om fritak frå politisk verv	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
089/10	10/59	Forprosjekt fleirbrukshall på Hosteland	10
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
090/10	10/783	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, handlingsplan for 2011	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
091/10	10/858	Barnehageplan for 2010 til 2013	26
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
092/10	08/946	Høyring - Framlegg til endring i opplæringslova og privatskulelova	30
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
093/10	06/985	Symjebasseng Matre - rehabilitering - fornying - av teknisk anlegg	35
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
094/10	10/875	Fastsetjing av akseptkriteria som grunnlag for risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) i Masfjorden kommune	41
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
095/10	10/705	Evaluering av etableringstilskotsordninga	51
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
096/10	10/758	GMU AS - Søknad om driftsstøtte til næringsutviklingsarbeid i Masfjorden	58
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
097/10	06/992	Kommunestrukturprosjektet i Nordhordland - felles utgreiing	66
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
098/10	10/904	Kraftfondbudsjett for 2011	72
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
099/10	09/746	Eigenbetaling pleie og omsorg for 2011	80

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
100/10	09/726	SFO-satsar for 2011	86
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
101/10	10/815	Elevbetaling idrettsskulen	89
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
102/10	10/817	Rammetimetalet 2011-2012	91
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
103/10	10/816	Barnehagesatsar 2011	96
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
104/10	10/818	Gebyrsatsar renovasjon for Masfjorden kommune for 2011	99
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
105/10	10/846	Kommunale avgifter for 2010 - vatn, avlaup, slam og feiing + landbrukssaker	104
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
106/10	10/859	Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2011 for Masfjorden kommune	112
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
107/10	10/557	Årsbudsjett 2011 og økonomiplan 2011 - 2014 for Masfjorden kommune	117
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
108/10	10/920	Skriv og meldingar	150

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	09.12.2010	087/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/921
-----------	---------------------

SAK 087/10 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 04.11.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-087/10 VEDTAK :

Møteprotokollen frå kommunestyret den 04.11.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	09.12.2010	088/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022	Arkivsaknr.: 08/342
--------------	---------------------

SAK 088/10 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISK VERV

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev Tore Helland fritak for resten av valperioden som:

- Medlem av kommunestyret
- Medlem av brukarutvalet
- Medlem av styringsgruppe for lokal samfunnsutvikling.
- Medlem i heimevernsnemnda
- 4. varamedlem av formannskapet
- 4. varamedlem av administrasjonsutvalet
- 4. varamedlem av fast utval for plansaker
- Varamedlem av Regionrådet, representantskapet

1. Vara i kommunestyret for Frp, Erlend Kvamsdal, rykkjer opp som fast kommunestyremedlem og til dei andre verva som Helland hadde.

Grunngjeving:

Tore Helland flyttar ut av Masfjorden kommune.

Heimel

Kommunelova § 15.2

Utskrift vert sendt:

Håkon Matre

5981 MASFJORDNES

KS-088/10 VEDTAK:

Kommunestyret gjev Tore Helland fritak for resten av valperioden som:

- Medlem av kommunestyret
- Medlem av brukarutvalet
- Medlem av styringsgruppe for lokal samfunnsutvikling.
- Medlem i heimevernsnemnda
- 4. varamedlem av formannskapet
- 4. varamedlem av administrasjonsutvalet
- 4. varamedlem av fast utval for plansaker
- Varamedlem av Regionrådet, representantskapet

2. Vara i kommunestyret for Frp, Erlend Kvamsdal, rykkjer opp som fast kommunestyremedlem og til dei andre verva som Helland hadde.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Erlend Kvamsdal, Frp, spurde om han var ugild i saka.

Det vart røysta over dette.

Kvamsdal vart samrøystes kjent gild.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	22.04.2008	Tore Helland	Søknad om fritak frå politiske verv i Masfjorden kommune
3	I	19.11.2010	Tore Helland	Søknad om fritak frå politiske verv i Masfjorden kommune frå 10.12.2010

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Grunngjeving:

Tore Helland har i brev av 22.04.08 søkt om fritak for politiske verv i Masfjorden kommune frå og med 24.04.08 sidan han då flyttar frå kommunen.

FAKTA

Etter kommunevalet 2007 vart Tore Helland, medlem av Frp, valt inn i desse utvala:

- Brukarutvalet: **Medlem**
- Formannskapet: **4. vara** (for H, KrF og Frp)
- Administrasjonsutvalet: **4. vara** (for H, KrF og Frp)
- Fast utval for plansaker: **4. vara** (for H, KrF og Frp)
- Heimevernsnemnd: **Medlem** (her er det ikkje valt inn vara)
- Styringsgruppe for lokal Samfunnsutvikling: **Medlem** (Vara er Willy Borge)
- Regionrådet, representantskapet: **Varamedlem** (Medl. er her KrF M. Steinestø)

VURDERING

I kommunelova § 15 pkt 2. står det:

”Kommunestyret kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet”.

Det seier seg sjølv at når nokon flyttar frå kommunen er det ikkje lett så skjønne sine plikter som folkevald.

Om det skal veljast inn ny medlem/varamedlem i dei ymse nemndene må kommunestyret ta stilling til.

I kommunestyret har Frp to medlemmer og 5 vararepresentantar, så der vil det vera naturleg at 1. vara som er Erlend Kvamsdal rykkjer opp som fast medlem. Dei andre vararepresentantane rykkjer då oppover i rekkefølge.

I formannskapet/fast utval for plansaker og administrasjonsutvalet har Frp Willy Borge som medlem. Når Tore Helland får fritak har Frp ikkje varamedlem i desse tre utvala.

Kommunestyret må ta stilling til om det skal veljast inn ny vara frå Frp.

Til brukarutvalet må det veljast nytt medlem.

Sidan dette er Frp sin kandidat bør vel Frp koma med framlegg på ny medlem her.

I heimevernsnemnda er det ikkje sett inn vara. Heimevernsnemnda har ikkje vore aktiv på lenge og det er knapt eit år til kommunevalet. Kommunestyret avgjer om ein skal velja ny medlem for resten av valperioden.

I Styringsgruppe for lokal samfunnsutvikling er Willy Borge vara. Det er vel naturleg at Borge går inn som medlem her.

Her er det vel naturleg at Frp må koma med framlegg på nytt varamedlem.

I Regionrådet, representantskapet er Marit Steinestø medlem.

Her må det vel veljast ny varamedlem i staden for Tore Helland.

KONKLUSJON

Kommunestyret gjev Tore Helland fritak som:

- Medlem av kommunestyret
- Medlem av brukarutvalet
- Medlem av styringsgruppe for lokal samfunnsutvikling.
- Medlem i heimevernsnemnda
- 4. varamedlem av formannskapet
- 4. varamedlem av administrasjonsutvalet
- 4. varamedlem av fast utval for plansaker
- Varamedlem av Regionrådet, representantskapet

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	30.11.2010	105/10	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	09.12.2010	089/10	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-010.1, N-536	Arkivsaknr.: 10/59
-----------------------	--------------------

SAK 89/10 - FORPROSJEKT FLEIRBRUKSHALL PÅ HOSTELAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek forprosjektrapport til vitring.
2. Masfjorden kommune arbeider vidare med planane om å få realisert fleirbrukshall ved Nordbygda skule.
3. Fleirbrukshallen vert plassert ved Nordbygda skule – konkret plassering vert avklara som del av kommuneplanarbeidet og reguleringsplan.
4. Omfang av tenester som skal tilknyttast anlegget vert å avklare med statlege instansar, private aktørar, næringsliv, lag og organisasjonar og Gulen kommune.
5. Fleirbrukshall jf. rapport vert ein kostnadskrevjande prosjekt for Masfjorden, og det vert i 2011 arbeid med finansiering for realisering av fleirbrukshall ved Nordbygda skule med tilrådingar i samband med økonomiplan 2012-15.

Finansiering

Heimel

FS-105/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Kommunestyret tek forprosjektrapport til vitring.
2. Masfjorden kommune arbeider vidare med planane om å få realisert fleirbrukshall ved Nordbygda skule.
3. Fleirbrukshallen vert plassert ved Nordbygda skule – konkret plassering vert avklara som del av kommuneplanarbeidet og reguleringsplan.
4. Omfang av tenester som skal tilknyttast anlegget vert å avklare med statlege instansar, private aktørar, næringsliv, lag og organisasjonar og Gulen kommune.
5. Fleirbrukshall jf. rapport vert ein kostnadskrevjande prosjekt for Masfjorden, og det vert i 2011 arbeid med finansiering for realisering av fleirbrukshall ved Nordbygda skule med tilrådingar i samband med økonomiplan 2012-15.

Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2010:

Orienteringsmøte om fleirbrukshall vart halde på klubbhuset på idrettsbana på Hosteland same dagen som formannskapsmøtet.

Arkitekt Helge Christiansen og kommunalsjef Ørnulf Lillestøl var tilstades og hadde ei grundig orientering om forprosjektet/skisseløysinga over fleirbrukshall som Christiansen hadde laga på oppdrag frå Masfjorden kommune.

Etter orienteringsmøtet vart det høve til å stilla spørsmål.

Formannskapsmøtet vart sett for å handsama saka om fleirbrukshall.

Dina Dyrhovden hadde fått permisjon frå møtet før denne saka starta.

Laila S. Reknes møtte som vara.

Saka vart drøfta.

Formannskapet gav uttrykk for at dei var positive til forprosjektet og at kommunen måtte arbeida vidare med planane. Det var sett positivt på løysinga med med fleire byggetrinn alt etter behov og økonomi.

Willy Borge, Frp, spurde om det skulle vore tilført eit nytt pkt i saka om at det måtte setjast ned ei tverrfagleg styringsgruppe dersom det vart positivt vedtak i saka.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at i denne saka handlar det blant anna om å få avklara ting med andre kommunar. Dersom ein vel å gå inn for dette må det gjerast på toppnivå. Det vil då vera formannskapet som har størst tyngde til å ta denne saka vidare.

Ordfører Håkon Matre sa seg samd med rådmannen i at formannskapet vart prosjektgruppe for å arbeida vidare med denne saka.

Dei andre formannskapsmedlemmene slutta seg til dette.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-089/10 VEDTAK :

1. Kommunestyret tek forprosjektrapport til vitring.
2. Masfjorden kommune arbeider vidare med planane om å få realisert fleirbrukshall ved Nordbygda skule.
3. Fleirbrukshallen vert plassert ved Nordbygda skule – konkret plassering vert avklara som del av kommuneplanarbeidet og reguleringsplan.
4. Omfang av tenester som skal tilknyttast anlegget vert å avklare med statlege instansar, private aktørar, næringsliv, lag og organisasjonar og Gulen kommune.
5. Fleirbrukshall jf. rapport vert ein kostnadskrevjande prosjekt for Masfjorden, og det vert i 2011 arbeid med finansiering for realisering av fleirbrukshall ved Nordbygda skule med tilrådingar i samband med økonomiplan 2012-15.
6. Formannskapet vert styringsgruppe.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordførar orienterte om saka og formannskapet si handsaming den 30.11.10 der og kommunestyremedlemmene var invitert til orienteringa som vart halde i forkant av formannskapsmøtet.

Saka vart no drøfta.

Liv Oda Dale, Ap, og leiar i Hostelandsgruppa, sa at det er ei god sak som er lagt fram for kommunestyret i dag. Hostelandsgruppa skulle vere ei gruppe for Hosteland, men og for heile kommunen. Gruppa fekk i oppdrag å tenkje minst 20 år fram i tid. Me har spelt inn behov for areal til fleirbrukshall på Hosteland Aust og næringsareal på Hosteland Vest. Det som er gjort til no er i tråd med det som Hostelandsgruppa har kome med innspel om.

Det er kjempeviktig at me set arealet for fleirbrukshall inn i kommuneplanen som no er under rullering.

Dale sa at ho håpar at kommunestyret kan semjast om tilrådinga frå formannskapet.

Frode Langhelle, H, sette fram slikt endringsframlegg frå Høgre:

1. Kommunestyret tek forprosjektet til vitring.
2. Fleirbrukshall, jfr. rapport, vert eit altfor kostnadskrevjande prosjekt for Masfjorden kommune åleine. Det vert arbeidd vidare i 2011 med avklaringar omkring moglege samarbeidskonstellasjonar og finansiering for å kunne realisere fleirbrukshall med

tilrådingar i samband med kommuneplan og prioriteringar i økonomiplan frå 2012 – 2015.

- 3. Omfanget av tenester som kn tilknyttast ein fleirbrukshall må avklarast med statlege og fylkeskommunale instansar, Gulen kommune, private aktørar, næringsliv, idrettsråd og andre lag og organisasjonar.*
- 4. Det vert oppretta ei arbeidsgruppe for å arbeida med avklaringane:*
 - Ein frå formannskapet*
 - Ein frå rådmannen*
 - Ein frå idrettsrådet*
 - Ein frå Masfjorden Næringsforum*
 - Ein frå kommunelegen**Gulen kommune vert invitert med i prosessen og å tilsutte seg gruppa. Vedtar dei det, er det naturleg at dei sluttar seg til med tilsvarande representantar.*
- 5. Arbeidsgruppa kan, etter godkjenning frå rådmannen, bruka unytta midlar frå løyvinga i sak 029/10 med ramme kr. 300.000.*
- 6. Arbeidsgruppa legg fram innstilling til arealplanen for Masfjorden og kommunedelplan for Steine – Sløvåg for kommunestyret innan planane skal handsamast politisk.*
- 7. Formannskapet er styringsgruppe for prosjektet. Vert det eit samarbeid med Gulen, vil styringsgruppa bli reetablert med representantar for begge formannskapa.*
- 8. Dersom det ikkje er aktuelt å realisera fleirbrukshall som eit interkommunalt anlegg, vil Masfjorden kommune vurdere ei løysing med ein mindre idrettshall i tilknytning til Sentralidrettsanlegget på Hosteland og Nordbygda skule. Behov, storleik og plassring må drøftast med idrettsrådet og andre brukarrepresentantar.*

Vigdis Søvik, Sp, sa at de me skal ta stilling til i dag er ikkje at me skal byggja fleirbrukshall, men om me skal vedta eit prosjekt som skal utgreia nærare om det let seg gjera å få dette til med omsyn til areal, kostnader, driftsutgifter osv.

Søvik sa at Sp støttar formannskapet si tilråding. Ho presiserte at det er viktig å halda seg innanfor ei økonomisk ramme.

Søvik gjorde framlegg om eit tilleggspunkt til vedtaket:

Formannskapet vert styringsgruppe for prosjektet.

Leila T. Andvik, V, sa at ingen frå Venstre var på orienteringa de 30.11.2010.

Andvik sa at det her er snakk om store kostnader og stilte spørsmål om kommunen vil klara å byggja og driva ein slik hall utan å skjera ned på andre tilbod.

Andvik spurde om kommunen kan klara å driva fleire store prosjekt samstundes.

For Venstre sin del vil bruprojektet ha fyrste prioritet til å gå vidare med.

Venstre vil gå inn for at saka blir utgreidd vidare og vil gå for Høgre sitt framlegg bortsett frå pkt 6.

Marit Steinestø, KrF, sa at KrF ynskjer at det skal jobbast vidare med saka og å sjå kva samarbeidspartnarar ein kan få med på laget.

KrF vil gå for Høgre sitt framlegg bortsett frå pkt 6. Pkt 8 treng heller ikkje vera med no.

Willy Borge og Erlend Kvamsdal sa at Frp vil gå for formannskapet si tilråding og dei støtta det som Dale sa om at arealet måtte inn i kommuneplanen.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Sp sitt framlegg til tilleggspunkt om at formannskapet vert styringsgruppe.

Dette vart samrøystes vedteke.

Høgre sitt endringsframlegg og tilrådinga frå formannskapet vart røysta opp mot kvarandre.

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 10 mot 7 røyster. (H, to frå Ap og ein frå Venstre)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	08.06.2010	Gulen kommune	Forespurnad samarbeid om fleirbrukshall og tenester i tilknytning til denne
4	I	23.06.2010	Gulen kommune v/ordførar Trude Brosvik	Forespurnad om fleirbrukshall og tenester i tilknytning til denne
5	I	23.07.2010	Sivilarkitekt Helge Christiansen as	Oppdragsbekreftelse
1	U	22.11.2010	Norconsult	Val av plassering av fleirbrukshall
7	I	23.11.2010	Sivilarkitekt Helge Christiansen AS	Masfjorden fleirbrukshall - rapport /utgreiing

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Oppdrag til rådmannen

Vedtak 29.94.10 sak 029/10 i kommunestyret:

Kommunestyret ber rådmannen utarbeida eit forprosjekt for bygging av fleirbrukshall på Hosteland.

Forprosjektet skal innehalde;

- 1. Tilråding til funksjonar**
- 2. Tilråding romprogram med skisse utforming og storleik**
- 3. Kostnadskalkylar og kommunalt finansieringsbehov**

Framlegg til konkret plassering ved Nordbygda skule vert å innarbeide i arbeidet med kommuneplan.

Forprosjektet skal utarbeidast innanfor ei kostnadsramme på totalt 300.000,- og leverast kommunestyret i desember 2010.

Handtering av vedtaket

Prosess

Svært mange aktørar har interesse av og er involvert i spørsmål om fleirbrukshall og tenester tilknytta denne. Nokre av dei er omtala i kommunestyresaka. Desse er orientert om utforming av planane og har hatt mulighet til å påverke undervegs. Det må understreka at føreliggjande skisser ikkje er på eit slikt nivå at dei er gjennomarbeidd som ein til vanleg gjennomfører i eit prosjekteringsarbeid. Det viktige her er plassering i høve andre funksjonar, storleiksrammer til funksjonen, tilkomst osv. Seinare detaljplanlegging vil skje i samarbeid med aktuell avdeling/teneste. I tillegg er det internt med ulike fag og avdelingar gjennomført orienteringar og drøftingar. Her er kort oppsummert dei viktigaste eksterne;

NAV lokalt er orientert om planane. NAV er over tid orientert om planar om nytt areal. Vi har tilpassa eksisterande leigeavtale til framdrift i dette arbeidet. Vi har ikkje forhandla eller vurdert konkret leigeavtale i høve eit nytt anlegg.

Politi er i mindre grad orientert om planane. Det vert no gjennomført strukturvurderingar og strukturendringar her. Kommunen bør vurdere å vende seg til politiet med ynskje/tilbod om samarbeid om egna lokalitetar.

Gulen kommune er orientert om planane administrativt.

Privat fysio- og treningsstudio er orientert om planane. Det er ikkje drøfta eller forhandla leigeavtaler.

Næringsliv ellers er ikkje orientert om planane.

Idrettsrådet er orientert om planane.

Grunneigar i aktuelt område er orientert om planane. Ordførar fann dette rimeleg då kommuneplanarbeidet der dette er ein del, er utsett til etter denne saka skal handsamast i formannskap og kommunestyre.

Fylkeskommunen er orientert om planane. Dei finn dette svært interessant både ut frå eit folkehelseperspektiv, spørsmål om bulyst og ved at vårt område er snart det einaste i fylket utan denne type anlegg.

Det vart også i kommunestyret formidla at rådmannen vil nytte ekstern kompetanse for å greie ut prosjektet. Vi har nytta siv. Ark Helge Christiansen til dette arbeidet. Han har lang og brei erfaring frå denne type prosjekt. Rådmannen har også erfaring frå samarbeid med han ved planlegging av bygging av sjukeheim på Masfjordnes og Hosteland.

FRAMSTILLING AV MULIGHEITER

I starten av prosessen arbeidde vi med å framstille prosjektet i ulike alternativ. Alternativ med ulike tenester tilknytt slik at kommunestyret kunne velje det alternativet som er politisk og økonomisk gjennomførbart. Vi såg etter kvart at dette ville vere problematisk. Det vil vere nokre år til vi uansett kan starte bygging og ein del føresetnader vil vi ikkje kunne ha formelt klarlagt. Dette gjeld økonomiske føresetnader som leigeavtaler med eksterne, samarbeid med næringsliv og samarbeid med nabokommune.

Rådmannen endra då i samarbeid med arkitekt strategi for korleis dette kan framstillast. Som ein ser er prosjektet framstilt som ei trinnvis utbygging som fylgjer av dei signal som er gjeve av kommunestyret der fleirbrukshallen er ”trinn 1”. Framstillinga viser då trinnvis utbygging som må tilpassast grad av ekstern medverknad frå bla NAV, Politi og andre leigetakarar, fylkeskommune (tilskot) næringsliv, lag og organisasjonar (dugnad osv) og nabokommune.

Tilrådingar og vurderingar frå rådmannen jmf kommunestyrevedtak

1. Tilråding funksjonar

Som nemnt over vil dimensjonering og framdrift vere avhengig av andre instansar sin medverknad. Ein fleirbrukshall vil etter kalkylane ha ein nettokostnad for kommunen på om lag 20 mill. etter at tilskot og mva kompensasjon er fråtrekt (10 mill mva komp og ca totalt 10 mill fylkeskommune/tippemidlar). I eit folkehelseperspektiv skulle vi også i fyrste trinn bygd fysio/trening/rehab funksjon. Dette ville gitt ein unik ”base” for kopling mellom den faglege, den sosiale, den idrettsmessige og den private arena for aktivitet.

Målsetjing må elles vere at det vert framforhandla leigeavtalar som dekkjer kapitalkostnader ved utbygging til NAV og evt politi og evt andre eksterne leigetakarar.

2. Romprogram

Dette fylgjer av skissene utarbeida av arkitekt.

3. Kostnads kalkylar

Kostnads kalkylar for ulike byggetrinn går fram av utgreiing frå arkitekt. I samtalar med fylkeskommunen kan vi rekne med 7 mill til hall, 1.1 mill til andre rom og tilskot til kommunar som ikkje har vidaregåande skule. Til saman om lag 10 mill til halldelen.

Til fysio/rehab/treningssenter delen vil det vere vanskeleg å berekne særleg husleigeinntekt utover det som er nivået i dag. (100.000 +)

Omfang av denne delen vil også avhenge av om vi kan samarbeide med Gulen om desse tenestene.

For trinn 2 vil dei økonomiske konsekvensane verte avklart ved drøftingar med eksterne leigetakarar. Som nemnt over er situasjonen i politiet uavklart og det kan vere aktuelt å vurdere andre areal til erstatning for politi i dette trinnet.

I trinn 3 vil kostnader ved legekantor tilkomme. Dette vil vere netto kommunal kostnad og etter rådmannen sin vurdering vere avhengig av ekstern medverknad. Dette kan vere samarbeid med Gulen eller at næringsliv deltek.

Trinn 4 og 5 krev samarbeid med Gulen og viser kva muligheiter og kostnadsperspektiv som ligg i dette.

Framdrift

Rådmannen skisserer her muleg framdriftsplan for det vidare arbeidet;

2011/2012: Kommuneplan og reguleringsplanarbeid

Formelle prosessar knytt til spørsmål om plassering av anlegget.

2011/2012: Fylkeskommune og tilskot

Innarbeide i kommunedelplan. Innan 15.11.11 sende søknad om forhandsgodkjenning og innan 15.01.12 sende søknad om spelemidlar. (3 - 4 år frå søknad til utbetaling)

2011 - ?: Avklare samarbeidspotensiale med Gulen kommune
Politisk prosess.

2011: Avklare evt medverknad frå næringsliv

2011: Avklare muligheit og avgrensingar for areal og kostnader i samarbeid med NAV, Politi og evt andre.

2012- 2013: Ta stilling til oppstart. Krev forskottering av spelemidlar.

2013- 2014: Forprosjekt, detaljprosjektering, førebuing anbod

2014-2015: Oppstart bygging

KONKLUSJON

Rådmannen tilrår at det vert vedteke å byggje fleirbrukshall ved Nordbygda skule. Omfanget av anlegg utover sjølve hallen (i sakstilfang omtala som byggetrinn 0) må avklarast nærare.

Eit slikt vedtak vil gje rådmannen grunnlag for å vurdere plassering av hall i kommuneplanarbeidet, førebu endringar i kommunedelplan for idrett og førebu søknad om spelemidlar.

Eit slikt vedtak vil også gje grunnlag for å avklare muligheiter og avgrensingar i samarbeid med eksterne instansar for husleige, tilskot osv for å finansiere tenester utover ein rein fleirbrukshall.

Fleirbrukshall jf. rapport vert ein kostnadskevjangende prosjekt for Masfjorden, og det må i 2011 arbeidast med finansiering for realisering av fleirbrukshall ved Nordbygda skule med tilrådingar i samband med økonomiplan 2012-15.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	30.11.2010	104/10	Alf Strand
Kommunestyret	09.12.2010	090/10	Alf Strand

Arkiv: N-101.5	Arkivsaknr.: 10/783
----------------	---------------------

SAK 090/10 - KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET, HANDLINGSPLAN FOR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2011 slik det ligg føre.

Finansiering

Kommunal finansiering må vedtakast i budsjettet for kvart anlegg.

FS-104/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2011 slik det ligg føre med denne endringa:

Matre symjebasseng vert ført opp som nr 3 på prioriteringslista under A ordinære anlegg. Dei andre anlegga blir forskyve nedover i rekkefylgje.

A Ordinære anlegg:

1. Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg
2. Miniatyrskytebane på Sandnes – elektroniske skiver
3. Matre symjebasseng
4. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg
5. Lysløype/turveg på Sleire
6. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
7. Alpinanlegg Stordalen, utviding av snøproduksjon

Finansiering

Kommunal finansiering må vedtakast i budsjettet for kvart anlegg.

Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2010:

Rådgjever Alf Strand orienterte om saka. Innspel frå Risnes idrettslag kom inn etter at saka var skriven. Dette er det einaste innspelet som er kome til saka.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Det vart drøfta om symjebassenget skulle vore inne som nr 1 på prioriteringslista.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at klubbhuset bør stå som nr 1 sidan kommunen er inne som långjever.

Willy Borge, Frp, spurde om fleirbrukshall som står under C anlegg som må prioriterast, skulle vore ført opp under A ordinære anlegg.

Rådgjever Alf Strand orienterte om at det vil koma ein ny 4 års idrettsplan på høyring i januar 2011. Planen vil koma til handsaming i formannskap og kommunestyre i april.

Ordførar konkluderte med at det ikkje ville ha noko for seg å gjera for mange endringar på lista sidan ein får planen til ny handsaming i april 2011. Det må då i så fall vera at symjebassenget på Matre kjem inn på prioriteringslista.

Marit Steinestø, KrF, gjorde framlegg om at Matre symjebasseng vart sett inn som nr 3 på prioriteringslista under A ordinære anlegg.

Røysting:

Framlegg til vedtak med tilleggsframlegget frå KrF vart samrøystes vedteke.

KS-090/10 VEDTAK :

Kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2011 slik det ligg føre med denne endringa:

Matre symjebasseng vert ført opp som nr 3 på prioriteringslista under A ordinære anlegg.

Dei andre anlegga blir forskyve nedover i rekkefylgje.

A Ordinære anlegg:

- 1. Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg**
- 2. Miniatyrskyttebane på Sandnes – elektroniske skiver**
- 3. Matre symjebasseng**
- 4. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg**
- 5. Lysløype/turveg på Sleire**
- 6. Alpinanlegg Stordalen, utviding av snøproduksjon**

Finansiering

Kommunal finansiering må vedtakast i budsjettet for kvart anlegg.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Saka vart drøfta.

Leila T. Andvik, V, spurde om A Ordinære anlegg og nr 6 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage då ho ikkje hadde høyrte noko om dette.

Ordførar Håkon Matre sa at denne turstien kom inn på lista i fjor, men han kunne ikkje svara nærare på spørsmålet frå Andvik.

John Torsvik, leiar i idrettsrådet sa at denne turvegen har kome som innspel frå administrasjonen, men den har kome inn på sida i den vanlege prosessen.

Liv Oda Dale, Ap, sa at ho føl Venstre i hennar tankegang om at dette verkar litt merkeleg. Det er vanleg at idrettsrådet skal uttala seg før tiltak kjem inn på lista.

Leila T. Andvik, V, sette fram forslag om at pkt 6 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage vert stroke av lista og behandla som eiga sak.

Røysting:

Endringsframlegget frå Venstre vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over tilrådinga frå formannskapet utan pkt 6.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	22.10.2010	Idrettsrådet	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007-2010, handlingsplan 2011

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	22.10.2010	Idrettsrådet	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007-2010, handlingsplan 2011
4	I	23.11.2010	Risnes Idrettslag v/Aud Berit Sleire	Innspel til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

BAKGRUNN

I samband med søknader om spelemidler må kommunestyret kvart år vedta ei prioriteringsliste over anlegg som det kan søkjast spelemidler til. I sak 85/09 vedtok kommunestyret 08.12.2009 følgjande handlingsprogram for 2010:

A Ordinære anlegg

1. Alpinanlegg Stordalen, snøproduksjon
2. Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg
3. Miniatyrskyttebane på Sandnes, - elektroniske skiver
4. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg
5. Lysløype/turveg på Sleire
6. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet A, 1-6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

B Nærmiljøanlegg

- 1 Nordbygda skule, fritidspark
- 2 Matre skule, fritidspark
- 3 Ballbinge på Sørsida
- 4 Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes
- 5 Orienteringskart for områda rundt skulane
- 6 Sykkelcrossbaner
- 7 Skileikeanlegg

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 2, 3 og 4 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 4 er eit tiltak som kjem i staden for den tidlegare planlagde minigolfbana.

Minigolfbane får ein ikkje spelemidlar til. Skulen vurderer kva type anlegg ein kan ha på det aktuelle området.

C Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:

- 1 Fleirbrukshall
- 2 Vassportanlegg
- 3 Krøllgras 7-ar-bane på Matre

LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5-12 ÅR)**A Ordinære anlegg**

Her er ikkje kome framlegg om nye anlegg.

B Nærmiljøanlegg

- 1 Vidareutvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
- 2 Tennisbane på Matre
- 3 Ballbingar i nye byggjefelt

Høyring

Idrettsrådet er innstilt på å halda på dei vedtekne prioriteringane for 2010 også for 2011.

FAKTA/VURDERING

Av dei prioriterte anlegga fekk pkt. A 1 i Stordalen spelemidlar i år. Det vart i tillegg søkt om spelemidlar til pkt. A2 Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg og pkt. A3 elektroniske skiver til Fjon skyttarlag, men desse kom ikkje høgt nok på prioriteringslista hjå fylkeskommunen, så det vart avslag på spelemidlar for desse to anlegga i 2010. Det har ikkje vorte søkt om midlar til ordinære nærmiljøanlegg i 2010.

Rådmannen meiner at ein må prioritera høgast dei anlegg ein søkte, men ikkje fekk midlar til i 2010. Sjølv om anlegga er bygde, er spelemidlane ein så viktig del av finansieringa at desse anlegga framleis må stå på den kommunale prioriteringslista.

Rådmannen går som følgje av dette inn for følgjande handlingsprogram for 2011:**A Ordinære anlegg**

8. Klubbhus Nordbygda idrettsanlegg
9. Miniatyrskyttebane på Sandnes – elektroniske skiver
10. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg
11. Lysløype/turveg på Sleire
12. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
13. Alpinanlegg Stordalen, utviding av snøproduksjon

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet A, 1-6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

B Nærmiljøanlegg

1. Nordbygda skule, fritidspark
2. Matre skule, fritidspark
3. Ballbinge på Sørsida
4. Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes
5. Orienteringskart for områda rundt skulane
6. Sykkelcrossbaner
7. Skileikeanlegg

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 2, 3 og 4 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

C Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:

- 1 Fleirbrukshall
- 2 Vassportanlegg
- 3 Krøllgras-7-ar-bane på Matre
- 4 Krøllgras-7-ar-bane på Sandnes

LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5-12 ÅR)**A Ordinære anlegg**

Her er ikkje kome framlegg om nye anlegg.

B Nærmiljøanlegg

- 1 Vidareutvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
- 2 Tennisbane på Matre
- 3 Ballbingar i nye byggjefelt

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2011 slik det ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	09.12.2010	091/10	Alf Strand

Arkiv: N-211, N-101.5	Arkivsaknr.: 10/858
-----------------------	---------------------

SAK 091/10 - BARNEHAGEPLAN FOR 2010 TIL 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til barnehageplan for perioden 2010- 2013 vert vedteke med dei endringsframlegga som rådmannen har lagt til etter høyringsrunden.

Finansiering

Heimel

KS-091/10 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Terje Sætre fekk no permisjon frå møtet, og deltok ikkje på handsaming av denne saka.

Liv Oda Dale etterlyste barnehageplanen og sa at den låg ikkje ved sakspapira.

Dale gjorde framlegg om at saka vart utsett til neste møte.

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vigdis Søvik ba no om permisjon frå resten av møtet, det vil sei sak 92/10 Høyring opplæringslova og sak 97/10 Kommunestrukturprosjektet.

Ordførar Håkon Matre innvilga permisjonen

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	26.11.2010	Indre Masfjorden barnehage	Høyringsuttale barnehageplan 2010-2013 i møte i samarbeidsutvalet 24.11.10 i Indre Masfjorden barnehage
4	I	01.12.2010	styrar Anita Solheim	Høyringsuttale til barnehageplan frå Samarbeidsutvalet og personalet i Nordbygda og Sandnes barnehage og 10 BL Uttale barnehageplan
5	I	01.12.2010	rektor Berit Lygre	Uttale til høyring barnehageplan 2010 - 2013
6	I	02.12.2010	Utdanningsforbundet Masfjorden	

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Rådmannen har laga eit utkast til barnehageplan for perioden 2010 -2013. Planen byggjer på det arbeidet ein har gjort dei siste åra med å få til eit godt samarbeid mellom barnehagane og prøva å gje eit mest mogleg likeverdig tilbod til alle barnehageborn i Masfjorden kommune. Det utsende høyringsutkastet byggjer og på framlegget til barnehageplan som det pedagogiske personalet i barnehagane har arbeidd fram på fellesmøte i haust.

Rådmannen har i sitt utkast til plan lagt vekt på at barnehagen er ein del av utdanningsløpet. Frå sentralt hald er det lagt stor vekt på overgangen frå barnehage til skule med tanke på å sikra alle born ein god skulestart. Her hjå oss har me gjennom prosjektet ”Tidleg tiltak – varig verknad” fått til eit godt samarbeid mellom skule og barnehage. Me har hatt felles kursing for personale i barnehage og småskule, og me har lagt opp til at personalet både i barnehagen og småskulen skal vera godt informert om korleis det blir arbeidd på kvar plass. Dette er tiltak me må byggja vidare på.

Rådmannen har vidare vore oppteken av at dette skal vera ein plan for korleis borna skal ha det i barnehagane i Masfjorden, korleis me kan gje dei eit best mogleg tilbod. Difor har planen innanfor alle satsingsområde mål som fortel om kva barnehagen skal gje borna. Planen må leggja opp til at barnehagen skal gje det einskilde barn ei god utvikling. I metodane me skal bruka for å nå måla, er det m.a lagt vekt på både skulering av dei tilsette, eit godt utvikla samarbeid barnehagane imellom og samarbeid mellom barnehage og heim.

HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til barnehageplan for perioden 2010-2013 vart send ut på høyring 10.11 med høyringsfrist 30.11. 2010. Det har kome inn innspel til høyringsutkastet.

UTTALE

Det har kome inn følgjande innspel til høyringsutkastet:

Samarbeidsutvalet i Indre Masfjorden barnehage:

Ønskjer å endra eit punkt under satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle: **Me har ein styrar i kvar barnehage som samarbeider**

Under Samarbeid med skulen vil dei ha ført på som metode: **Overgangssamtalar i mai/juni**

Rektor Berit Lygre:

Ønskjer eit ekstra punkt under Uteliv:

- **Dei eldste barna i barnehagen har samarbeid med dei yngste elevane på skulen på dette området**

Framlegg til ny målformulering under satsingsfeltet Samarbeid med skulen:

Sikra ein god overgang til skulen og best mogleg kontinuitet og samanheng i opplæringsløpet til borna.

Framlegg til tillegg til kulepunkt 2 under same satsingsfeltet:

Kvart oppvekstområde lagar ein eigen årsplan for samarbeidet kvart år. **Denne årsplanen skal omfatta arbeid med sosial, motorisk og fagleg utvikling.**

Samarbeidsutvalet i Nordbygda barnehage har ingen særlege merknader til planen

Samarbeidsutvalet i Sandnes barnehage:

Ønskjer å endra siste del av hovudmålet slik: **Gjennom tverrfagleg, tverretatleg samarbeid, gjennom observasjon og god dialog med føresette skal barnehagen sikra at alle born også er best mogleg rusta til å begynna på skulen ved oppnådd skulealder.**

Nytt kulepunkt under satsingsområdet Uteliv:

- **utnytta menneskelege ressursar i foreldregruppa og nærmiljøet for å gje borna gode opplevingar knytt til satsingsområdet.**

Personalet i Nordbygda og Sandnes barnehagar:

Meiner at det er for lange setningar i hovudmålet. Vil endra ordet **kartlegging** til **observasjon**. Det må stå noko i planen korleis me kartlegg/observerer i barnehagen.

Barnehagen har verdi i seg sjølv, ikkje berre som førebuing til skulen.

Satsingsområdet God læring og utvikling hjå alle barn

Må få inn eit punkt om observasjon/kartlegging av barn

Framtidig samarbeid med Kjell Stien må konkretiserast

Satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle

Nytt punkt: Ein styrar i kvar barnehage som samarbeider

Satsingsområdet Samarbeid med skulen

Samarbeid om kriterier for kartlegging av skrivedans

Overgangssamtalar, fadderordning, hospitering av 1. klasselærer, førskuledagar

Utdanningsforbundet Masfjorden:

Er spørjande til at det er lagt vekt på kartlegging i hovudmålet

Satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle:

Me har ein styrar i kvar barnehage

Nytt kulepunkt: **Me jobbar mot å styrka den pedagogiske bemanninga i kvar avdeling**

VURDERING

Rådmannen har sett på og vurdert dei ulike innspela som har kome og har funne mange gode framlegg som bør inn i planen i staden for eller i tillegg til punkt som står i høyringsutkastet. Barnehageplanen er ein overordna plan som skal visa retninga for det arbeidet som skjer i barnehagane. Ein del av merknadene som er komne inn, er så pass detaljerte at dei må takast inn i den einskilde barnehage sine planar heller enn i ein kommunal plan. Rådmannen tek ikkje no stilling til kor mange barnehagestyrarar me skal ha. Dette spørsmålet vil verta teke opp i si fulle breidde tidleg i 2011.

Framlegg til endringar er tekne inn i den rekkefølga dei har i planen:

a) Hovudmål: Endringsframlegget frå samarbeidsutvalet i Sandnes barnehage vert teke inn i planen i staden for den siste setninga i rådmannen sitt utkast. Då har ein og fått bakt inn dei same synspunkta frå personalet i Sandnes og Nordbygda barnehagar og Utdanningsforbundet. Det nye hovudmålet vil då lyda slik:

Hovudmål: Barnehagane i Masfjorden er pedagogiske verksemdar der borna gjennom lek, opplevingar og samspel med andre skal få utfordringar som passar for den einaskilde fysisk, motorisk og mentalt, få oppleva meistring i samsvar med alder og utvikling og få hjelp til å bli trygge på seg sjøve og omgivnadene. Gjennom tverrfagleg, tverretatleg samarbeid, gjennom observasjon og god dialog med føresette skal barnehagen sikra at alle born også er best mogleg rusta til å begynna på skulen ved oppnådd skulealder.

b) Satsingsområdet God læring og utvikling hjå alle barn

Nytt kulepunkt i tillegg: **Systematisk observasjon av borna i ulike situasjonar**

c) Satsingsområdet Uteliv

Nytt kulepunkt: **Dei eldste borna i barnehagen har samarbeid med dei yngste elevane på skulen på dette området**

Nytt kulepunkt: **Utnytta menneskelege ressursar i foreldregruppa og nærmiljøet for å gje borna gode opplevingar knytt til satsingsområdet.**

d) Satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle

Rådmannen kan tenkja seg å endra overskrifta til: **Ein barnehage med plass for alle og rom for kvar einaskild.** Ein får då teke meir høgde for at det er eigne individ, små personlegdomar, me har med å gjera i barnehagen.

e) Satsingsområdet Samarbeid med skulen

Ny målformulering: **Sikra ein god overgang til skulen og best mogleg kontinuitet og samanheng i opplæringsløpet til borna.**

Tillegg til kulepunkt 2: **Denne årsplanen skal omfatta arbeid med sosial, motorisk og fagleg utvikling.**

Tillegg til kulepunkt 4:

Desse opplegga omfattar overgangssamtalar, fadderordning, hospitering av 1. klasselærar, førskuledagar

KONKLUSJON

Framlegget til kommunal barnehageplan for perioden 2010- 2013 vert vedteke med dei endringsframlegga som er nemnt under vurdering i saksutgreiinga.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	09.12.2010	092/10	Alf Strand

Arkiv: N-211, N-210	Arkivsaknr.: 08/946
---------------------	---------------------

SAK 092/10 - HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA OG PRIVATSKULELOVA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre er orientert om framlegget til endringer i Opplæringslova når det gjeld kompetansekrav for å kunna undervisa i grunnskule og vidaregåande utdanning. Kommunestyret er glad for at det i lovteksten er lagt til rette for at ikkje små ungdomsskular skal komma dårleg ut. Utover dette har kommunestyret ingen merknader.

Finansiering

Heimel

KS-092/10 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre er orientert om framlegget til endringer i Opplæringslova når det gjeld kompetansekrav for å kunna undervisa i grunnskule og vidaregåande utdanning. Kommunestyret er glad for at det i lovteksten er lagt til rette for at ikkje små ungdomsskular skal komma dårleg ut. Utover dette har kommunestyret ingen merknader.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.11.2009	Kunnskapsdepartementet	Høyringsnotat om endringar i barnehagelova - endringar i barnehagelova som fylgje av ny førmålsbestemmelse
2	I	20.10.2010	Kunnskapsdepartementet	Høring fra Kunnskapsdepartementet - forslag til endringer i opplæringslov og privatskolelov - Kompetanseregler m.m.

BAKGRUNN/ FAKTA

Kunnskapsdepartementet har laga framlegg til endringar i Opplæringslova og sendt dei ut på høyring. Høyringsframlegget inneheld framlegg til fleire endringar i lova, men det som er av interesse for oss, gjeld framlegget om å innføra krav om kompetanse for undervisning. Forsking viser at god fagleg og metodisk kompetanse er nødvendig for den som skal undervisa i grunnskulen og vidaregåande opplæring. Ei undersøking viser at det er samanheng mellom lærarane sin formelle kompetanse og dei resultata elevane oppnår. Difor er lærarutdanninga lagt om frå hausten 2010. Det blir meir spesialisering slik at dei studentane som har begynt på lærarutdanninga i haust, vil få ei utdanning som er tilpassa det å vera lærar anten i 1.-7. klasse eller 5.-10. klasse når dei er ferdige våren 2014. Lærarutdanninga vil òg få ei større grad av fagleg fordjuping. Framtidige lærarar på ungdomssteget vil som hovudregel ha 60 studiepoeng i tre undervisningsfag. Lærarar på barnesteget vil ha 30 studiepoeng i tre undervisningsfag og 60 studiepoeng i eit fag.

Frå 1. august 2008 er det sett krav om 60 studiepoeng i faget for å bli tilsett for å undervisa i norsk, matematikk og engelsk på ungdomssteget. Med dei endringane som er føreslått, vil regjeringa lovfesta krav om relevant kompetanse for å **undervisa**, ikkje berre kompetansekrav for å **bli tilsett**, slik lovtæksten i dag lyder.

Dei gjeldande paragrafane i lov og forskrift lyder slik:

§ 10-1. Kompetansekrav for undervisningspersonell

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen og i den vidaregåande skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse.

Departementet gir nærmare forskrifter om krav til utdanning og praksis for den som skal tilsetjast i undervisningsstillingar på ulike årssteg og i ulike skoleslag.

§ 10-5. Val mellom fleire søkjarar

Når ein må velje mellom fleire søkjarar til den same stillinga, skal det leggjast vekt på utdanning og praksis, kva undervisningsbehov tilsetjinga skal ta sikte på å dekkje, og kor kvalifisert søkjaren elles er for stillinga.

§ 10-6. Mellombels tilsetjing

Dersom det ikkje er søkjarar som fyller dei kompetansekrava som er fastsette i denne lova, kan andre tilsetjast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli.

2.2.2 Forskrift til opplæringslova kap. 14

§ 14-1. Krav til pedagogisk kompetanse

Alle som skal tilsetjast i undervisningsstilling, må ha pedagogisk bakgrunn i samsvar med krava i rammeplanane for lærarutdanningane med forskrifter, jf. lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler § 3-2 andre ledd, eller ha tilsvarande pedagogisk kompetanse.

§ 14-5. Tilsetjing på vilkår

Når det til utlyst full stilling eller delstilling i yrkesfag ikkje melder seg søkjar som fyller kompetansekrava, kan søkjar som fyller dei faglege krava, men manglar pedagogisk eller yrkesteoretisk utdanning, tilsetjast på det vilkår at utdanninga blir fullført.

Når det til full stilling eller delstilling i morsmål ikkje melder seg søkjar som fyller kompetansekrava, kan søkjar som fyller dei faglege krava, men manglar pedagogisk utdanning, tilsetjast på det vilkår at utdanninga blir fullført.

Arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler lengda på tilsetjing på vilkår. Det skal da takast omsyn til omfanget av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgjengeleg utdanningstilbodet er.

§ 14-9. Tidlegare godkjend utdanning og overgangsordningar

Alle som har utdanning som lærar etter tidlegare reglar, eller som har fått dispensasjon frå tidlegare lærarutdanningskrav, vil framleis ha gyldig kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling.

Studentar som har starta førskulelærarutdanning seinast hausten 2007 vil ved fullføring av si førskulelærarutdanning ha gyldig kompetanse for å bli tilsett på 1. årstrinn i grunnskolen utan å ha slik vidareutdanning som er krevd i § 14-2, a).

Studentar som har starta allmennlærarutdanning seinast hausten 2006 vil ved fullføring av si allmennlærarutdanning ha gyldig kompetanse for å bli tilsett i faga norsk, matematikk eller engelsk på ungdomstrinnet utan å ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning i tilsetjingsfaget, jf. § 14-2, b).

Ny § 10-1 Kompetansekrav for undervisningspersonale. Framlegg til ny lovtekst står **med utheva skrift**.

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen og den vidaregåande skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Departementet gir nærmare forskrifter om krav til utdanning og praksis for den som skal tilsetjast i undervisningsstillingar på ulike årstrinn og i ulike skoleslag.

Tilsette som skal undervise må ha relevant kompetanse i dei faga det skal undervisast i. På årstrinna 1-7 kan det likevel undervisast i andre fag enn norsk/samisk og matematikk utan slik fagkompetanse. Departementet gir nærmare forskrifter om kva som er relevant kompetanse.

Kravet til kompetanse for undervisning i andre ledd gjeld ikkje for den som er mellombels tilsett etter § 10-6 eller etter arbeidsmiljøloven, for den som er tilsett på vilkår etter §(ny) om tilsetjing på vilkår, eller for den som før denne bestemmelse med forskrifter tredde i kraft, hadde kompetanse som tilfredsstilte krava til tilsetjing i undervisningsstilling som da gjaldt. Tilsvarende gjeld for den som har fått moglegheit til å fullføre allmennlærerutdanning etter dette tidspunkt.

Ved skolar med årstrinn 8 — 10, der desse årstrinna har færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsverk, kan bestemmelsen om krav til kompetanse for å undervise om naudsynt fråvikast for desse årstrinna.

På andre skoler enn dei omhandla i fjerde ledd, kan skoleeigar om naudsynt avgjere at ein tilsett i undervisningsstilling kan undervise utan å oppfylle kompetansekrava til undervisning i det enkelte fag i dei tilfella der skolen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonale i faget. Dette må det takast stilling til for kvart skoleår.

Endra § 10-6 Mellombels tilsetjing

Dersom det ikkje er søkjarar som fyller kompetansekrava for tilsetjing i § 10 første ledd, kan andre tilsetjast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli.

Ny § om tilsetjing på vilkår (jf forskrifta § 14-5)

Når det til utlyst undervisningsstilling ikkje er søkarar som fyller alle kompetansekrava for stillinga etter denne lova med tilhøyrande forskrifter, kan ein annan søkjar som er i gang med relevant utdanning, tilsetjast på det vilkår at utdanninga blir fullført. Arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler lengda på tilsetjing på vilkår, under omsyn til omfanget av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgjengelig utdanningstilbodet er.

HØYRING

Framlegget til endringar er sende til ulike instansar, m.a. kommunane. Fristen for å senda inn høyringsfråsegn er 15. januar.

VURDERING/ KONKLUSJON

Rådmannen er glad for at det i framlegget til endringar i Opplæringslova med forskrifter vert lagt større vekt på fagkompetansen til lærarane som skal undervisa i grunnskulen samstundes som det vert teke omsyn til at det stundom kan vera vanskeleg å få nok søkjarar med den rette kompetansen.

Dei nye krava vil gjelda berre for dei som tek til på lærarutdanninga hausten 2010 eller seinare, jfr. 3 ledd. Med bakgrunn i søkjartala til lærarstillingar dei seinaste åra og den konkurransen det vil bli om lærarane i åra framover er det viktig at det i 4. ledd vert gjort unntak for ungdomssteg med færre enn 60 elevar eller 5 undervisningsstillingar. Alle våre skular kjem inn under denne bestemmelsen.

Rådmannen har ingen merknader til dei endringane som er føreslegne.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	30.11.2010	103/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	09.12.2010	093/10	Alf Strand

Arkiv: N-536	Arkivsaknr.: 06/985
--------------	---------------------

SAK 093/10 - SYMJEBASSENG MATRE - REHABILITERING - FORNYING - AV TEKNISK ANLEGG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre tar meldinga om forslag til endring av drifta ved Matre symjebasseng til orientering.

Det vert sett av 7,8 mill på investeringsbudsjettet til rehabilitering / fornying av teknisk anlegg ved Matre symjebasseng.

Kommunestyre ber rådmannen utarbeide anbodspapir og innhente anbod for å få endeleg kostnad for prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å underteikne kontrakt innafør kostnadsramma på 7.8 mill.

Finansiering
investeringsbudsjettet

Heimel
Kommunelova

FS-103/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre tar meldinga om forslag til endring av drifta ved Matre symjebasseng til orientering.

Det vert sett av 7,8 mill på investeringsbudsjettet til rehabilitering / fornying av teknisk anlegg ved Matre symjebasseng.

Kommunestyre ber rådmannen utarbeide anbodspapir og innhente anbod for å få endeleg kostnad for prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å underteikne kontrakt innafør kostnadsramma på 7.8 mill.

Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2010:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Willy Borge, Frp, synte til s. 8 i saksutgreiinga der det sto at det bygningsmessige- og el-tekniske arbeidet ikkje er kostnadsrekna i detalj fordi det ikkje er avklart kor mykje av dette arbeidet som kan gjerast med kommunalt tilsett personell. Han spurde om totalsummen på 7,8 mill var basert på at kommunalt tilsette skulle gjera noko av arbeidet.

Ordfører svara at summen er basert på at kommunen må kjøpa alt. Men sjølvstilt vil noko vert gjort av eigne tilsette og då vil nok totalsummen gå noko ned. Momsrefusjon og forhåpentlegvis spelemidlar vil og gjera sitt til at summen ikkje vil bli så høg.

Vigdis Søvik, Sp, sa at kostnaden med å få bassenget på Matre i fullgod stand må me ta og støttar difor framlegg til vedtak.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-093/10 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre tar meldinga om forslag til endring av drifta ved Matre symjebasseng til orientering.

Det vert sett av 7,8 mill på investeringsbudsjettet til rehabilitering / fornying av teknisk anlegg ved Matre symjebasseng.

Kommunestyre ber rådmannen utarbeide anbodspapir og innhente anbod for å få endeleg kostnad for prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å underteikne kontrakt innafor kostnadsramma på 7.8 mill.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at ein reknar med å få ferdig klima og energiplanen i 2011. Eit av tiltaka der kan bli å forsyna skulen med vassboren varme.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret var positive til at bassenget på Matre skal opprustast slik at ein kan koma i gang at med den lovpålagde symjeopplæringa.

Vigdis Søvik, Sp, sa at Senterpartiet vil støtte tilrådinga frå formannskapet. Ho spurde om idrettsrådet har fått gjeve uttale i denne saka?

Ordfører Håkon Matre svara bekreftande på det og at det føreligg skriv frå idrettsrådet til saka.

Røysting:**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.****SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	12.01.2010	symjegruppa v/Arthur Sjursen Idrettslaget Bjørn West	Matre symjebasseng - ber om prioritering av å få symjebassenget i drift att
3	U	25.01.2010	symjegruppa v/Arthur Sjursen Idrettslaget Bjørn West	Matre symjebasseng - ber om prioritering av å få symjebassenget i drift att
4	I	18.03.2010	symjegruppa v/Arthur Sjursen Idrettslaget Bjørn West	Gjeld symjebasseng Matre - ber om oversending av framdriftsplan for når bassenget skal vera i drift
5	I	14.04.2010	Matre skule v/rektor	Vedr Matre symjebasseng
6	I	15.04.2010	Westcold Services AS	Symjebasseng Matre - Berekningsopplegg
7	I	22.04.2010	Westcold Services AS	Vedr utstyr - Avfukting/varmegjenvinning svømmehall
9	I	25.05.2010	Sandviken Center Ventilasjonsservice AS	Tilbod på reparasjon av symjebassenget på Matre
10	I	17.06.2010	Norconsult AS	Matre skule - Bassengbad - Ordrebekreftelse
11	U	02.07.2010	Teknisk Miljø og Landbruk	Symjebasseng Matre - reparasjon - vedlikehald - 2010
12	I	24.10.2010	Matre og Haugsdal helselag v/Kenneth Øyvind Monse	Brev frå Matre og Haugsdal helselqag om bassenget på Matre
13	U	28.10.2010	Matre og Haugsdal helselag v/Kenneth Øyvind Monse	Om symjebassenget på Matre

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Det vart bygd tak over Matre symjebasseng på slutten av 1990-talet. Prosjektet vart dels finansiert vha tippemidlar. Ved bruk at slike midlar til delfinansiering av eit tiltak, er ein av føresetnadane at anlegget skal vere i drift i 40 år.

I samband med ovannemnde byggearbeid vart det ikkje gjort noko med det tekniske anlegget som stort sett var plassert i eit rom under bakken (og dels under flomålet).

No er det slutt for ventilasjonsanlegget; kjølegassen som er nytta i anlegget er ikkje lovleg lenger og det er ikkje mogeleg å få tak i reservedelar.

Anlegget har likevel vore lovleg å drifte slik det stod. Alle avvik frå tilsyn frå Mattilsynet tidleg på 2000-talet er lukka og melding sendt Mattilsynet om dette.

FAKTA

Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v. av 13.juni 1996 set krav til at det skal leggast fram melding til kommunen ved endring av drifta av eit symjebasseng. Denne meldinga skal gje ei vurdering av alle forhold som kan ha innverknad på helse, hygiene eller sikkerhet for dei som nyttar bassenget.

§ 11 i forskrifta set krav til sirkulasjonssystem for bassengvatn. Er ikkje det nok sirkulasjon av bassengvatn, må ein redusere tal på samtidig badande.

§ 12 i forskrifta set krav til overløpsrenner; både kapasitet og overflate. Overflatebehandlinga i overløpstennene har tatt skade av tørrlegging av bassenget og må gjerast noko med (flisleggast).

§ 13 i forskrifta set krav til bunnavløp. Dette er i følgje konsulent akseptabelt (og kan heller ikkje endrast).

§ 14 i forskrifta set krav til utjamningstanken. Utjamningstanken er ein open støypt tank plassert i teknisk rom (i kjellar). Tanken er overflatebehandla og er loveleg etter at ein lukka avviket etter siste tilsyn. Ein bør likevel no vurdere å lukke tanken for å minke avdamping og fuktskader i teknisk rom.

Det er sett i gang arbeid med å utarbeide energiplan for kommunen. Eit av tiltaka i arbeidsdokumentet er å fokusere på energibruk i eigne bygg. Rådmannen har difor lagt, som ein av premissane i denne saka, at ein skal tenke teknisk utstyr for både symjehall og Matre skule i same rom sjølv om dette vil fordyre oppgraderinga for symjebassenget aleine.

VURDERING

Rådmannen meiner i utgangspunktet at no når bassenget er stengt, må ein nytte tida til å gjere mest mogleg oppgradering i bassengrom som likevel må gjerast dei komande åra. Dette for å unngå fleire lengre periodar der bassenget må tappast ned og stengast.

Varmeanlegg:

Masfjorden kommune bad konsulent om å vurdere varmepumpe (sjøvasskollektor) til oppvarming av symjehallen i staden for rein elektrisk oppvarming som i dag. Kommunen bad og om at det vart dimensjonert for utviding med oppvarminga av skulen basert på same anlegget på eit seinare tidspunkt.

Det vart rekna på to alternativ eit med teknisk utbygging i to trinn og eit der alt vert bygd samstundes. Rådmannen rår til at ein vel det første alternativet der det vert sett av areal og lagt anlegg i sjø til ei ny varmepumpe til skulen i framtida som kan koplatt på anlegget til bassenget. Kostnaden på i overkant av 1 mill for varmeanlegget (utan bygningsmessige- og el-tekniske arbeider) er difor litt høgre enn om ein berre hadde tenkt oppvarming av bassenget aleine.

I løysinga ligg sjøvassbasert varmepumpe inkludert el-kjel for back-up og for å kunne ta "toppane". Med denne løysinga vil ein på kort sikt spare driftskostnader på oppvarming og ein vil – når alt er utbygd (til ein kostnad estimert i dag på kr 1,1 mill + sjøve varmepumpa) - ha eit svært driftssikker anlegg for oppvarming av både bassenget og skulen.

Luftbehandlingsanlegg:

Demontering av gammalt ventilasjonsanlegg og montering av nytt anlegg er kostnadsrekna til rett i overkant av 1 mill.

Bassengbadtekniske anlegg:

Den største utfordringa med det bassengbadtekniske anlegget er sirkulasjonsmengde med bassengvatn kopla til renseanlegg. Ny utrekningar basert på røyr diameter og volum på utjevningstank viser at dei "gamle" utrekningane for samtidig badande må ha vore feil. Talet på samtidig badande er i dag sett til 24, mens med nye utrekningar vert dette talet halvvert. Rådmannen meiner at ein må gjere noko med sirkulasjonsmengda no når bassenget er stengt for å få talet på samtidig badande opp på det nivået det har vore.

Konsulent har kome med forslag om å etablerer 12 nye tilførselsdyser i hovudbassenget og å skifte ut eksisterande sandfiltertank med nye tankar og innhald som er større og enklare å drifte. Dette vil ha ein kostnad på ca 400 000. Konsulent peiker på at det i drifts dagbøkene ikkje er registrert avvik frå gjeldande krav på bassengvasskvalitet noko som kan tolkast dit at belastninga (tal samtidig banande) i praksis ikkje har vore så høg som det teoretiske talet tillet. Rådmannen meiner likevel at det er viktig å auke sirkulasjonsmengda då bassenget er mykje nytta og ein trur at det vil verte mykje nytta i åra framover og.

I tillegg har konsulent foreslått fleire tiltak som tilsaman utgjer ein kostnad på 500 000. Dette er blant anna å flislegge overløpsrennene (overflate her må gjerast noko med sidan det i dag er sprekker i overflata pga av uttørking), sette inn større avløpsrøyr mot teknisk rom (for å auke sirkulasjonsmengda), overflatebehandle og lukke utjevningstank (for å redusere fordamping) og å skifte ut dagens (gamaldagse) kullfilter med eit meir moderne og driftssikkert UV-filter.

Totalt er då kostnaden for oppgradering og fornying av bassengbad teknisk anlegg kalkulert til ca 900 000.

Sanitæranlegg:

Dagens varmtvasstankar er tenkt flytta opp i nytt teknisk rom, men ein er litt usikker på tilstanden på tanken etter at dei har stått mange år i eit fuktig rom med stormflo inn i rommet ved gitte verhøve. Hovudkomponenten (ca halve kostnaden) som inngår i sanitæranlegg er (lovpålagt) utslagsvask og nøddusjanlegg. Til saman er dette kapitlet kostnadsrekna til ca 400 000.

Bygningsmessige- og el-teknisk arbeid

Det er planlagt nytt teknisk rom på utsida av bassenget (der nødutgangen er no). Dette både fordi det er praktisk i forhold til plassering av noverande teknisk rom og gjer at det vert mindre meter leidning men og fordi at dagens nødutgang er uheldig plassert på sjøsida av bassenget noko som gjer at ein er svært plaga med fuktskadar innvendig (i bassengrom) i dette område. Nødutgangen er ikkje overbygd og har heller ikkje eige vindfang slik at det er stor temperatur- og fuktforskjell ute og inne. Ved å bygge nytt teknisk rom på denne staden vil ein og få rette opp i fuktproblematikken. Konsulent foreslår at ein lagar ny nødutgang med eige vindfang på andre sida av bassenget som ikkje er så utsett for ver og vind. Rådmannen støttar dette forslaget.

El-installasjonane er foreslått flytta frå gammalt teknisk rom til nytt teknisk rom. Kabelen inn i dagens teknisk rom skal vere lang nok til å kunne flyttast til nytt teknisk rom, men det er usikkert om kabelen har kapasitet nok til å betjene varmpumpe 2 når den kjem. Det er ikkje tatt høgde for framtidig kapasitet på dette tidspunktet i prosjektet.

Det bygningsmessige- og el-tekniske arbeidet er ikkje kostnadsrekna i detalj fordi det er ikkje avklart endå kor mykje av dette arbeidet som kan gjerast med kommunalt tilsett personell, men konsulent har antyda ein kostnad på ca 2,8 mill. Inkludert mva er den totale kostnaden for prosjektet kalkulert til 7,8 mill.

KONKLUSJON

Teknisk anlegg ved Matre symjebasseng treng rehabilitering / fornying for å stette dagens krav til symjebasseng. Rådmannen rår til at alt arbeid i bassengrommet vert utført no når bassenget er stengt. Rådmannen rår og til at ein bygger nytt teknisk rom med plass til 2 varmpumper (og sjøvasskollektor). Samla sett er dette arbeidet kostnadsrekna til 7,8 mill.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	30.11.2010	058/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	09.12.2010	094/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-85	Arkivsaknr.: 10/875
-------------	---------------------

SAK 094/10 - FASTSETJING AV AKSEPTKRITERIA SOM GRUNNLAG FOR RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE (ROS) I MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner at den metode og dei akseptkriteria som det er gjort framlegg om frå rådmannen vert lagt til grunn ved utarbeiding av risiko- og sårbarhetsanalyse i Masfjorden kommune.

RISIKOMATRISJE						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENS						

SANNSYNLEG	VEKT	DEFINISJON
Særs sannsynleg	5	Ei hending pr år eller oftare
Mykje sannsynleg	4	Ei hending pr 1 – 10 år
Sannsynleg	3	Ei hending pr 10 – 100 år
Mindre sannsynleg	2	Ei hending pr 100 – 1000 år
Lite sannsynleg	1	Mindre enn ei hending pr 1000 år

KONSEKVENNS	VEKT	MENNESKER (liv og helse)	YTRE MILJØ (luft, vatn, jord ...)	MATERIELLE VERDIAR (økonomiske tap)
Katastrofalt	5	Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde	Varig større skade på ytre miljø.	Skader for meir enn 60 mill.
Kritisk	4	Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø.	Skader mellom 5 mill – 60 mill
Alvorleg	3	Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange mindre personskader men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag.	Store skader på ytre miljø men som vil utbetrast på sikt.	Skader mellom 500 000 – 5 mill
Ei viss fare	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming ev. kortare sjukefråver.	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort sikt.	Skader mellom 50 000 – 500 000
ufarleg	1	Ingen eller små personskader	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø	Skader for inntil 50 000

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Lov om kommunal beredskapsplikt § 15 a og b

Plan- og bygningslova §§ 3-1 og 4-3

Norsk standard NS 5814:2008 Krav til risikovurderingar

Stortingsmelding nr 17 (2001-2002) Samfunnssikkerhet. Veien til eit mindre sårbart samfunn

Fylkesros for Hordaland 2009

FUP-058/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre godkjenner at den metode og dei akseptkriteria som det er gjort framlegg om frå rådmannen vert lagt til grunn ved utarbeiding av risiko- og sårbarhetsanalyse i Masfjorden kommune.

RISIKOMATRISJE						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENNS						

SANNSYNLEG	VEKT	DEFINISJON
Særs sannsynleg	5	Ei hending pr år eller oftare
Mykje sannsynleg	4	Ei hending pr 1 – 10 år
Sannsynleg	3	Ei hending pr 10 – 100 år
Mindre sannsynleg	2	Ei hending pr 100 – 1000 år
Lite sannsynleg	1	Mindre enn ei hending pr 1000 år

KONSEKVENNS	VEKT	MENNESKER (liv og helse)	YTRE MILJØ (luft, vatn, jord ...)	MATERIELLE VERDIAR (økonomiske tap)
Katastrofalt	5	Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde	Varig større skade på ytre miljø.	Skader for meir enn 60 mill.
Kritisk	4	Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø.	Skader mellom 5 mill – 60 mill
Alvorleg	3	Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange mindre personskader men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag.	Store skader på ytre miljø men som vil utbetrast på sikt.	Skader mellom 500 000 – 5 mill

Ei viss fare	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming ev. kortare sjukefråver.	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort sikt.	Skader mellom 50 000 – 500 000
ufarleg	1	Ingen eller små personskader	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø	Skader for inntil 50 000

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 30.11.2010:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-094/10 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre godkjenner at den metode og dei akseptkriteria som det er gjort framlegg om frå rådmannen vert lagt til grunn ved utarbeiding av risiko- og sårbarhetsanalyse i Masfjorden kommune.

RISIKOMATRISJE						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENS						

SANNSYNLEG	VEKT	DEFINISJON
Særs sannsynleg	5	Ei hending pr år eller oftare
Mykje sannsynleg	4	Ei hending pr 1 – 10 år
Sannsynleg	3	Ei hending pr 10 – 100 år
Mindre sannsynleg	2	Ei hending pr 100 – 1000 år
Lite sannsynleg	1	Mindre enn ei hending pr 1000 år

KONSEKVENNS	VEKT	MENNESKER (liv og helse)	YTRE MILJØ (luft, vatn, jord ...)	MATERIELLE VERDIAR (økonomiske tap)
Katastrofalt	5	Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde	Varig større skade på ytre miljø.	Skader for meir enn 60 mill.
Kritisk	4	Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø.	Skader mellom 5 mill – 60 mill
Alvorleg	3	Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange mindre personskader men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag.	Store skader på ytre miljø men som vil utbetrast på sikt.	Skader mellom 500 000 – 5 mill
Ei viss fare	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming ev. kortare sjukefråver.	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort sikt.	Skader mellom 50 000 – 500 000
ufarleg	1	Ingen eller små personskader	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø	Skader for inntil 50 000

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordfører Håkon Matre og rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka.

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I lov om kommunal beredskapsplikt § 15 a står det blant anna:

Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser om kan inntreffe i kommunen, vurder sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter [...] plan- og bygningsloven.

[...]

I plan- og bygningslova § 3-1 bokstav h går det fram at planlegginga skal:

[...] fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.

Frå desse to sitata frå nye lover dei siste åra ser ein at krava til samfunnstyggleik er vesentleg skjerpa.

Fylkesros for Hordaland 2009 gjev eit innblikk i endra føresetnader og utfordringar i dagens samfunn. Ein er meir merksam no på at uheldig lokalisering av utbyggingsområde kan få store følgjer og gi materielle skader, miljøskader og i verste fall tap av menneskeliv enn det ein var før.

I plan- og bygningslova § 4-3 står det blant anna:

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndighetene påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. [...]

Plan- og bygningslova krev altså at det vert gjennomført ei ROS-analyse for alle nye byggeområder som vert vurdert lagt inn i kommuneplanen. Før dette arbeidet startar set NS 5814 krav om at det vert fastsett akseptkriteria som grunnlag for dette arbeidet og Stortingsmelding nr 17 set krav til at akseptkriteria skal vedtakast av kommunestyret.

For at Masfjorden kommune skal stette dagens utfordringar og krav til samfunnstryggleik og beredskap i arbeidet med kommuneplanen, må det gjerast politisk vedtak av akseptkriteria og val av metode som grunnlag for arbeid med ROS-analysen.

FAKTA

Det er viktig å identifisere dei farane som kan oppstå og planlegge fornuftig for eit sikrare samfunn. Ei ROS-analyse vil seie noko om risikobilete og tilrådingar med tanke på bruk av areala og eventuelle avbøtande tiltak. I takt med skjerpa forståing av risikobilete i samfunnet har krav og lovverk endra seg for å betre ivareta samfunnstryggleiken.

Definisjon av samfunnstryggleik (Kjell Harald Olsen):

Samfunnets evne til å hindret uønskete hendelser, redusere skadevirkningene når de skjer, og evne til å komme tilbake til ønsket normaltilstand så snart som mulig etter at de har skjedd.

Risiko:

Risiko er eit mål som kombinerer **det sannsynlege for** og **verknader (konsekvensen)** av ei hending. Omgrepet vert mest brukt om negative eller farlige hendingar slik som ulykker, naturkatastrofer eller epidemiar. DSB kvantifiserer risiko som

$$\text{Risiko} = \text{Sannsynleg} \times \text{Konsekvens} - (\text{Førebygging} \times \text{Skadereduksjon})$$

Dette inneber at risiko kan vere stor av to ulike grunnar. Sjølv om hendinga ikkje er særleg farleg, kan ho ha ein stor risiko om det er svært sannsynleg at ho inntreffer. På den andre sida kan også ei hending som er veldig usannsynleg utgjere ein stor risiko. Dette er tilfelle når konsekvensane av hendinga – om ho først inntreffer – er katastrofale.

Med bakgrunn i slik kvantifisering i ei ROS-analyse, kan kommunen identifisere dei truslane som – i kommuneplanssamanheng - kan stoppe utbygging av eit område eller sette krav til førebyggjande tiltak før arealet kan utbyggast.

VURDERING

Fast Utval for Plansaker gjennomførte arbeidsmøte med tema akseptkriteriereier den 04.11.2010. Akseptkriterier har og vore jobba med i leiar- stabsmøta.

Sannsynleg

Når ein skal gjennomføre ei ROS-analyse må ein seie noko om kor sannsynleg det er for at ei gitt hending skal inntreffe. Det er vanleg å klassifiserer kor sannsynleg det er for at ei hending skal skje i fem grupper, sjølv om det og kan vera andre måtar å klassifisere hendingane på (det finst ikkje noko fasit for dette arbeidet).

Rådmannen gjer difor framlegg om at det ved utarbeiding av ROS-analyser som gjeld liv og helse, miljø og økonomi i Masfjorden kommune vert lagt til grunn slik klassifisering og vektning av sannsynleg:

SANNSYNLEG	VEKT	DEFINISJON
Særs sannsynleg	5	Ei hending pr år eller oftare
Mykje sannsynleg	4	Ei hending pr 1 – 10 år
Sannsynleg	3	Ei hending pr 10 – 100 år
Mindre sannsynleg	2	Ei hending pr 100 – 1000 år
Lite sannsynleg	1	Mindre enn ei hending pr 1000 år

Konsekvens

Konsekvens er verknaden av hendinga og kor alvorleg desse er. I vurderingane av konsekvens er det vanleg å skilje mellom skadeverknader på tre hovudområde:

- Menneske – liv og helse
- Miljø – jord, vatn, luft m.m.
- Materiell – økonomiske verdiar

Rådmannen gjer framlegg om at det ved ROS-analyser som gjeld liv og helse, miljø og økonomi i Masfjorden kommune vert lagt til grunn slik klassifisering og vekting av konsekvens:

KONSEKVENNS	VEKT	MENNESKER (liv og helse)	YTRE MILJØ (luft, vatn, jord ...)	MATERIELLE VERDIAR (økonomiske tap)
Katastrofalt	5	Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde	Varig større skade på ytre miljø.	Skader for meir enn 60 mill.
Kritisk	4	Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø.	Skader mellom 5 mill – 60 mill
Alvorleg	3	Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange mindre personskader men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag.	Store skader på ytre miljø men som vil utbetrast på sikt.	Skader mellom 500 000 – 5 mill
Ei viss fare	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming ev. kortare sjukefråver.	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort sikt.	Skader mellom 50 000 – 500 000
ufarleg	1	Ingen eller små personskader	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø	Skader for inntil 50 000

Risikomatrise

ROS-analysen vert ofte framstilt i eit risikodiagram. Diagrammet har raude, gule og grøne felt. Rådmannen gjer framlegg om at det ved ROS-analyser som gjeld liv og helse, miljø og økonomi i Masfjorden kommune vert nytta ei risikomatrise som vist under:

RISIKOMATRISE						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENS						



Medfører uakseptabel risiko. Det skal utførast meir detaljert ROS-analyser for å eventuelt avkrefte risiko eller avklare om risikoreduserande tiltak kan gjennomførast



ALARP-sone, dvs tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen. Detaljert ROS-analyse. Det vil vere naturleg å legge ein kost / nytte analyse til grunn for vurdering av fleire risikoreduserande tiltak.



I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar

Aktuelle Farekategoriar

Det er fleire farekategoriar ein kan og bør vurdere i ROS-analyser. Under er skissert eit utval av dei fareområde ein kjenner til ut ifrå kjend kunnskap, erfaring og innspel frå arbeidsmøta. Det er teke omsyn til klimaendring.

I Masfjorden kommune er det mykje bratt landskap og auke nedbør kan gje endra farebilette for stein og jordras. Naturgjevne farer og menneskeskapte i form av inngrep – konsekvensar ved utbygging, bør gjevast særleg merksemd. Lista er ikkje uttømmende og ein skal i alle høve vurdere om andre farer er aktuelle for dei enkelte byggeområda.

NATURBASERTE FARER	MENNESKE OG VERKSEMDBASERTE FARER
<ul style="list-style-type: none"> • skred • flaum – ekstremnedbør • sterk vind – stormflo • skog- og brasbrann 	<ul style="list-style-type: none"> • forureining i luft eller grunn • uheldig samlokalisering • ulykker med transportmidler • storbrann

<ul style="list-style-type: none">• radon• dambrot• havnivåstigning	<ul style="list-style-type: none">• el-forsyning• IKT• ifrastruktur - veg
---	---

KONKLUSJON

Rådmannen viser til vurderinga over og tilrår at akseptkriteria vert vedteke slik dei ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	30.11.2010	026/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	09.12.2010	095/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105	Arkivsaknr.: 10/705
--------------	---------------------

SAK 095/10 - EVALUERING AV ETABLERINGSTILSKOTSORDNINGA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordning med etableringstilskot vert vidareført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.
8. Støtte kopla til etableringstilskotsordninga kan gjevast til utbyggjar av private bustadfelt, med utgangspunkt i
 - a) tal tomtar/bueiningar x 40.000,-.
 - b) avgjerdsmynde i tråd med pkt. 6 i ordninga.
 - c) Prosjekt med netto kostnad over sum avsett til etableringstilskot/medverknad bustadføremål (samla løyving for 1.år) skal leggjast fram til politisk avgjerd.
 - d) Det skal årleg i samband med årsmeldinga for kraftfondet lagast eit oversyn over tildelt støtte som ikkje er utbetalt pr. 31.12.

Finansiering

Kraftfondet

Heimel

Kommunestyret – eige regelverk for etableringstilskotsordninga

KS-095/10 VEDTAK :

Ordning med etableringstilskot vert vidareført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.
8. Støtte kopla til etableringstilskotsordninga kan gjevast til utbyggjar av private bustadfelt, med utgangspunkt i
 - a) tal tomtar/bueiningar x 40.000,-.
 - b) avgjerdsmynde i tråd med pkt. 6 i ordninga.
 - c) Prosjekt med netto kostnad over sum avsett til etableringstilskot/medverknad bustadføremål (samla løyving for 1.år) skal leggjast fram til politisk avgjerd.
 - d) Det skal årleg i samband med årsmeldinga for kraftfondet lagast eit oversyn over tildelt støtte som ikkje er utbetalt pr. 31.12.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordfører Håkon Matre og rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka.

Saka vart grundig drøfta og det vart stilt spørsmål.

Siri Kratzmeier, KrF, gav uttrykk for at etableringstilskot er eit positivt tiltak og at det er eit tilbod til ungdom i etablerarfasen. Ho spurde om det er rett å ha nytt pkt 8 som går på tilskot til grunneigarar inn i dette regelverket.

Ho spurde og kvifor er det gjort skilnad i regelverket på det å bygga nytt hus og å kjøpa hus.

Ordfører Håkon Matre svara at dette har vore slik i regelverket lenge. Etableringstilskot til kjøp av hus kontra bygging av hus har ikkje vore tema i denne saka no.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa føremålet med at kommunen i si tid vedtok å gje etableringstilskot til ei bestemt aldersgruppe var at det skulle medverka til å auka folketalet i Masfjorden. For å få det til er det auke i talet på bustader som er viktig.

Siri Kratzmeier presiserte at det må gå tydeleg fram i regelverket om kva som er intensjonen med etableringstilskotet.

Vigdis Søvik, Sp, påpeika at ei klargjering av retningslinjene er viktig. Sp vil invitera KrF med på ein dialog om tilskot til oppussing av gamle hus.

Det står fleire tomme hus rundt i kommunen. Det kan vera viktig at kommunen har ei gulrot som kan få huseigarane til å pussa opp husa for utleige i staden for at dei står tomme.

Karstein Totland, H, sa seg samd med Sp og sa at det å få liv i gamle hus er positivt, men det må verta handsama som ei sak for seg.

Wenke Ekren, H, synte til Kratzmeier sitt innlegg og synte til det private byggefeltet på Kvingebakken der tomtane vert seld ut att til alle aldersgrupper. Ho spurde om kva tid ungdom vil få dette tilskotet. Kva om dei fekk berre 10000?

Rådmann Lovisa Midtbø sa at me skal utarbeida orientering om retningslinjene slik at det går klart fram kva som er kommunen sin intensjon med etableringstilskotet.

Marit Steinestø, KrF, sa at dette med tilskot til eldre hus bør behandlast i ei eiga sak.

Erlend Kvamsdal, Frp, sa at det knyter seg store kostnader til å byggja ut nye felt. Nye innbyggjarar tek ansvaret sjølv og dei har store kostnader med blant anna vegutbygging i private byggefelt. Pkt 8 som det no er tilrådd å ta inn i regelverket er ei kjempeordning og kan bidra til mange nye hus og innbyggjarar.

Røysting:

Tilrådinga frå Kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT-026/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Ordning med etableringstilskot vert vidareført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.
8. Støtte kopla til etableringstilskotsordninga kan gjevast til utbyggjar av private bustadfelt, med utgangspunkt i a) tal
tomtar/bueiningar x 40.000,-. b)
avgjerdsmynde i tråd med pkt. 6 i ordninga. c)
Prosjekt med netto kostnad over sum avsett til
etableringstilskot/medverknad bustadføremål (samla løyving for
1.år) skal leggjast fram til politisk avgjerd.
d) Det skal årleg i samband med årsmeldinga for kraftfondet lagast eit
oversyn over tildelt støtte som ikkje er utbetalt pr. 31.12.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 30.11.2010:

Ordførar Håkon Matre hadde no teke plass att i møtet.

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, synte til nytt pkt 8 i regelverket og spurde om korleis det var med aldersbegrensing i dette høvet. Borge spurde og om etableraren ville få etableringstilskot i tillegg til at utbyggjar/grunneigar får støtte.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er vanskeleg å knyta dette opp mot alder. Det vert her gjeve støtte til grunneigar som legg til rette for bustadfelta. Det er ikkje lagt opp til aldersbegrensing her. Det vil bli vanskeleg å forvalta. Kvar søknad må vurderast individuelt. Det vil ikkje bli gjeve etableringstilskot til kvar etablerar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Noverande ordning med etableringstilskot har vore praktisert i 6 år. Det er såleis på tide med ei evaluering, med tanke på verknader av ordninga, delvis utviding av ordninga og vurdering av praktisering av forholdet kring medverknad private bustadfelt.

HØYRING/UTTALE

KRFT-022/10 VEDTAK:

Kraftfondstyret har følgjande innspel til det vidare arbeid med evaluering av etableringstilskotsordninga;

- **ta inn eit punkt i reglementet i tråd med etablert praksis etter medfinansiering nytt bustadfelt Haugsvær**

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 14.09.2010:

Saka vart grundig drøfta. Presisere "Haugsvær modellen" som del av etableringstilskotsordninga, som endringspunkt (fokus tomt, ikkje alder) – elles ingen endringsframlegg etter drøftingsrunde.

FAKTA

Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

VURDERING

Kraftfondstyret hadde den 14. september ei grundig og god evaluering av ordninga. Ein tok då opp til vurdering ein del kritiske innspel (spesielt i forhold til avgrensinga i regelverket) og uheldig forhold (personar utanom aldersgruppa/målgruppa får støtte då ein gir støtte til bustadfelt utan sikring i høve alder på dei som faktisk byggjer hus i feltet), avvikling av ordninga, utviding til dei som kjøper eksisterande bustadar etc.

Kraftfondstyret konkluderte med at ein ville halde fram med ordninga, og at ein formaliserar i sterkare grad at ordninga vert knytt til medfinansiering av nye bustadfelt (**ta inn eit punkt i reglementet i tråd med etablert praksis etter medfinansiering nytt bustadfelt Haugsvær** Og etter kvart mange andre felt/prosjekt)

Ordninga vert vidareført, med eit tilleggspunkt i pkt. 8

Det er viktig at ein i samband med medfinansiering av private bustadfelt setter av løyvde unytta midlar, slik at midlane er disponible når utbyggjar har komme i gong – då utbygging av nye bustadfelt tek tid.

KONKLUSJON

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.
8. Støtte kopla til etableringstilskotsordninga kan gjevast til utbyggjar av private bustadfelt, med utgangspunkt i
 - a) tal tomtar/bueiningar x 40.000,-.
 - b) avgjerdsmynde i tråd med pkt. 6 i ordninga.
 - c) Prosjekt med netto kostnad over sum avsett til etableringstilskot/medverknad bustadføremål (samla løyving for 1.år) skal leggjast fram til politisk avgjerd.
 - d) Det skal årleg i samband med årsmeldinga for kraftfondet lagast eit oversyn over tildelt støtte som ikkje er utbetalt pr. 31.12.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	30.11.2010	025/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	09.12.2010	096/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1, N-671	Arkivsaknr.: 10/758
-----------------------	---------------------

SAK 096 - GMU AS - SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE TIL NÆRINGSUTVIKLINGSARBEID I MASFJORDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune løyver kr. 100.000 i driftstilskot til GMU A/S for 2010.
2. Løyving til GMU vert teke opp til årleg vurdering i samband med handsaming av budsjettet for kraftfondet, og 2011 er det tilrådd støtte med 250.000,-
3. Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsplattforma mellom GMU og kommunane

Finansiering

budsjettendring i 2010 budsjettet for kraftfondet, redusere sum etableringstilskot og lagt inn budsjettmidlar i posten "andre næringstiltak"

posten "andre næringstiltak" i kraftfondsbudsjettet for 2011

Heimel

vedtektene for kraftfondet og budsjett kraftfondet

KRFT-025/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune løyver kr. 100.000 i driftstilskot til GMU A/S for 2010.
2. Løyving til GMU vert teke opp til årleg vurdering i samband med handsaming av budsjettet for kraftfondet, og 2011 er det tilrådd støtte med 250.000,-
3. Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsplattforma mellom GMU og kommunane

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 30.11.2010:

Ordfører Håkon Matre sa seg ugild i denne saka sidan han er styremedlem i GMU AS.

Matre vart samrøystes kjent ugild i denne saka og han forlet møtet.

Varaordfører Marit Steinestø overtok no leiinga av møtet.

Saka vart drøfta.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka. Ho sa at i GMU er det i dag tilsett ein person. Masfjorden har mange innbyggjarar som har arbeidsplass i Sløvåg. Det har vore viktig for utviklinga i Sløvåg med støtte frå to fylkeskommunar og to kommunar.

Willy Borge, Frp, sa at det er ikkje GMU som har laga arbeidsplassane i Sløvåg. Dei bedriftene som har etablert seg der har gjort det pga av at dei såg behovet. Me vil ha utvikling i Masfjorden.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at ho hadde behov for å ta saka med til drøfting i gruppa. Ho ville ikkje koma med noko endringsforslag i dag.

Willy Borge, Frp, sa at det har tidlegare vore stilt spørsmål om driftsforma til GMU og kor mykje Masfjorden kommune får igjen for pengane dei har bevilga til selskapet. Ut av sakspapira les ein at eigenkapitalen har auka og Frp meiner at me yter meir enn me får att.

Borge synte til 1. avsnitt under Fakta i saksutgreiinga der det blant anna står at ytterlegare driftsstøtte i åra framover må vere basert på godtgjering i høve til faktiske utførte tenester frå GMU.

Borge sa at han vil drøfta saka med gruppa si og koma med ev. endringsforslag til kommunestyret.

Vigdis Søvik, Sp, sa at sidan ein fekk sakspapira fyrst i går så har ein fått for lite tid til å ta stilling til framlegget. Søvik sa at ho føler at diskusjonstema i denne saka vil bli den vidare støtta til GMU og om det skal bli ei årleg støtte. Det hadde og vore nyttig å få meir informasjon om dei vidare planane for selskapet. Me eig halvparten av GMU og då skal me og vera med å bestemma kva dei skal driva med.

Senterpartiet har ikkje endringsframlegg no, men vil drøfta saka med gruppa.

Røysting:

Det vart røysta punktvis.

Pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Pkt 2 vart vedteke med varaordfører si dobbeltrøyst. 3 røyster mot 2 røyster. (Frp og Sp)

Pkt 3 vart samrøystes vedteke.

KS-096/10 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune løyver kr. 100.000 i driftstilskot til GMU A/S for 2010.
2. Løyving til GMU vert teke opp til årleg vurdering i samband med handsaming av budsjettet for kraftfondet, og 2011 er det tilrådd støtte med 250.000,-
3. Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsplattforma mellom GMU og kommunane
4. Masfjorden kommunestyre føreset at det vert arbeidd med konkrete næringstiltak i Masfjorden.
5. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram årsmelding og rekneskap for 2010 så snart dette ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordførar Håkon Matre sa seg ugild i saka sidan han er styremedlem i GMU AS.

Liv Oda Dale, Ap, sa at ho er usikker på om ordførar er ugild sidan det er kommunestyret som har oppnemnt han til medlem i GMU sitt styre.

Dale sa at ho sjølv sit i styret for Einekavane og dreg parallell til det. Det kan og vera andre døme på dette,

Ordførar Håkon Matre sa at dette er ein søknad frå GMU AS som han sjølv har vore med på å utforma.

Matre sa at han kjenner seg ugild i denne saka.

Rådmann Lovisa Midtbø viste til innskjerpinga til KS har gjeve råd om når det gjeld habilitet for politikarar som er styrerepresentantar. Det er viktig med ein samla gjennomgang på styreverva kommunestyrerepresentantane har for å oppfylla habilitetskrava.

Vigdis Søvik, Sp, Dette er ein problemstilling som me har kvar gong me har ei sak frå GMU. Det at me erklærer Matre ugild i desse sakene hindrar at me får den informasjonen som er tilgjengeleg.

Søvik sa at ho støttar Dale om at spørsmål om habilitet vert utgreidd.

Willy Borge, Frp, sa at me skal behandla årsbudsjettet seinare i dag. Det er fleire som er med i det arbeidet. Det kan bli vanskeleg å vita kvar grensa for habilitet går.

Dale sa at det er viktig å ha eit bevisst forhold til dette med habilitet. Då det nye selskapet var stifta var det ynskje frå kommunestyret om at styreleiar i selskapet var frå dei offentlege etatane sidan GMU no er eit 100 % offentleg selskap. Dale spurde om kva som har skjedd i saka og om det er blitt i tråd med det som kommunestyret signaliserte.

Ordfører Håkon Matre svarte at dåverande styreleiar vart attvald for inneverande år. Det er inga endring førebels. Dette må i så fall skje på generalforsamlinga til våren. For å få til dette må det ei vedtektsendring til.

Etter ordskifte om habilitet vart det røysta over om ordfører Håkon Matre var ugild eller ikkje.

Ordfører vart samrøystes kjent ugild og forlet no møtet.

Varaordfører Marit Steinestø overtok no leiinga av møtet.

Saka vart drøfta.

Liv Oda Dale, Ap, sa at Arbeidarpartiet har drøfta framlegget i gruppa. Ho sa at me ynskjer å sjå igjen ei utvikling i Masfjorden.

Dale gjorde framlegg på to tilleggspunkt:

Nytt pkt 4:

Masfjorden kommunestyre føreset at det vert arbeidd med konkrete nærings tiltak i Masfjorden.

Nytt pkt 5:

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram årsmelding og rekneskap for 2010 så snart dette ligg føre.

Vigdis Søvik, Sp, sa at Sp ber om at det vert signalisert kva tiltak som kan vera aktuelle i Masfjorden.

Wenke Ekren, H, støttar framlegg til vedtak. Ho opplyste om at dagleg leiar i GMU også er sekretær for Masfjorden næringsforum. Ekren sa og at næringslivet i Masfjorden kunne vere flinkare til å ta kontakt med GMU AS.

Siri Kratzmeier, KrF, GMU må jobba langsiktig og me må gje dei litt meir tid. KrF vil støtta framlegget.

Willy Borge, Frp, sa at i utgangspunktet skulle GMU vera eit selskap som skulle gå av seg sjølv. Dei har hatt auke i eigenkapital og Borge spurde kvifor me då skal gje dei driftsstøtte? GMU skulle arbeida aktivt for å gje arbeidsplassar i både Masfjorden og Gulen. Frp støttar AP sitt framlegg til tilleggspunkt til vedtak.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over pkt 1-3 tilrådinga frå kraftfondsstyret samla.

Samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over dei to tilleggspunkta frå AP.

Samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.10.2010	GMU AS v/Torill Størkersen	GMU AS - Søknad om driftsstøtte til næringsutviklingsarbeid i Masfjorden
2	I	07.10.2010	GMU AS v/Torill Torsvik Størkersen	Vedlegg til søknad - forretningsplan - samarbeidsplattform

SAKSVEDLEGG:

Forretningsplan for Gulen og Masfjorden Utvikling AS 2010 - 2016

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE FOR NÆRINGSUTVIKLINGSARBEID I MASFJORDEN.

Gulen og Masfjorden Utvikling er eit aksjeselskap med fylgjande eigarar; Masfjorden kommune (21,54%), Gulen kommune (21,55%), Hordaland fylkeskommune(9,7%), Sogn og Fjordane fylkeskommune (22,42%) og SIVA SF (24,79%). Selskapet har som formål *å "tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar, og medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling"* (jmf. vedtektene).

Gulen og Masfjorden Utvikling fekk eit tilskot på kr. 250.000,- i 2009 til etablering av selskapet. Selskapet har fått etablert administrasjon og fått i drift dei tenestene og prosjekta styret har meint bør prioriterast. GMU har sidan 1. april 2009 vore sekretær for Masfjorden Næringsforum og hatt stor deltaking i dei aktivitetane forumet har hatt. Selskapet har også vore eit bindeledd mellom offentleg verkmiddelapparat og næringslivet, der søknadshjelp og utvikling av forretningsplanar for etablerarar har vore ei av oppgåvene, samt søknadshjelp mot Innovasjon Norge. Masfjorden har siste året hatt få etablerarar og dagleg leiar har derfor nytta meir ressursar inn mot næringsforumet sine aktivitetar, som td. gjennomføring av ma. IKT- kurs. Dagleg leiar har også gjennomført etablerarrettleggingskurs i regi av Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge. I Forretningsplan for GMU er det tatt med eit strategisk tiltak for næringsutvikling Matre – Oppedal. Prosjektet er enn Strategien er ikkje konkretisert med handlingsplan enno, men dagleg leiar er med i referansegruppa for etablering av næringsbygg og node for næringshage.

Ved etablering av Gulen og Masfjorden Utvikling AS vart det førespegla ein eingongstøtte for etablering av selskapet. Elles var drift ein føresetnad om avkastning på selskapets kapital på 13,5 mill., no 16, 1325 mill. Rentenivået har sunke med over 50% (frå over 6% til no under 3%) som tilseier at avkastinga ikkje gjev dei driftsinntektene som var førespegla.

Gulen kommune gjev støtte til årleg drift av næringsrådet sine ssekretærtjenester, samt etablerarrettleggjeing og søknadshjelp mot kommunalt næringsfond og Innovasjon Norge. Det er ynskje frå dagleg leiar at tenestene er høvesvis like i kommunane, då ein skal jobbe med næringsutvikling i ein felles arbeids- og bustadregion. Det vert derfor søkt om eit driftstilskot på kr. 250.000,- for 2010, samt at eit driftstilskot vert vurdert tatt med i økonomiplanen vidare.

FAKTA

Masfjorden kommune løyvde kr. 250.000 i driftstilskot til GMU i 2009, og finansierte løyvinga med posten "andre nærings tiltak" i kraftfondsbudsjettet for 2009 jf. KS vedtak 8.12.2009, KS sak 103/09. Ytterlegare driftstøtte i åra framover må vere basert på godtgjering i høve til faktisk utførte tenester frå GMU

Føremålet med GMU (§ 4)

Selskapet sitt føremål er å tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar medvirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.

VURDERING

Ved omdanning av GMU frå Gulen og Masfjorden utbyggingselskap til Gulen og Masfjorden utvikling AS, vart det presentert ei skisse for ny eigarstruktur og kapital i nye "GMU", som innebar 250.000,- i driftstilskot frå m.a. Masfjorden kommune. Tolka som eingongsstøtte. Lågt rentenivå siste åra har gitt mindre til drifta av GMU enn kalkulert – og det er difor litt endra føresetnader når det gjeld finansiering av selskapet og difor behov for tilføring av midlar til selskapet (i ein periode, med lågt rentenivå).

Ein har fremja (i tråd med tidlegare politisk sak, at ytterlegare driftstøtte i åra framover må vere basert på godtgjering i høve til faktisk utførte tenester frå GMU), noko GMU ikkje har ville akseptere då ein meiner det vert for tungvint og tidkrevjande med tidsregistrering etc.

Det har vore ein gjennomgang av aktuelle oppgåver som GMU kan utføre på vegne av Masfjorden (og Gulen) kommune. Rettleggjeing for næringsaktørar, div. kring kraftfondet og sekretær for næringsforumet er det ein ser for seg som aktuelle oppgåver. Ein har komme fram til ein samarbeidsplattform som er lik for både Gulen og Masfjorden, og inneber;

Samarbeidsplattform mellom Gulen og Masfjorden Utvikling og kommunane Gulen og Masfjorden.

1. Etablerarrettleiing og gje bistand ved søknad til næringsfondet/ Kraftfondet.
2. Sekretærfunksjon for næringsorganisasjonane.
3. Stimulere til fleire etablerarar.
 - hovudsakleg gjennomarbeidet i næringsforeiningane og regionråda.
4. Gje rettleiing til bedriftsutviklingstiltak.
5. Koordinere og ha oversikt på offentlege verkemidlar.
6. Ha oversikt over ledig næringsareal og lokale til leige.
7. Ha tett samarbeid med namngjevne personar i kommunen som er sakshandsamar på nærings saker. God informasjonsflyt mellom GMU og sakshandsamar. Årleg felles evaluering på adm. nivå.
8. GMU har høve til å ha ei aktiv rolle som representant for kommunane ved offentleg representasjon for næringsarbeid, samt marknadsføring og omdømmebygging. GMU skal då ha fokus på at dei representerer kommunane.
9. Bistå kommunen i arbeidet med busetnad, stadutvikling, infrastruktur, samt stimulere til meir teknologisk utvikling og kompetanseheving i næringslivet. Kommunens planar er grunnlag for arbeidet.
10. Medverke til lokal Strategisk Næringsplan (SNP), koordinert med GMU sitt arbeid (årleg strategisamling) og arbeide med SNP gjennom næringsorganisasjonen, formidle og involvere medlemmane.

Ein ser positivt på samarbeidsplattforma, og legg til grunn at den vert prioritert og følgt opp. Ut i frå denne plattformen for samarbeid, tilrår ein at det vert gitt driftsstøtte for 2010 og 2011. Ein har innarbeidd 250.000 for 2011. For 2010 har vi ei utfordring, då det ikkje er budsjettert med driftsstøtte GMU. Å frigjere 250.000 vil bli vanskeleg, tilrår difor at summen vert sett til kr. 100.000 i 2010 og gjer budsjettendring for 2010 – slik at revidert budsjett og budsjett 2011 vert slik;

	Budsjett 2011	Budsjett 2010
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 360 000	-2 340 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-150 000	-90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0	0
Sum inntekter	-2 650 000	-2 570 000
Utgifter: LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	326 000	250 000
Kraftspel, annonsering tomter/profilering av kommunen/div	200 000	200 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	20 000	20 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000	50 000
Tilrettelegging bustadføremaal	500 000	800 000
Elevbedrift	30 000	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000	20 000
Landbrukstiltak	0	0
Andre næringsstiltak - GMU med 250.000 i 2011	307 000	100 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000	0
Etableringstilskot	470 000	370 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000	600 000
Sum utgifter	2 650 000	2 570 000

KONKLUSJON

Ein tilrår at Masfjorden kommune løyver kr. 100.000 i driftstilskot til GMU A/S for 2010 ved omdisponering og føretekt budsjettendring i kraftfondbudsjettet 2010.

Løyving til GMU vert teke opp til årleg vurdering i samband med handsaming av budsjettet for kraftfondet, og 2011 er det tilrådd støtte med 250.000,-, slik at ein slepp desse sakene som enkeltsaker, og under føresetnad av lågt rentenivå framover legg ein til grunn driftsstøtte i åra framover.

Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsplattforma mellom GMU og kommunane

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	09.12.2010	097/10	Gerd A. Håheim

Arkiv: N-012	Arkivsaknr.: 06/992
--------------	---------------------

SAK 097/10 - KOMMUNESTRUKTURPROSJEKTET I NORDHORDLAND - FELLES UTGREIING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting og vedtak.

Finansiering

Det er forventa at eksisterne kostnader ved eit felles utgreiingsprosjekt kan dekkast inn gjennom eksterne tilskot, - ref skrivet frå Regionrådet.

KS-097/10 VEDTAK:

1. Masfjorden kommunestyre viser til kommunestyrevedtak 74/06 om kommunestruktur.
Dette vedtaket står fast.
2. Masfjorden kommune vil delta i prosessen som skal gje ei ny utgreiing om kommunestruktur i Nordhordland og Gulen.
3. Konklusjonen frå prosessen vert lagt fram for kommunestyret til drøfting.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordførar orienterte om saka.

Liv Oda Dale, sa at AP støttar pkt 1 og pkt 2 i rådmannen sitt framlegg.

Dale gjer framlegg på at pkt 3 går ut, då intensjonen i det punktet er føremålet med saka.

Framlegg på nytt pkt 3:

Konklusjonen frå prosessen vert lagt fram for kommunestyret til drøfting.

Røysting:

Det vart samrøystes vedteke at pkt 3 går ut.

Pkt 1 og 2 i framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt 3 vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	01.11.2006	Kommunal- og Regionaldepartementet	Budsjett for informasjon og innbyggardialog
3	I	08.12.2006	Lindås kommune	Eit nytt Hordaland ? Vedtak frå Lindås kommunestyre
4	I	12.12.2006	Meland Kommune	Melding om vedtak - Meland kommune
7	I	28.12.2006	Radøy kommune	Vedtak frå Radøy kommune om kommunestrukturprosjektet
6	I	04.01.2007	Austrheim kommune	Vedtak frå Austrheim kommune i høve kommunestrukturprosjektet
5	U	05.01.2007	Fedje kommune; Radøy kommune; Meland Kommune; Lindås kommune; Kommunal- og Regionaldepartementet; Austrheim kommune; Regionrådet Nordhordland IKS; Nordhordland Revisjon	Melding om vedtak - Kommunestrukturprosjektet i Nordhordland
8	I	27.04.2007	Kommunal og regionaldep.	Lov om fastsetjing av kommune og fylkesgrenser. Delegering og utfyllande retningsliner
11	I	01.11.2010	Regionrådet Nordhordland IKS	Førespurnad om interesse for å delta i ei felles utgreiing om framtidig kommunestruktur i regionen

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Frå Regionrådet Nordhordland IKS har alle medlemskommunane fått førespurnad om interesse for å delta i eit eventuelt fellesprosjekt rundt utgreiing av framtidig kommunestruktur.

Regionrådet har fått oppmoding frå Radøy kommune om å ta eit initiativ i saka, og den førespurnaden som no er sendt ut, er ein lekk i å finna ut om det er grunnlag for ein eventuell fellesprosess i Regionrådet sin regi.

Vert det ikkje ein prosess i Regionrådet sin regi, kan det likevel henda at nokre av kommunane vel å gå i gong med ei utgreiing. Masfjorden kommune må i så fall på nytt ta stilling til om det er av interesse å vera med i ein slik, avgrensa prosess.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Når spørsmålet er kome på dagsorden no, har det samanheng med dei mange politiske innspela og medieopplaga det siste året om behovet for å vurdere om dagens kommunestruktur er ”robust nok” til å møte framtidige krav til kommunane, m.a. når det gjeld helsereforma/samhandlingsreforma.

I 2006 gjorde kommunane i heile landet (alle unntatt ein) vedtak som sa noko om korleis ein helst ser for seg kommunestrukturen i framtida. Dette var eit prosjekt som var initiert av Kommunal- og regionaldepartementet og KS, og 6 av kommunane i Nordhordland valde å leggja ein felles prosess og felles utgreiingar i botn for drøftingane i dei einskilte kommunestyra. I Nordhordland hadde alle kommunane unntatt Lindås uendra kommunestruktur som førsteprioritet.

Kommunestyremøtet i Masfjorden gjorde 14. desember 2006 slikt vedtak (sak 074/06) når det gjeld det aktuelle spørsmålet:

- 1. Kommunestyret konstaterer at det gjennom vedtak i andre kommunar ikkje er aktuelt å gå vidare i drøftingar mellom alle kommunane i prosjektet om ei eventuell endring av kommunestrukturen i Nordhordland. I sak 21/05 uttalte kommunestyret at prioritet 1 er å framleis vera eigen kommune, og at at prioritet 2 er at alle kommunane i Nordhordland bør gå saman dersom eit overordna vedtak skulle kreve større kommunar. Kommunestyret held fast på denne prioriteringa.*
- 2. Kommunestyret finn det også uaktuelt å gå inn i drøftingar med dei andre kommunane i prosjektet om ein samkommunemodell. Gjennom arbeidet i prosjektet er det etter kommunestyret si vurdering kome fram at ein slik modell vil vera meir komplisert å gjennomføre enn det ein kunne få inntrykk av på førehand.*
- 3. Kommunestyret meiner kommunane i regionen bør vera opne for ei løpande vurdering av samarbeids og kommunestrukturen. Organisering av samarbeidstiltaka mellom kommunane i Nordhordland må setjast på dagsorden straks etter at kommunestrukturprosjektet er avslutta. Utfordringar rundt organiseringa av desse tiltaka var ein av grunnane til at utgreiingsprosjektet vart sett i gong.*
- 4. Kommunestyret meiner at Gulen kommune må delta i dei vidare drøftingane om samarbeid og struktur.*

VURDERING

I skrivet frå Regionrådet heiter det:

”Det er viktig å streka under at deltakinga i ein fellesprosess på ingen måte betyr eit ”ja” til endra kommunestruktur. Gjennom ein slik prosess er meininga å finna klårare svar på korleis den einskilde kommune best kan syta for eit godt tenestetilbod og møta nye utfordringar i framtida. Diskusjonen om kommunestruktur har lett for å få eit preg av kjensler, tru og subjektive oppfatningar. At folkestyret/lokaldemokratiet vert ivaretatt på ein god måte må også ha sterkt fokus i alle vurderingane.”

Det er såleis ”ufarleg” å delta i ein eventuell fellesprosess, men han vil kreva ein del interne ressursar. Prosessen vil truleg bidra til å avklåra dei utfordringane den einskilde kommune vil stå ovanfor når det gjeld endra og nye krav i framtida.

KONKLUSJON

Saka vert lagt fram for drøfting og vedtak..

Innlegg frå partia i rekkefylgje:

Senterpartiet v/Vigdis Søvik:

- Det ligg føre eit bra budsjett – godt jobba av administrasjonen.
- Tiltaket Tidleg innsats - varig verknad har styrka skulen.
- Store utfordringar på investeringssida - viktig å tenkja framover og arbeida aktivt med prosjekta som ligg føre.
- Det må arbeidast vidare med fleirbrukshall. Hostelandsgruppa har arbeidd fram planar om denne hallen og vil åtvare mot å skrinleggja prosjektet.
- Positiv utvikling i høve folketalet i kommunen.
- Det må og jobbast vidare med å få ferjefri kryssing av Masfjorden.
- **Sp har ingen endringsforslag til årsbudsjettet.**

Arbeidarpartiet v/Liv Oda Dale:

- Det har vore ein god prosess med budsjettarbeidet.
Driftskostnadene frå 2010 er vidareført, dvs at det er noko nedgang.
- Masfjorden kommune er heldig som slepp nedlegging av skular.
- Det er gjort mykje når det gjeld dei kommunale vegane.
- Matre vassverk er godt i gang.
- **Ap har ngen endringsframlegg til årsbudsjettet.**

Ap har to forslag som me ynskjer utgreidd til revidert budsjett:

- Det eine gjeld Nordbygda barnehage og kapasiteten der.
- Framtidig bruk av Den gamle alders- og sjukeheimen.

Venstre v/Leila T. Andvik:

- Ingen endringsforslag.
- Har tillit til rådmannen si økonomistyring.
- Sjå meir på dei store linjene.
- Som folkevalde har me eit ansvar for kommunen her og no.

Høgre v/ Karstein Totland:

- Bra at me har fått eit budsjett i balanse.
- Brukarundersøkinga viser at me driv kommunen bra.
Undersøkinga viste og at mange ynskjer ferjefritt samband over fjorden.
Dette må me jobba for.
- Kommuneplanen er viktig og at alle er med og støttar opp om den.
- Etableringstilskot med nytt pkt 8 er eit bra tiltak for å stimulera til bustadbygging og auke i folketal.
- Symjebassenget og opprusting av det har me allereie vedteke.
- Det er eit ekstremt vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg og det er ikkje budsjettert til dette i årets budsjett.
- **Høgre har ikkje store endringar til årsbudsjettet, men kjem med ei endring på gebyrregulativet.**

Framstegspartiet v/Willy Borge:

- Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova har til dels alt for store auke på enkelte område.
- Kommunale avgifter må ikkje auka for mykje. Me treng fleire innbyggjarar og rette måten å klara det på er ikkje å ha for høge prisar på gebyr og avgifter.
- Vegvedlikehaldet må styrkast – meir fast dekke på kommunale vegar.
- Eldremilliarden – Masfjorden sin del må øymerkast PLO
Spesielt Masfjorden sjukeheim som no har for liten kapasitet.
- **Endringsframlegg til årsbudsjettet: 1 million ekstra til vegvedlikehald**

Kristeleg folkeparti v/Marit Steinestø:

- Kjekt at me kan vidareføra budsjettnivået frå i fjor.
- Bra at me har hatt folketalsauke. Klarar me å halda fram slik vil det bety meir overføring av midlar i form av rammetilskot.
- Viktig å kunna tilby barnehageplassar i heile kommunen.
- Flott at kommunen har teke inn 7 lærlingar. Lærlingeordninga må vidareførast
- I investeringsbudsjett er det Matre vassverk og Matre symjebasseng som er dei store kostnadane. Viktig å få dette på plass.
- Det er også viktig å halda fokus på prosjektet med bru over Masfjorden.
- **KrF har ingen endringsframlegg til årsbudsjettet.**

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	30.11.2010	027/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	09.12.2010	098/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 10/904
--------------	---------------------

SAK 098/10 - KRAFTFONDBUDSJETT FOR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsbudsjettet 2011 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

	Budsjett
	2011
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 360 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-150 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
Sum inntekter	-2 650 000
Utgifter: LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	326 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatordninga	20 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
Tilrettelegging bustadføre mål	500 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
Landbrukstiltak	0
Andre næringsstiltak - GMU	307 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
Etableringstilskot	470 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
Sum utgifter	2 650 000

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

Heimel

Vedtektene for kraftfondet

KS-098/10 VEDTAK :**1. Årsbudsjettet 2011 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

	Budsjet 2011
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 360 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-150 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
Sum inntekter	<u><u>-2 650 000</u></u>
Utgifter: LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent	2009 326 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/di	200 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatorordninga	20 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
Tilrettelegging bustadføremål	500 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
Landbrukstiltak	0
Andre næringstiltak – herunder GMU	307 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
Etableringstilskot	470 000
Frie fondsmidlar til fordeling	<u>600 000</u>
Sum utgifter	<u><u>2 650 000</u></u>

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

Heimel

Vedtektene for kraftfondet

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordfører Håkon Matre orienterte om endringa som vart gjort i kraftfondsstyret.

John Torsvik, H, gjorde framlegg om at det vert oppretta eit stipend til næringsretta masteroppgåve og at dette vert lagt inn i kraftfondbudsjettet.

Rådmann Lovisa Midtbø, sa at kommunen har motteke eit skriv frå Høgre om dette. Det er ikkje lagt fram her i dag då dette må utgreiast nærare. Dette vil bli teke opp i samband med rullering av budsjettet i februar.

Vigdis Søvik, Sp, stilte spørsmål i høve posten om mjølkekvoter. Summen er halvert frå 2009.

Det er ikkje det store beløpet, men det kan bety noko for næringa.

I høve ungdom som vil driva gardsbruk må me signalisera at landbruket er ei viktig næring som kommunen støttar opp om sa Søvik.

Søvik gjer framlegg på å auka posten opp att til 2009 nivå.

Rådmann Lovisa Midtbø, sa at summen i budsjettet er sett opp i høve til dei søknadane som har vore siste år. Dei som søker om støtte til mjølkekvotar vil få etter dei retningslinjene me har uansett om summen i budsjettet blir overskriden.

Røysting:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT-027/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**1. Årsbudsjettet 2011 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

	Budsjet
	2011
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 360 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-150 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
Sum inntekter	<u>-2 650 000</u>
Utgifter: LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	326 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/di	200 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatorordninga	20 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
Tilrettelegging bustadføremål	500 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
Landbrukstiltak	0
Andre næringstiltak – herunder GMU	307 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
Etableringstilskot	470 000
Frie fondsmidlar til fordeling	<u>600 000</u>
Sum utgifter	<u>2 650 000</u>

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

Heimel

Vedtektene for kraftfondet

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 30.11.2010:

Ordfører Håkon Matre orienterte.

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, stilte spørsmål i høve pkt 5 i saksutgreiinga der det står:

”Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett.”

Borge spurde kva desse 50.000 var som vart overført administrasjonen og om dette var nedfelt i vedtektene.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at dette er renter av fondskapitalen som skal dekkja alt det administrative arbeidet rundt kraftfondet.

Borge gjorde og framlegg at GMU vart stroke i teksten under ”Andre nærings tiltak – GMU”

Ordfører Håkon Matre svara det heller kunne stå: **Andre nærings tiltak – herunder GMU**. Formannskapet slutta seg til dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med endringsframlegg frå ordfører.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Kraftfondet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon, justert kvart 5.år. Sist justering var i 2005, kor konsesjonsavgifta vart sett til 2.340.000. Ny justering i 2010 med minimale endringar i inntektene.

I tillegg til tilføring av konsesjonsavgift blir fondet tilført midlar i form av attendebetaling utlån kraftfondet – i budsjettframlegg år 2011 har vi lagt til grunn kr. 120.000,- i avdrag og 30.000 i rente utlån. Renteinntekter av fondsmidlane er budsjettert til 140.000,-.

Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, og ikkje tilført kraftfondet. Framlegget er i tråd med politisk fleirtal siste åra.

Postar under budsjettet til kraftfondet 2011;

1. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for reiselivslaget (ca. 40.000), regionrådet (110.000), Hordaland olje og gass (10.000) og LVK (90.000) for 2011 og finanspostar ført under teneste 32501 (i alt 56.000). Kontingent vert ført under teneste 32501 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
2. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott (men med ein auke) på inntil kr. 200.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement, støtteannonser, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordfører i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.
3. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon.
4. Sertifikatordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er lagt opp til kurs i 2011 for nye aldersgrupper, slik at tilbodet vert vidareført i tråd med intensjonen.
5. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto 19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
6. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføremål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det er gitt signal og gjort vedtak om støtte – som kjem til utbetaling m.a.i 2011.
7. Det ligg inne midlar til elevbedrift – same nivå som siste åra, men tiltak berre i liten grad iverksett (kr. 30.000). Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles
8. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvotar – omfanget av kjøp har svinga, med gradvis minka. Lagt inn 10.000,- for 2011. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
9. 2009 budsjettet vart det halde att ein sum til andre næringsstiltak – ein pott som kunne brukast til GMU (250.000). GMU ansåg ein som eingongstøtte – men lågt rentenivå tilseier løyvingar i åra framover. Elles kan posten brukast til andre næringsforhold som er aktuelle – f.eks kjøp av tenester – konsulent – utgreiingar kring utarbeiding av strategisk næringsplan.

10. Det er sett av ein stort pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader siste åra, samt at tilskotet kan knytast til pkt. 6 medfinansiering nye bustadfelt.
11. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund i 2008, vidareføring av prøveprosjektet som hittil har gått i litt over 2 år, dvs. løyving frå Masfjorden kommune v/kraftfondet med 100.000,-. Deler av ordninga er no innarbeidd i rutetilbodet, og løyvinga frå kommunen fell vekk. Nytt utvida tilbod, krev løyving – lagt inn forventa kostnad 2011.
12. Ein har i nokre år budsjettert med 1,2 mill.kr. i frie midlar kraftfondet til næringsføremål. Tanken var at midlane (1,2 mill.kr.) skulle fordelast med 50/50% fordeling på tilskot og lån. Status er at dei aller fleste søker om berre tilskot. Tiltrår ut i frå søknadsmassen dei seinare år (unnatak 2.tildeling 2008) at summen frie fondsmidlar vert sett ned til 600.000,-. Masfjorden kommune toppar klart i Hordaland fylke med sum frie fondsmidlar til næringslivet – dette kan føre fokus vekk frå andre offentlege støtteordningar.

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-12 for 2008/11, samt inntektsføresetnadene.

Budsjettframlegg Masfjorden kraftfond 2011

	Budsjett 2011	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Budsjett 2008
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 360 000	-2 340 000	-2 340 000	-2 340 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-150 000	-90 000	-90 000	-90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000	-140 000	-140 000	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0	0	-100 000	
Sum inntekter	-2 650 000	-2 570 000	-2 670 000	-2 570 000
Utgifter: LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	326 000	250 000	200 000	200 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	200 000	150 000	150 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	30 000	30 000	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	20 000	20 000	40 000	100 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000	50 000	40 000	40 000
Tilrettelegging bustadføremål	500 000	800 000	800 000	460 000
Elevbedrift	30 000	30 000	30 000	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000	20 000	10 000	10 000
Landbrukstiltak	0	0	100 000	
Andre næringstiltak - GMU	307 000	0	250 000	
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000	0	200 000	100 000
Etableringstilskot	470 000	470 000	120 000	150 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000	600 000	600 000	1 200 000
Sum utgifter	2 650 000	2 570 000	2 670 000	2 570 000

Det kjem elles kostnader i 2011 knytt til tidlegare års vedtak, m.a. løyving og vedtak kring satsing ferjefri kryssing av fjorden.

Pilotprosjektet med eige budsjett. Budsjettføresetnadene her tilseier at 2011 budsjettet først kan handsamast ut på nyåret, etter klargjering med Hordaland fylkeskommune. Det er budsjettert med driftspostar pilot under teneste 32505 i 2011 budsjettet til kommunen, med 100% fylkeskommunal finansiering. Brutto 600.000,-.

KONKLUSJON

Det vert lagt fram eit balansert 2011 budsjett for kraftfondet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	100/10	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	09.12.2010	099/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 09/746
--------------	---------------------

SAK 099/100 - EIGENBETALING PLEIE OG OMSORG FOR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = 75.641,-) Pr 1. mai 2010	Inntektsramme	Satsar pr time	Pris pr måned
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 151.282		157,-
2G - 3 G «	151.281 – 226,923	55,-	559,-
3 G - 4 G «	226.923 – 302.564	68,-	705,-
4 G - 5 G «	302.564 – 378.205	100,-	1050,-
over 5 G «	378.205 -----	134,-	1400,-

2. Husleige i omsorgsbustader 2011 vert auka med 3,5 % til kr 5.102,- pr. mnd.
(uendra frå 2009 og 2010)

3. Satsar for kortidsopphald institusjon:
kr. 121,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år. (uendra frå 2010)

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 61,-

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 240,- pr mnd for 2011.
Fritak for minstepensjonistar.

Finansiering
Budsjett 2011

FS-100/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = 75.641,-) Pr 1. mai 2010	Inntektsramme	Satsar pr time	Pris pr måned
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 151.282		157,-
2G - 3 G «	151.281 – 226,923	55,-	559,-
3 G - 4 G «	226.923 – 302.564	68,-	705,-
4 G - 5 G «	302.564 – 378.205	100,-	1050,-
over 5 G «	378.205 -----	134,-	1400,-

2. Husleige i omsorgsbustader 2011 vert auka med 3,5 % til kr 5.102,- pr. mnd.
(uendra frå 2009 og 2010)

3. Satsar for kortidsopphald institusjon:
kr. 121,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år. (uendra frå 2010)

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 61,-

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 240,- pr mnd for 2011.
Fritak for minstepensjonistar.

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ELDR-017/10 UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

Eldrerådet tek formannskapet si tilråding om eigenbetaling for Pleie og omsorg 1011 til orientering med denne merknaden:

Eldrerådet ber om at leigeprisane for omsorgsbustader vert halde på noverande nivå så sant det let seg gjera. (Jfr. vedtak i eldrerådet 04.10.2010)

Det skjedde i Eldrerådet den 29.11.2010:

Ordførar orienterte og gjekk gjennom punkt for punkt i tilrådinga frå formannskapet. Saka vart drøfta.

Eldrerådet gjore samrøystes slikt vedtak:

Eldrerådet tek formannskapet si tilråding om eigenbetaling for Pleie og omsorg 1011 til orientering med denne merknaden:

Eldrerådet ber om at leigeprisane for omsorgsbustader vert halde på noverande nivå så sant det let seg gjera. (Jfr. vedtak i eldrerådet 04.10.2010)

KS-99/10 VEDTAK:**1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:**

Grunnlag (1G = 75.641,-) Pr 1. mai 2010	Inntektsramme	Satsar pr time	Pris pr måned
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 151.282		157,-
2G - 3 G «	151.281 – 226,923	55,-	559,-
3 G - 4 G «	226.923 – 302.564	68,-	705,-
4 G - 5 G «	302.564 – 378.205	100,-	1050,-
over 5 G «	378.205 -----	134,-	1400,-

2. Husleige i omsorgsbustader 2011 vert auka med 3,5 % til kr 5.102,- pr. mnd.
(uendra frå 2009 og 2010)

3. Satsar for kortidsopphald institusjon:
kr. 121,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år. (uendra frå 2010)

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 61,-

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 240,- pr mnd for 2011.
Fritak for minstepensjonistar.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	30.12.2009	Einingsleiarane i pleie- og omsorg	Melding om politisk vedtak - Budsjett 2010 - Eigenbetaling pleie og omsorg 2010

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

SAKSTILFANG:

Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 01.01.2009.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN OG FAKTA

Satsane for eigenbetaling i pleie og omsorgstenestene skal vedtakast årleg i samband med budsjettvedtak. I pleie og omsorgstenestene er delar av eigenbetalingsattsane fastsett ved forskrift sentralt. Dette gjeld eigenbetaling for opphald i sjukeheim, betaling for medisin, transport osv.

Frå sentralt hald er det også sett maksimalsatsar for heimetenester og kortidsopphald i sjukeheim. For 2010 vart det lagt inn ei auke frå 118 til 121, jfr. brev frå Helse- og omsorgsdepartementet dagsett 01.01.2009.

I år har kommunen ikkje motteke brev med melding om auke for desse satsane.

Heimetenester

Staten har fastsett at det ikkje er høve til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie. For heimehjelp/praktisk bistand i heimen er det sett maksimalsatsar etter inntektsnivå hjå brukaren/husstand.

Satsar for husleige i omsorgsbustader

Satsane for husleige i omsorgsbustadene er til vanleg justert årleg i samband med vurdering av pleie og omsorgstenestene. Tiltaket omsorgsbustader er formelt ein del av pleie og omsorgstenestene. Husleiga kan ikkje aukast fyrste året for dei som bur i omsorgsbustad/kommunal bustad. (jfr. husleigelova)

Framlegg frå rådmannen:

Husleiga for omsorgsbustader vert auka med 3,5 % for 2011.
(Uendra i 2009 og 2010 kr. 4.930)

Husleiga vert sett til kr. 5.102,- gjeldande frå 01.04.2011.

Satsar for korttidsopphald institusjon

Jfr. skriv frå Helse- og omsorgsdepartementet dagsett 010109 vert eigendelen for korttidsopphald auka frå 118,- til 121,- kr pr døgn.

For dag- og nattopphald vart eigendelen auka til kr. 61,- pr dag/natt.

Fribeløpet før berekning vert sett til kr. 6.200,-.

Framlegg frå rådmannen:

Satsar for korttidsopphald vert uendra frå 2010. Satsen er kr. 121,- pr døgn, inntil 60 døgn pr år.

For fast dagplass vert satsen sett til kr. 61 pr dag/natt. (uendra frå 2010)

Satsane for matombringning for år 2010

Kr. 57 - pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68,- pr middag for stor porsjon

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

Satsane har vore uendra i 2005, 2006, 2007 og 2008, men auka med kr. 5,- for 2009.

Framlegg frå rådmannen:

Satsane for matombringning vert uendra for 2011.

Tryggleiksalarm

Eigenbetaling for tryggleiksalarm vart i budsjett 2009 sett til kr. 225,- pr mnd med fritak for minstepensjonistar.

Framlegg frå rådmannen:

Tryggleiksalarm vert auka frå kr. 235,- til kr. 240,- for 2011.

I budsjettet for 2008 vart det gjort vedtak om fritak for minstepensjonistar.

Rådmannen gjer framlegg om fritak for minstepensjonistar vert oppretthalde.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	093/10	Alf Strand
Kommunestyret	09.12.2010	100/10	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-21	Arkivsaknr.: 09/726
--------------------	---------------------

SAK 100/10 - SFO-SATSAR FOR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

SFO-satsane vert auka med 3,5% frå 1. april 2011. Samstundes vert søskenmoderasjonen utvida frå 25 til 30% for barn nr. 2.

Finansiering

Er innarbeidd i budsjettframlegget

Heimel

§1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-093/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2011. Samstundes vert søskenmoderasjonen utvida frå 25 til 30 % for barn nr. 2.

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Vigdis Søvik (Sp) var fråverande då denne saka vart handsama.

Rådgjevar for oppvekst og kultur, Alf Strand, møtte til denne saka.

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Det er lagt inn ein liten auke i budsjettet for foreldrebetalinga for SFO men det dekker ikkje den generell løns- og prisauke. Det er usikkerhet knytt til dette for di ein veit ikkje kor mange elevar som vil nytte SFO-tilbodet neste skuleår.

Leksehjelp er rekna som 2 timar pr veke pr klassetrinn – til saman 8 timar pr skule.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-100/10 VEDTAK:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2011. Samstundes vert søskenmoderasjonen utvida frå 25 til 30 % for barn nr. 2.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Bjørn Egil Nordland, Ap, spurde om kva som er grensa for opptak i SFO. Er det til og med 5 timar eller opp til 6 timar. Viktig at dette vert klargjort slik at foreldra veit kva dei har bestilt og kva dei betalar for.

Rådgjevar Alf Strand sa at han ikkje kunne svara på dette i dag. Regelverket er vedteke for lenge sidan. Dette skal blir undersøkt og gjort kjent.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:**SAKSUTGREIING:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	04.01.2010	Skulane	SFO-satsar for 2010 - melding om vedtak

BAKGRUNN/ FAKTA

SFO-satsane skal vedtakast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år. I kommunestyresak 88/09 vart SFO-satsane i Masfjorden fastsette slik for 2010:

Opptil	6 timar	kr. 430
Opptil	10 timar	” 860
Opptil	14 timar	” 1185
14 timar og over		kr 1720

VURDERING

Det var auke i SFO-satsane med 2,5 % frå 2009 til 2010. I budsjettarbeidet i år er det lagt til grunn ein prisauke på 3,5 %.

Ein auke i SFO-satsane på 3,5 % er såleis på linje med den generelle prisstigninga. I sak 65/10 vedtok kommunestyret å innføra søskenmoderasjon i barnehagane med 30 % for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3. I SFO har ein brukt 25 og 50 % søskenmoderasjon. Det vil vera rimeleg å ha same moderasjonssatsane i barnehage og SFO.

KONKLUSJON

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2011. Samstundes vert søskenmoderasjonen utvida frå 25 til 30% for barn nr. 2.

Dei nye satsane er:

Opptil 6 timar	kr. 445
Opptil 10 timar	” 890
Opptil 14 timar	” 1.225
14 timar og over	” 1.780

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	094/10	Alf Strand
Kommunestyret	09.12.2010	101/10	Alf Strand

Arkiv: N-212.314	Arkivsaknr.: 10/815
------------------	---------------------

SAK 101/10 - ELEVBETALING IDRETTSSKULEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Elevbetalinga for tilbodet i idrettsskulen vert auka til kr 350 pr. elev pr. skuleår gjeldande frå hausten 2011.

Finansiering

Er lagt inn i budsjettet for 2011.

Heimel

§1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-094/10 ILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Elevbetalinga for tilbodet i idrettsskulen vert auka til kr 350 pr. elev pr. skuleår gjeldande frå hausten 2011.

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Vigdis Søvik (Sp) var fråverande då denne saka vart handsama.

Rådgjevar for oppvekst og kultur, Alf Strand, møtte til denne saka.

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Ein bør vurdere om prisen for idrettsskulen er sett for låg sidan det er fleire som melder seg på som ikkje møter likevel.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-101/10 VEDTAK :

Elevbetalinga for tilbodet i idrettsskulen vert auka til kr 350 pr. elev pr. skuleår gjeldande frå hausten 2011.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Frå hausten 2010 har elevbetalinga i idrettsskulen vore kr 300 pr. elev pr. skuleår. Dette er eit rimeleg tilbod. Kvar elev i idrettsskulen får eit aktivitetstilbod i 2 skuletimar pr. veke, 76 timar pr. skuleår. Timeprisen vert såleis ganske låg. Lønsutgiftene i idrettsskulen aukar.

KONKLUSJON

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 350 pr. elev pr. skuleår frå hausten 2011.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	096/10	Alf Strand
Kommunestyret	09.12.2010	102/10	Alf Strand

Arkiv: N-212.04	Arkivsaknr.: 10/817
-----------------	---------------------

SAK102/10 - RAMMETIMETALET 2011-2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2011-12 vert fastsett innanfor dei vedtekte rammene for budsjettet 2011 til 760 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Sosialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekte budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Finansiering

Innanfor vedteke budsjett 2011

Heimel

FS-096/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2011-12 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2011 til 760 t/v.
2. Timane skal dekkja:
 - a. Timar etter fag- og timebyteplan
 - b. Delingstimar
 - c. Kontaktlærartenesta
 - d. Sosialpedagogiske tenester/rådgeving
 - e. Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
 - f. Sosialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Dina M. K. Dyrhovden (Ap) sa seg ugild i denne saka sidan ho er rektor på Sandes skule og har kome med innspel direkte i saka. Det vart samrøystes vedteke at Dyrhovden var ugild. **Vigdis Søvik** var fråverande då denne saka vart handsama.

Rådgjevar for oppvekst og kultur, Alf Strand, møtte til denne saka.

Rådgjevar orienterte kort om endringane som var gjort frå innspela til rektorane kom til framlegg til vedtak vart sendt ut. Saka vart drøfta.

Det er ein reduksjon på 10 timar frå dette skuleåret til neste samstundes som elevtalet går ned med 9 elevar. Det er dei siste åra nytta mykje pengar på å oppgrade læremateriell. Det er ikkje behov for like mykje pengar dette året, så den summen som tidlegare har gått til dette formålet er fordelt på andre formål innafor kvar skule for år 2011.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-102/10 VEDTAK :

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2011-12 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2011 til 760 t/v.
2. Timane skal dekkja:
 - a. Timar etter fag- og timebyteplan
 - b. Delingstimar
 - c. Kontaktlærartenesta
 - d. Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
 - e. Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
 - f. Sosialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Dina Dyrhovden, Ap, sa seg ugild sidan ho har vore med å førebudd saka. Det vart samrøystes vedteke at Dyrhovden var ugild. Ho forlet no møtet.

Liv Oda Dale, Ap, spurde om kva papir er sendt ut og kva som er offentlege i saka.

Dale gav uttrykk for at det er nok at rådmannen sitt framlegg vert lagt fram, og ikkje skulane sine framlegg. Ber om at det vert gjort for ettertida.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	26.10.2010	Rektorane i Masfjorden	Framlegg frå rektorane til rammetimetal 2011- 2012

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i samband med budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule i samsvar med tildelt budsjetttramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin gjennomgang ligg ved. Lønsbudsjettet for kvar skule vil deretter bli sett opp med bakgrunn i vedteke rammetimetal.

HØYRING

Rektorane har hatt rådmannen sitt framlegg ute til høyring.

FAKTA/ VURDERING

Utviklinga av rammetimetal dei siste åra

Skuleår	Rammetimetal	Elevtal
2000-2001	811,1	269
2001-02	783,2	269
2002-03	785	260
2003-04	799	254
2004-05	750	243
2005-06	777,5	241
2006-07	796,5	234
2007-08	796,5	225
2008-09	790	223
2009-10	768	225
2010-11	770	219
2011-12	760	210

Rådmannen legg i sitt framlegg opp til ein reduksjon i rammetimetalet for skuleåret 2011-2012 på 9 timar til skulane i høve til det skuleåret me no er inne i. I tillegg er timetalet til spesialundervisning for vaksne redusert med ein time.

Rådmannen har tildelt Matre skular nok timar til at ein kan la 1. klasse gå åleine, sjølv om det ikkje er fleire elevar i 1. og 2. klasse enn at dei kunne vore ein klasse. Dette er i samsvar med den vekt sentrale styresmakter legg på tidleg tiltak og auka lærartettleik i småskulen, og rådmannen finn det rett å prioritera desse årsstega.

Som det går fram av tabellen over, er me inne i ein periode med nedgang i elevtalet. Sandnes skule hadde nedgang i fjor, dette året er det Nordbygda som vil få ein liknande nedgang.

Sjølv om elevtalet går ned, vil det ikkje gjera stort utslag på klassetalet, då det er grenser for kor mange elevar du kan ha i ein klasse der fleire enn to årskull går saman.

KONKLUSJON

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2010-11 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafor vedteke budsjett 2011.

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2011-12 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2011 til 760 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Sosialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	095/10	Alf Strand
Kommunestyret	09.12.2010	103/10	Alf Strand

Arkiv: N-113 - Kommunale avgifter, N-211	Arkivsaknr.: 10/816
--	---------------------

SAK 103/10 - BARNEHAGESATSAR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5% frå 1. april 2011. Ein fulltidsklass vil då kosta kr 1995 pr. månad.

Finansiering

Er lagt inn i barnehagebudsjetta

Heimel

§ 1 i Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-095/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2011. Ein fulltidsklass vil då kosta kr 1995 pr. månad.

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Vigdis Søvik (Sp) var fråverande då denne saka vart handsama.

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-103/10 VEDTAK:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2011. Ein fulltids plass vil då kosta kr 1995 pr. månad.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Wenke Ekren, H, spurde om det kjem rekning på mat i tillegg til desse satsane og om matpengane kan trekkast i frå på sjølvmeldinga.

Rådgjevar Alf Strand sa at alle prisar som er oppgjeve også i statlege samanhengar er utan matpengar. Strand sa at han trur ikkje at matpengane kan trekkast frå på sjølvmeldinga.

Willy Borge, Frp, spurde om det er lov å auka barnehagesatsane fleire gonger i året?

Rådgjevar Alf Strand sa at ein kan auka barnehagesatsane med tre månaders varsel.

Leila T. Andvik, V, sa at det er positivt at Masfjorden framleis ligg under makspris. Ho spurde om det framleis gunstig for foreldra med avtalen om berre 5 dagars plass.

Rådgjevar Alf Strand sa at dette er eit vanskeleg spørsmål. Dette med berre 5 dagars plassar heng saman med statstilskotet. Ein fekk meir ut meir tilskot med berre 5 dagars plassar.

Dette gjeld ikkje no lenger. Øyremerka midlar til barnehage er no vekke.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING**

Barnehagesatsane i Masfjorden vart auka med 10% frå 1. april 2009. Ein heildagsplass kostar no kr 1815 pr. mnd. I sak 65/10 vedtok kommunestyret å auka barnehagesatsane frå 1815 til 1900 kr pr. mnd frå 1. januar 2011. Samstundes vart det innført søskenmoderasjon på 30 og 50%.

Staten finansierer ikkje lenger drift og etablering av nye barnehageplassar gjennom øyremerka tilskot. Tilskota til barnehagar ligg inne i rammetilskotet til kommunane frå og med 2011. Maksprisen er pr. i dag 2330 kr pr. mnd.

KONKLUSJON

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5% frå 1. april 2011. Ein fulltids plass vil då kosta kr 1995 pr. måned.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	097/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	09.12.2010	104/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113, N-57	Arkivsaknr.: 10/818
--------------------	---------------------

SAK 104/10 - GEBYRSATSAR RENOVASJON FOR MASFJORDEN KOMMUNE FOR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyratsane for renovasjonstenesta i år 2011 følgjer av tabellen under:

RENOVASJON	2011		
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 616,-	5,0 %	3 270,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	2 936,-	9,1 %	3 670,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	2 296,-	0,2 %	2 870,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	2 216,-	5,9 %	3 170,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	2 536,-	10,6 %	3 170,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	1 896,-	0,2 %	2 370,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 308,-	5,0 %	1 635,-

Finansiering

Sjølvkostprinsippet

Heimel

Forureiningslova

Utskrift vert sendt:

Nordhordland og Gulen
renovasjonsselskap

Kjevikdalen

5956 VÅGSEIDET

KS-104/10 VEDTAK:

Gebyratsane for renovasjonstenesta i år 2011 følgjer av tabellen under:

RENOVASJON	2011		
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 616,-	5,0 %	3 270,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	2 936,-	9,1 %	3 670,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	2 296,-	0,2 %	2 870,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	2 216,-	5,9 %	2 770,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	2 536,-	10,6 %	3 170,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	1 896,-	0,2 %	2 370,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 308,-	5,0 %	1 635,-

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Saka vart drøfta.

Siri Kratzmeier, KrF, kommenterte auken på 10,6 % for årsavgift m/komp. m/stor dunk og påpeika at denne auken var stor.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at gjennomsnittsauken er ikkje så stor, viss ein ser samla på satsane.

Wenke Ekren, H, opplyste om at ho var med i styret i NGIR tidlegare. Ho sa at den avtalen ein hadde med tidlegare transportør var gunstig, I skrivet frå NGIR står det at avtale med ny transportør er grunngjeve som årsak til auken.

Willy Borge, Frp, ber kommunen kan senda skriv til NGIR der det vert påpeika at kommunestyret i Masfjorden syns det er for høg prosentvis auke nokre av renovasjonssatsane.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

ELDR-019/10 UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

Eldrerådet tok samrøystes tilrådinga frå formannskapet til gebyrsatsar for renovasjon 2011 til orientering.

FS-097/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrsatsane for renovasjonstenesta i år 2011 følgjer av tabellen under:

	RENOVASJON		2011
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 616,-	5,0 %	3 270,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	2 936,-	9,1 %	3 670,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	2 296,-	0,2 %	2 870,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	2 216,-	5,9 %	2 770,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	2 536,-	10,6 %	3 170,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	1 896,-	0,2 %	2 370,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 308,-	5,0 %	1 635,-

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss møtte til denne saka.

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Willy Borge (FrP) peikte på at i denne saka hadde ein ikkje reell påvirkningskraft, Rådmannen svarte at det var likevel viktig å handsame saka og slik sende signal til representantskapet,

Ass. rådmann peikte på at NGIR kunne vore litt klarare på sjølvkost i si saksutgreiing og i brevet som vert utsendt til kommunane.

Rådmannen peikte på at det var ein skrivefeil i kolonna inkl.mva og skal rette det til kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	26.10.2010	NGIR	Vedk gebyr renovasjon og slam for 2011

Utskrift vert sendt:

Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap Kjevikdalen 5956 VÅGSEIDET

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Masfjorden kommunen vedtok i k-sak 0064/03 og i k-sak 0132/03 og overføre alle oppgaver som har med renovasjon å gjere til NGIR. Kommunen fastset framleis renovasjonsgebyra for abonnentane i Masfjorden kommune kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

FAKTA

Dei kommunale avgiftene vart sist regulert 01.01.2010 etter vedtak i kommunestyret 08.12.09 som sak 094/09.

VURDERING

Vedtak frå representantskapet i NGIR den 25.10.2010 gjer framlegg om ei auke på kr. 124,- eks mva for alle avgiftstypane unnateke for dei som leverer restavfall kvar 4 veke. Dette er i hovudsak grunna slik:

Nytt transportanbod og levering av restavfall til forbrenning gjer kostnadsforskjellane større enn rabatten ein får for berre å levere restavfall kvar 4.veke. Ein føreset då at dei som leverer avfall kvar 4.veke berre leverer halvparten så mykje som dei som leverer kvar 2. veke. NGIR gjer difor framlegg om at differansen mellom desse to gebyra aukar frå kr. 250,- til kr. 400,- (begge inkl. mva)

NGIR får frå 01.01.2011 ny transportør. Denne kontrakten åleine gjer at gebyra aukar med kr130,-.

Bruk av utjammingsfond reduserer gebyret med kr. 10,- (eks mva) mens andre forhold gjer ei gebyrauke på 4,- (eks mva)

Renovasjonsgebyra er sett opp i tabellen under saman med renovasjonsgebyra for Masfjorden kommune dei siste åra. Rabatt/tillegg er frå år 2011 auka til kr 320,- + mva = kr 400,-

Avgift	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Renovasjon						
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	1 948,80	1 996,80	2 076,-	2 292,-	2 492,-	2 616,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	2 148,80	2 196,80	2 276,-	2 492,-	2 692,-	2 936,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	1 748,80	1 796,80	1 876,-	2 092,-	2 292,-	2 296,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	1 548,80	1 596,80	1 676,-	1 892,-	2 092,-	2 216,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	1 748,80	1 796,80	1 876,-	2 092,-	2 292,-	2 536,-

Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	1 348,80	1 396,80	1 476,-	1 692,-	1 892,-	1 896,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad	974,4	982,00	998,40	1 146,-	1 246,-	1 308,-

KONKLUSJON

Masfjorden kommunen føl auken i renovasjonsgebyra vedteken av representantskapet i NGIR og aukar renovasjonsgebyret med kr. 124,- eks mva.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	098/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	09.12.2010	105/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 10/846
--------------	---------------------

SAK 105/10 - KOMMUNALE AVGIFTER FOR 2010 - VATN, AVLAUP, SLAM OG FEING + LANDBRUKSSAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebysatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feing og oppgaver knytt til landbrukskontoret for år 2011 følgjer av tabellen under:

Avgift	2011	Auke
Vassavgift		
Årsavgift	4 500	7,1 %
Årsavgift for hytter	3 850	8,5 %
Tilknytingsavgift	16 000	6,7 %
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 300	
Fastpris vassmålar	1 800	7,1 %
Vatn inn pris pr m ³	12,20	6,1 %
Avlaup		
Årsavgift	2 600	5,3 %
Tilknytingsavgift	16 000	6,7 %
Vatn ut pris pr m ³	12,20	6,1 %
Slamtømming		
Slamtømming	890	2,3 %
Feing		
Feing	330	4,8 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret		
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker		
• kontorarbeid	540	5,9 %
• feltarbeid	710	4,4 %

Finansiering

Sjølvkostprinsippet

Heimel

KS-105/10 VEDTAK :

Gebyransatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgåver knytt til landbrukskontoret for år 2011 følgjer av tabellen under:

Avgift	2011	Auke
Vassavgift		
Årsavgift	4 500	7,1 %
Årsavgift for hytter	3 850	8,5 %
Tilknytingsavgift	16 000	6,7 %
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 300	
Fastpris vassmålar	1 800	7,1 %
Vatn inn pris pr m ³	12,20	6,1 %
Avlaup		
Årsavgift	2 600	5,3 %
Tilknytingsavgift	16 000	6,7 %
Vatn ut pris pr m ³	12,20	6,1 %
Slamtømming		
Slamtømming	890	2,3 %
Feiing		
Feiing	330	4,8 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret		
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker		
• kontorarbeid	540	5,9 %
• feltarbeid	710	4,4 %

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal, Frp, kommenterte at avgiftene aukar ganske mykje, spesielt tilknytingsavgiftene som hovudsakleg går på nyetablerarar.

Det er viktig å få nye innbyggjarar til kommunen. Ein må difor prøva å halda avgiftene på eit anstendig nivå.

Sakshandsamingsgebyret har dei siste åra fått ein auke på 60 %.

Frp sette fram slikt endringsframlegg:

Det same som tilrådinga frå formannskapet, med med endring for:

- *Tilknytingsavgift for vatn – uendra kr. 15.000*
- *Tilknytingsavgift for avlaup – uendra kr 15.000*
- *Sakshandsamingsgebyr - uendra kr 3.000*

Rådmann Lovisa Midtbø sa at kommunen i næraste framtid skal i gang med å revidera hovudplan for vassforsyning. Det vil då bli ein gjennomgang av alle avgiftene og.

Røysting:

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå formannskapet. Til formannskapet si tilråding om tilknytingsavgift for vatn, avlaup og sakshandsamingsgebyr, vart formannskapet og Frp sitt framlegg røysta mot kvarandre.

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke samrøystes med unntak av:

Tilknytingsavgift for vatn:	Vedteke med 14 mot 3 røyster (Frp og ein frå KrF)
Tilknytingsavgift for avlaup:	Vedteke med 14 mot 3 røyster (Frp og ein frå KrF)
Sakshandsamingsgebyr Pbl:	Vedteke med 14 mot 3 røyster (Frp og ein frå KrF)

ELDR-018/10 UTTALE TIL KOMMUNESTYRET

Eldrerådet tok samrøystes tilrådinga frå formannskapet om kommunale avgifter 2011 til orientering.

FS-098/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyransatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgåver knytt til landbrukskontoret for år 2011 følgjer av tabellen under:

Avgift	2011	Auke
Vassavgift		
Årsavgift	4 500	7,1 %
Årsavgift for hytter	3 850	8,5 %
Tilknytingsavgift	16 000	6,7 %
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 300	
Fastpris vassmålar	1 800	7,1 %
Vatn inn pris pr m ³	12,20	6,1 %
Avlaup		
Årsavgift	2 600	5,3 %
Tilknytingsavgift	16 000	6,7 %
Vatn ut pris pr m ³	12,20	6,1 %
Slamtømming		
Slamtømming	890	2,3 %
Feiing		
Feiing	330	4,8 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret		
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker		
• kontorarbeid	540	5,9 %
• feltarbeid	710	4,4 %

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss møtte til denne saka. Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Dina M. K. Dyrhovden (Ap) sa at Ap ikkje har endringsframlegg i saka.

Willy Borge (FrP) sa at han var usikker på om ein burde ha så høgt påslag; kanskje 5 % var eit betre forslag.

Vigdis Søvik (Sp) sa at ho var eining med FrP at prosentsatsane var høge men det utgjorde ikkje så mykje på kronesummen. Sp støttar framlegg til vedtak. Ho sette fram forslag at ein diskuterte tilgangen på kommunalt vatn og avtalen med Gulen i år 2011.

Rådmannen svarte at ein i hovudplan for vassforsyning og må vurdere å krevje eigedomar tilknytt i dei områda me har investert i kommunalt vassverk.

Ordførar viste til møtereferat frå felles formannskapsmøte der det er protokollert at rådmennene skulle sjå på avtalen mellom kommunane om vassforsyning over grensa.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Budsjettsaka

Sjølvkostrekneskapen

Vedtak frå representantskapet i NGIR den 25.10.2010

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Dei kommunale avgiftene vert juster ein gong i året basert på sjølvkostrekneskapen og kontrollen med denne.

VURDERING

Vassavgifta

	År	Underskot	Dekningsgrad
Sjølvkostrekneskapen for 2009 slår fast at tenesta gjekk med kr 1 225 221 i underskot.	2005	- 1 700 725	
Kostrarapporteringa syner ein at dekningsgraden er 54 %. Rådmannen ser at det ikkje er rimeleg å legge sjølvkostprinsippet åleine til grunn for fastsetting av vassavgift, men meiner at 50 % dekningsgrad må vere eit minstemål. Kommunen må med ein slik dekningsgrad rekne med å subsidierer denne avgifta i åra framover.	2006	- 1 619 542	42 %
	2007	- 1 561 128	49 %
	2008	- 1 721 540	ca 45 %
	2009	-1 255 221	54 %

Kommune kom for år 2009 for første gong over 50 % dekningsgrad og dette meiner rådmannen kan skuldast at det vart lite investert i 2009. I 2010 er det gjort mykje arbeid, blant anna Skolten høgdebasseng i tillegg til at kommunen har overteke leidningsanlegget (betalt ut anleggsbidrag) på Duesundøyna. Rådmannen har allereie sett i gang arbeid med opprusting av Matre vassverk og det har kome ein kommunal eigenandel knytt til dette i 2010, men hovudtyngda av den kommunale eigenandelen vil kome i 2011. Ein har og avtale om å betale ut anleggsbidrag for leidningsanlegget for Einestrand bustadfelt (kan kome i 2011 eller 2012). Rådmannen ser og at ein må starte arbeidet med å utvide kapasiteten for Masfjorden vassverk for å kunne tilby vatn til fleire abonnentar som ønskjer å knyte seg til. Rådmannen meiner difor at kostnadane for tenesta vil auke betydeleg dei neste åra.

Kostnadane til tenesta har dei siste åra stort sett vore fordelt mellom løn, utstyr og kapital – der kapitalkostnadane har auka meir enn den generelle prisauken. Dette er grunna i at kommunen har investert mykje i å legge fram vatn til nye abonnentar i nye byggefelt.

Dette har skapt ein forventning til at kommunen skal forsette med dette dei neste åra og, noko som vil auke kapitalkostnadane endå meir.

Den generelle prisauken siste året er på ca 2,8 %. Med ei auke i vassavgifta knytt til den generelle prisauken, vil ein sannsynlegvis ikkje klare å halde seg på dekningsgrad i overkant av 50 %. Rådmannen meiner difor at vassavgifta må auke meir enn den generelle prisauken for å sikre ein dekningsgrad i overkant av 50 % og neste år.

Rådmannen rår til at ein aukar standardavgifta som gjeld vatn til kr 4 500. Dette gjev ei auke i avgifta på 7,1 %

Vassavgift for hytter vart fastsett for første gang i 2004 og sett til kr 2 500 etter framlegg i kommunestyret. Avgifta har auka gradvis og vart sett til kr. 3 170 for år 2009. **Rådmannen rår til at ein aukar vassavgifta for hytter med same kronebeløp (300,-) som vassavgift til kr 3 850,-. Dette gjev ei auke på 8,5 %.**

Frå og med år 2005 gjekk ein bort frå omgrepet "leige av vassmålar" og over til **fastpris vassmålar**. Fastpris for vassmålar vart sett til ca 40 % av standardavgifta. Slik sikrar ein at dei som betaler vassavgift etter forbruk betaler "sin del" av dei faste kostnadene (bl.a. kapitalkostnadane) i tillegg til "sin del" av reine produksjonskostnader. Rekna ut frå framlegg til ny standardavgift og avrunda til næraste 10 kr, vil dette gje ei fastavgift på kr 1 800,-.

Pris pr. m³ er rekna ut frå gjennomsnitt forbruk (oppgjeve i litteraturen) på 0,6 m³ pr døgn. **Rådmannen rår til at ein set fastavgift til kr 1 800,- og pris pr. m³ på kr. 12,20.**

Tilknytingsavgiftene for hus var uendra frå 1999 til 2005, mens tilknytingsavgifta for hytter vart auka opp i 2004 til nivå med avgifta for hus. I denne perioden la ein og til sakshandsamingsgebyret etter plan- og bygningslova. Tilknytingsavgifta vart auka til 13 000 for år 2006 + sakshandsamingsgebyret og halde uendra for år 2007, 2008 og 2009. Avgiftene er oppgitt eks mva, mens byggesaksgebyra er ein teneste som pr i dag ikkje er momsbelagt.

I år 2010 var det 10 år sidan Masfjorden vassverk vart sett i drift og rådmannen trur at alle einskild abonnentar langs trasen som var interessert i å kople seg til vassverket no har gjort det. Tilknytingsavgifta vart difor auka til kr 15 000 for år 2010. For åra framover meiner rådmannen at ein må sjå for seg ei generell auke i tilknytingsavgifta òg som er i samsvar med auken i vassavgifta. Rådmannen rår difor til at ein aukar tilknytingsavgifta for vatn til kr 16 000 noko som gjev ei auke på 6,1 %.

Rådmannen har forslått ei auke i sakshandsamingsgebyr slik at det i rekneskapen vert ført kr. 16 000 på teneste for vatn og 4 300 for teneste for plan- og byggjesaker. (Gjeld saker der det berre vert søkt om tilknytning til kommunalt vatn. I saker der det vert søkt om tilknytning i samband med byggeløyve for bustadhus eller hytte, vert det berre sakshandsamingsgebyr på byggeløyvet. Etter ny plan- og bygningslov er søknad om tilkopling av vatn flytta frå kategori meldesak til tiltak som krev kvalifisert og godkjent ansvarshavande. Det er grunnen til den store auken i sakshandsamingsgebyret.)

Avslutning

Sjølvkostrekneskapen for 2009 viser eit framførbart fondsunderskot den 31.12.2009 med kr. 510 621. Årsunderskotet var på kr. 26 253 som er nært sjølvkost.

Sidan ein i år 2008 hadde eit overskot for tenesta, vart avgifta for avlaup halden uendra for år 2010. No er situasjonen endra med at sjølvkostrekneskapen viser eit underskot.

Rådmannen rår til at ein aukar avgifta for avlaup frå hus og hytter til kr 2 600. Dette gjev ei auke på 5,3 %. Innbyggjarar som har både vass- og avlaupsavgift vil då oppleve ein samla auke for desse to basisgebyra på 6,4 %

Tilknytingsavgiftene for hus og hytte vart slått saman i 2004, slik at ein berre har ei avgift for tilknytning til avløp. Denne avgifta er no lik tilknytingsavgifta for vatn. **Rådmannen rår til at ein held tilknytingsavgifta for avløp lik tilknytingsavgifta for vatn.** Sakshandsamingsgebyr etter plan- og bygningslova kjem i tillegg og er avhengig av storleik på avløpet.

Slamtømming

Avgifta for slamtømming auka i 2009 for første gong på fleire år. Tenesta for slamtømming er rekna med i sjølvkostrekneskapen for avlaup.

NGIR vedtok – for år 2009 - å auke i gebyr septikslam private frå kr 587 til kr 708. Dette utgjorde ei prosentvis auke på over 20 %. Rådmannen tok ikkje heile auken frå NGIR inn i 2009 sidan sjølvkostrekneskapen for avlaup då viste eit moderat underskot. NGIR vedtok – for år 2010 å auke gebyr septikslam private frå kr 708 til kr 747. Dette utgjorde ei prosentvis auke på 5,5 %. Rådmannen auke difor avgifta for slamtømming til kr 870, noko av utgjorde ein auke på 10,1 % Ein tok då inn att auken frå NGIR dei sisten 2 åra.

NGIR vedtok – for år 2011 – å halde gebyr septikslam private uendra på kr 747.

Kommunen sitt sjølvkostrekneskap for 2009 viser eit moderat underskot for tenesta avlaup. Kostnadane i denne rekneskapen er i all hovudsak knytt til avlaupsdelen og ikkje Rådmannen les historia for slamgebyret slik at når NGIR held gebyret uendra eine året så aukar det mykje neste år. Rådmannen ønskjer ei meir jamn auke i gebyret

Rådmannen rår difor til at avgifta for slamtømming vert auka til kr 890. Dette gjev ei auke på 2,3 % og er i underkant av den generelle prisauken.

Feiing

Kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund samarbeider om feietenesta. Ein har blant anna leasa eigen feiebil og investert i dataprogram for føring av all feiing og tilsyn. Masfjorden kommune overtok i 2008 administrasjonen av feietenesta. Sjølvkostrekneskapen viser eit framførbart underskot den 31.12.2009 med kr. 320 179, og årsunderskotet var på kr 31 027.

Rådmannen rår til at avgifta for feiing vert auka til kr 330. Dette gjev ei auke på 4,8 %.

Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker

Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing føl timeprisane i gebyrregulativet for saker handsama etter plan- og bygningslova.

Dei kommunale avgiftene frå 2005 fram til og med framlegg til avgiftsnivå for 2011 samt % auke frå år 2010 til 2011, er summert opp i tabellen nedafor:

Avgift	2005	2006	2007	2009	2010	2011	Auke
Vassavgift							
Årsavgift	3 350	3 430	3 520	3 820	4 200	4 500	7,1 %
Årsavgift for hytter	2 700	2 800	2 900	3 170	3 550	3 850	8,5 %
Tilknytingsavgift	15 100*	15 600*	13 000	13 000	15 000	16 000	6,7 %
Sakshandsamingsgebyr pbl			2 600	3 000	3 300	4 300	
Fastpris vassmålar	600	1 370	1 410	1 530	1 680	1 800	7,1 %
Vatn inn pris pr m ³	11	9,40	9,60	10,45	11,50	12,20	6,1 %
Avlaup							
Årsavgift	2 202	2 202	2 270	2 470	2 470	2 600	5,3 %
Tilknytingsavgift	12 500	13 000	13 000	13 000	15 000	16 000	6,7 %
Vatn ut pris pr m ³	11	9,40	9,60	10,45	11,50	12,20	6,1 %
Slamtømming							
Slamtømming	693	693	693	790	870	890	2,3 %
Feiing							
Feiing	270	270	270	295	315	330	4,8 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret							
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker							
• kontorarbeid	460	450	460	490	510	540	5,9 %
• feltarbeid	510	500	530	660	680	710	4,4 %

* inkludert sakshandsamingsgebyr

KONKLUSJON

Sjå vurdering og framlegg til vedtak

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.11.2010	099/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	09.12.2010	106/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 10/859
--------------	---------------------

SAK 106/10 - GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR FOR ÅR 2011 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnad utover sjølvkostprinsippet

Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

FS-099/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 17.11.2010:

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss møtte til denne saka.

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Willy Borge (FrP) spurte om det var eit nødvendig gebyr å ha i gebyrregulativet; er det ikkje nok med sjølve byggesaksgebyret. Rådmannen svara at dei aller fleste dispensasjonane i kommunen var knytt til fritid og strandsona og ikkje til fast busetnad.

Borge varsla at FrP vil kome med konkrete endringsframlegg til einskildgebyr i kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-106/10 VEDTAK:

Gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Siri Kratzmeier, KrF, synte til avsnitt B side 5 i gebyrmalen, Tenester som skal betalast etter medgått tid. Ho sa at på landsbasis ligg Masfjorden 10 % over i samla gebyr og meinte det er snevert å berre samanlikna oss med kommunane i regionen.

Ho sa at Masfjorden burde leggja seg nærare generell prisvekst.

Ordførar orienterte om kva som er innbakt i timesatsen etter medgått tid. Satsen skal i tillegg til arbeidet og blant anna dekkja tilstrekkeleg kartverk.

John Torsvik, H, sa at plan og bygningslova er komplisert. Høgre er opptatt av ein betalar for tenestene.

Høgre sette fram slikt framlegg til tilleggstekst:

For søknader som vert avslått av kommunen, politisk eller delegert skal det kun krevjast halvert saksgebyr (50 % av gjeldande sat

Saker som blir avvist eller mangelfull sak, skal søkjaren først ved 2. gangs avvising betale det gjeldande gebyr.

Inndekning vert å avsette i budsjettsalderinga for 2011.

Willy Borge, Frp, sa at gebyrregulativet er eit komplekst opplegg.

Prisstigninga på gebyra er for høg og at auken må takast meir overlangs.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at ein betalar ikkje for vedtaket men for arbeidet som vert gjort.

Bjørn Egil Nordland, Ap, sa at me må tenkja på verknadene av gebyrpolitikken. Skal me begynna å sei ja til alt for å få inn mest mogleg pengar?

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Høgre fekk 7 røyster og fall. (H, Frp og ein frå KrF)

NB

Administrasjonen vart beden om å synleggjera dei gebyra som Masfjorden kommune brukar mest i saksutgreiinga ved seinare handsamingar.

Heile gebyrmlen skal sjølvsagt vere i si heilheit slik som no.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune ligg rimeleg likt med 85 % av gjennomsnittet for kommunane i regionen for alle gebyr i regulativet. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

FAKTA

Gebyrregulativet vart i sin heilskap sist revidert i K-sak 08.12.2010 som sak 096/09, mens det i K-sak den 17.06.2010 som sak 047/10 vart gjort fleire redaksjonelle tilpassingar i regulativet i samband med nytt lovverk siste året.

Tenesta for byggesak har i sjølvkostrekneskapen eit framførbart fondsunderskot pr 31.12.2009 på kr 585 284, der underskotet for år 2009 var kr 202 230.

Tenesta for oppmåling har i sjølvkostrekneskapen eit framførbart fondsunderskot pr 31.12.2009 på kr 1 312 050, der underskotet for år 2009 var kr 517 372.

For tenesta plan er det ikkje utarbeidd sjølvkostrekneskap for 2009

VURDERING

I reknearket der gebyra for kommunane i regionen er samanlikna, har ein rekna ut gjennomsnittsgebyret for dei kommunane som har vedtatt gebyr for den einskilde tenesta. Rådmannen har i mange år, nytta 85 % av dette gjennomsnittsgebyret som utgangspunkt for sitt framlegg til dei fleste gebyra for år 2010.

Grunngjevinga for å nytte 85 % av gjennomsnittsgebyret som utgangspunkt er å stimulerer til aktivitet og vekst blant Masfjorden kommune sine innbyggjarar. Gebyr i regulativet som særleg vedkjem den einskilde innbyggjar er oppmålingsgebyr og byggesaksgebyr. Rådmannen rår difor til at ein framleis nyttar 85 % av gjennomsnittet for dei andre kommunen (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr på desse områda.

Når det gjeld plangebyra har kommunen dei siste åra tatt alle kostnadane sjølv med utarbeiding av reguleringsplan for nye bustadfelt. Dette er rådmannen innstilt på å forsette å gjere. Det vert berre sendt ut gebyr i plansaker for hyttefelt. Rådmannen rår difor til at ein går bort frå 85 % "regelen" for desse gebyra og i staden nyttar snittet for dei andre kommunane (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr for 2011. Dette vil føre til ein auke på 25 % på det plangebyret kommunen nyttar mest.

Dispensasjonssaker er arbeidskrevjande saker. Nytt lovverk krev betre utgreidde saker og rådmannen opplever at det er eit ønskjer om synfaring i dei sakene som skal handsamast politisk.

Rådmannen ser at dei andre kommunane rundt oss har auka dispensasjonsgebyret betydeleg dei siste åra, mens Masfjorden kommunen har halde på ein moderat auke. Rådmannen rår difor til at ein går bort frå 85 % ”regelen” for dispensasjonsgebyra og i staden nyttar snittet for dei andre kommunen (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr for 2011. Dette vil føre til ein auke på 42 % for det dispensasjonsgebyret kommunen nyttar mest.

Gebyr for ulovleg bygging bør ikkje vere mindre i Masfjorden kommune enn i kommunane rundt oss. Det kan sende uheldige signal om at kommunen ikkje tar ulovleg bygging særleg alvorleg. Rådmannen rår difor til at ein går bort frå 85 % ”regelen” for desse gebyra og i staden nyttar snittet for dei andre kommunane (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr for 2011. Dette vil føre til ein auke på i underkant av 25 % for gebyr for påpeiking av ulovleg byggearbeid.

For gebyra fastsett med heimel i forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg er det sama argumentasjon som for plangebyra. Dette gebyret vert stort sett nytta for hyttefelt som ønskjer seg ordna vass- og avlaupstilhøve. Rådmannen rår difor til at ein går bort frå 85 % ”regelen” for desse gebyra og i staden nyttar snittet for dei andre kommunane (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr for 2011. Dette vil føre ein auke på ca 20 % for gebyr fastsett med heimel i forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg.

KAP H er nytt. Handsaming av saker etter hamne- og farvasslova er no lagt til kommunen. Rådmannen er usikker på kor mykje arbeid det vert med desse sakene og rår til at ein fastset gebyr etter medgått tid. Eit eventuelt minstegebyr kan ein kome attende til seinare år når ein har handsama nokre saker etter denne lova.

Utover det som er kommentert over er det gjort nokre redaksjonelle endringar.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	09.11.2010	090/10	Svein Helge Hofslundsengen
1	OVERFØRING										
2	KR. 1.000,-										
3	2011										
4			storby-og								
5		innb.t.	små	distriktsp.	vekst	taps-	ordinært	SUM	Pårekna	SUM pårekna	Vekst
6	KOMMUNE	m/utg.utj.	komm.	tilskot	tilskot	komp.v/	skjøn	ramme	skatt +	frie	rekneskap
7		m/INGAR	tilskot	S.-Noreg		omlegg.		overføring	innt.utj.	inntekter	% 10 - 11
8											
9	Masfjorden	49680	4839	0	0	100	0	54619	38959	93578	1,1
10	Ikke fordelt	0	0	0	0		17500	17500	0	17500	
11	Hordaland	49680	4839	0	0	100	17500	72119	38959	111078	3,4
12	Heile landet										3,7

Ingen skjønstilskot for Masfjorden i 2011;

Masfjorden, Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt og eigedomsskatt frå kraftverk. Kommunen får småkommunetilskot. Kommunen vil få eit tap av omlegginga av inntektssystemet frå og med 2011 som følgje av redusert småkommunetilskot, og departementet har førebels utrekna kompensasjon i denne samanhengen. Kommunen har fått kompensasjon for tidlegare omlegging av inntektssystemet. På bakgrunn av kommunen sitt gode inntektsgrunnlag, har fylkesmannen tidlegare gitt signal om at kompensasjonen ville bli tatt heilt bort frå og med 2011 dersom det ikkje kom fram nye opplysningar. På denne bakgrunn blir det ikkje gitt ordinært skjønstilskot til kommunen for 2011 (e-post Fylkesmannen 25.10.2010)

Oppsummering frie inntekter for 2011 (og prognose for resten av økonomiplanperioden)

MASFJORDEN Inngang/A1	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
MASFJORI 1266								
<i>(år 2011-prisnivå i perioden 2011-20114)</i>								
					PROGNOSE			
1000 kr	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Innbyggertilskudd (likt beløp p	11 588	12 424	15 672	16 730	31 409	31 409	31 409	31 409
Utgiftsutjevning	14 682	14 524	16 991	19 400	17 302	17 302	17 302	17 302
Overgangsordninger (INGAR f	-62	-4	-100	-41	539			
Saker med særskilt fordeling	71	281	178	227	430	430	430	430
Nord-Norge-tilskudd/Namdals	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd	5 083	5 296	5 535	5 707	4 839	4 839	4 839	4 839
Distriktstilskudd Sør-Norge	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nanne	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av	1 209	1 209	1 004	500	-	-	-	-
herav gradvis bortfall av dif.a	-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge (lagt mot hovedsl	-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet	-	-	-	-	100	100	100	100
Justert skjønn momskomp 08	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KRD	914	-	-	-	-	-	-	-
Feil inntektstutj 2007/Komp Fysioterapautmidle	-	-3	21	-	-	-	-	-
Tiltakspakken - økte frie inntekter / komp skattetap	-	-	903	-	-	-	-	-
RNB2009 / RNB2010	-	-	414	3	-	-	-	-
Sum rammetilsk uten selskap	33 485	33 727	40 618	42 526	54 619	54 080	54 080	54 080
Selskapskatt	946	6 714	-	-	-	-	-	-
Sum rammetilsk. ekskl inntek	34 431	40 441	40 618	42 526	54 619	54 080	54 080	54 080
"Bykjetrekker" (anslag etter 20	-6	-5	-2	-1	-1	-	-	-
Netto inntektstutjevning	-3 152	-5 853	-4 532	-4 580	-4 773	-4 773	-4 773	-4 773
Sum rammetilskudd	31 273	34 583	36 084	37 945	49 844	49 307	49 307	49 307
Rammetilskudd - endring i %		10,6	4,3	5,2	31,4	-1,1	-	-
Skatt på formue og inntekt	39 326	40 202	44 508	46 028	43 732	43 732	43 732	43 732
Skatteinntekter - endring i %		2,2	10,7	3,41	-4,99	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendom	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (av	70 599	74 785	80 592	84 000	93 600	93 000	93 000	93 000
					(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)			
Sum - endring i %		5,9	7,8	4,2	11,4	-0,6	-	-

Eigedomsskatt

Frå og med 2001 gjorde Stortinget vedtak om innføring av § 8 i eigedomsskattelova for kraftføretak. Iverksetjing av § 8 i eigedomsskattelova medførte at Masfjorden kommune fekk eit inntektstap første år med 1,5 million kroner eller om lag 16% av eigedomsskatten sett i høve til 2000. Sum eigedomsskatt 8,1 mill.kr. Utvikling siste åra har endra seg frå at ein vart fanga opp av lågaste verdi ved verdsetjing av kraftproduksjonsanlegg 0,95 kr. per kWh til at ein no nærmar oss maksgrensa. Maksgrensa er no stadfesta nådd, jf. dokumentasjon frå sentralskattkontoret for storbedrifter. Masfjorden kommune kunne ha teke inn 25,7 mill.kr. i 2010 om makstaket på eigedomsskattegrunnlaget hadde vorte opphøyr - no får ein 19,7 mill.kr. Tilrår at vi legg eigedomsskatten for 2011 på 20 mill.kr., og flatt elles i økonomiplanperioden. For 2011 har ein korrigert i tråd med faktisk utskrivne eigedomsskatt, og summen utgjør eigedomsskatt kr. 19 850 000,-.

Konsesjonskraft

Kommunen har krav på konsesjonskraftinntekter som ei erstatning for å stille naturressursar til disposisjon for kraftutbygging. Inntil 10% av kraftmengda går som konsesjonskraft til utbyggingskommunen. Kommunen sitt uttak kan imidlertid ikkje overstige behovet for alminneleg forsyning i kommunen. Kommunen har teke ut 30 GWh over fleire år, medan forbruket har vore på midten av 20 talet. Etter semje med fylkeskommunen, tek Masfjorden ut 32 GWh for 2010. Fylket gjer frå 2008 krav på uttak av all kraft utover det som er kommunen sin alminneleg forsyning. Dersom forbruket i kommunen i åra framover vert mindre enn 32 GWh gjer fylket krav på eit finansielt etteroppgjør. På den andre sida vil kommunen ha krav på eit finansielt etteroppgjør om forbruket aukar i kommunen.

Konsesjonskrafta er ei variabel inntekt, med nær 10 mill.kr. i 2009, og garantipris på litt over 5 mill.kr. for 2010. Utviklinga i kraftmarknaden avgjer kva pris ein oppnår i økonomiplanperioden. Legg til grunn 7,5 mill.kr. i rammesaka (heile planperioden 2011-14), men då med fare for redusert kraftpris som kan gje mindre inntekt + volum (at ein reelt brukar 32 GWh), og ein er veldig sårbar ved varig reduksjon i kraftprisen som følgje av finanskrisa og økonomisk nedgangstider.

Pr. 5.november selde vi konsesjonskrafta for 2011 med ein garantipris på om lag 8 mill.kr. (jf. føresetnadene om 32GWh), og 8 mill.kr. er dermed lagt inn i årsbudsjettet for 2011.

Andre statlege tilskot

Frå og med 2011 vil summen av andre statlege tilskot gå kraftig ned, i og med at statstilskot barnehage er lagt inn i rammefinansieringa. Siktemålet til regjeringa er at øyremerka tilskot skal vere minimal frå – 4%.

Andre inntekter

Kommunale inntekter – brukarbetaling som kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar, øyremerka tilskot etc. vert innarbeidd i dei einskilte driftseining sitt budsjett med basis i ein generell prisvekst på 3,5%.

Finansinntekter er summen av rente bankinnskot, plasserte fondsmidlar, utbytte, rente- og avdrag på utlån av næringslån og startlån (etableringslån). Avkastning fondsmidlar var vore til dels svært høg ein del år (sett i høve til plasserte midlar), dårleg 2008 – svært god i 2009, og 2010 ? Låg rente kommande år, gir liten avkastning midlar plassert i bank. – i rammesaka la vi til grunn 1,0 mill.kr. i finansinntekter i perioden 2011-14, men håpar at ny bankavtale skal gje betre utteljing . Ny bankavtale sikrar om lag 500.000 meir i inntekter pr. år og difor er 1,5 mill.kr. lagt inn som inntekt for 2011.

Rente- og avdrag

Masfjorden kommune hadde pr. 31.12.2009 ei samla lånegjeld på 67,3 mill.kr, og ein legg til grunn følgjande øvre ramme for låneopptak i økonomiplanperioden;

Låneopptak 2010:	kr. 3.900.000
Låneopptak 2011:	kr. 3.900.000, auka til 9 mill.kr. i budsjettframlegget
Låneopptak 2012:	kr. 3.900.000
Låneopptak 2013:	kr. 3.900.000
Låneopptak 2014:	kr. 3.900.000

noko som inneber at lånegjelda vil bli uendra med 67,3 mill.kr. ved utløpet av økonomiplanperioden.

Ein legg til grunn rente på 3,0 % på innlån i økonomiplanperioden.

Ein legg vidare til grunn følgjande rente- og avdrag i driftsbudsjetta og økonomiplanperioden 2011-2014 (tal i heile 1000);

År	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Rente	4 963	4 166	3 317	1 778	2 189	3 010	4 109	4 400	2 300	2 300	2 300	2 300	2 300
Avdrag	3 816	3 462	3 624	3 621	3 546	3 355	3 652	3 700	3 900	3 900	3 900	3 900	3 900

Avsetjinga og bruk av avsetjinga

Ein legg til grunn at netto sum avsetjinga og bruk av avsetjinga går i balanse og ikkje får nokon netto verknad for drifta i økonomiplanperioden.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

	Budsjett 2011	Prognose 2010	Opphavig 2010 budsjett	2009 rekneskapen	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007
DRIFTSINNTEKTER						
LN03 Brukerbetalingar	-8 496 500	-8 800 000	-7 364 000	-8 563 578	-7 531 285	-7 138 661
LN04 Andre salgs- og leieinntekter	-7 286 700	-6 900 000	-6 410 200	-6 738 641	-6 606 717	-6 553 668
LN05 Overføringer med krav til motytelser	-7 763 900	-20 000 000	-15 203 700	-20 109 429	-19 602 890	-20 463 126
LN06 Rammetilskudd fra staten	-50 359 000	-38 900 000	-39 600 000	-36 083 417	-34 583 292	-31 522 838
LN07 Andre statlige overføringer	-2 500 000	-4 600 000	-930 000	-4 216 772	-1 029 461	-978 532
LN08 Andre overføringer	-9 975 900	-12 000 000	-8 983 000	-12 149 307	-10 989 674	-10 972 310
LN09 Skatt på inntekt og formue	-43 700 000	-44 300 000	-43 600 000	-44 508 433	-40 202 220	-39 326 673
LN10 Eiendomsskatt	-19 850 000	-19 700 000	-19 700 000	-18 820 628	-19 059 912	-19 738 615
LN11 Andre direkte og indirekte skatter	-2 360 000	-2 600 000	-2 360 000	-2 558 577	-2 362 732	-2 389 316
LN12 Sum driftsinntekter	-152 292 000	-157 800 000	-144 150 900	-153 748 782	-141 968 183	-139 083 739
DRIFTSUTGIFTER						
LN14 Lønnsutgifter	88 924 700	85 500 000	84 033 600	82 444 518	76 133 458	68 805 929
LN15 Sosiale utgifter	20 618 500	21 000 000	20 819 200	18 605 858	16 387 327	14 899 740
LN16 Kjøp varer/teneste til komm.tenester	23 177 050	23 000 000	21 267 700	21 902 684	23 042 205	20 389 147
LN17 Kjøp varer/teneste erstattar komm.teneste	6 280 550	6 600 000	5 421 800	6 268 244	5 652 502	4 433 725
LN18 Overføringer	7 961 100	8 400 000	7 757 500	8 024 241	7 731 383	8 058 370
LN19 Avskrivninger	7 300 800	7 600 000	7 051 100	6 978 233	6 262 683	5 878 185
LN20 Fordelte utgifter	-1 000 000	-900 000	-900 000	-900 000	-970 807	-876 489
LN21 Sum driftsutgifter	153 262 700	151 200 000	145 450 900	143 323 778	134 238 751	121 588 607
LN23 Brutto driftsresultat	970 700	-6 600 000	1 300 000	-10 425 004	-7 729 432	-17 495 132
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
Finansinntekter						
LN25 Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-2 432 500	-2 380 000	-2 264 500	-5 338 015	-3 303 784	-2 299 226
LN26 Mottatte avdrag på lån	-120 000	-120 000	-120 000	-159 412	-126 348	-221 467
LN27 Sum eksterne finansinntekter	-2 552 500	-2 500 000	-2 384 500	-5 497 427	-3 430 132	-2 520 693
Finansutgifter						
LN29 Renteutgifter, provisjon og andre finansutgif	2 301 600	2 500 000	2 301 600	1 991 538	4 109 989	3 010 650
LN30 Avdragsutgifter	3 700 000	3 700 000	3 900 000	3 663 992	3 652 089	3 355 000
LN31 Utlån	20 000	500 000	20 000	320 000	51 894	23 955
LN32 Sum eksterne finansutgifter	6 021 600	6 700 000	6 221 600	5 975 530	7 813 973	6 389 605
LN34 Res.ekst. finansieringstransaksjoner	3 469 100	4 200 000	3 837 100	478 103	4 383 841	3 868 912
LN35 Motpost avskrivninger	-7 300 800	-7 600 000	-7 051 100	-6 978 233	-6 262 683	-5 878 185
LN36 Netto driftsresultat	-2 861 000	-10 000 000	-1 914 000	-16 925 134	-9 608 274	-19 504 407
AVSETNINGER						
Bruk av avsetninger						
LN38 Bruk av tidligere års regnskapsmessige ove	0	-1 900 000	0	-1 507 900	-2 280 640	-3 060 448
LN39 Bruk av disposisjonsfond	-1 938 000	-2 012 000	-1 856 000	-1 979 193	-3 614 177	-2 599 869
LN40 Bruk av bundne fond				-135 000		
LN41 Bruk av likviditetsreserve					-667 491	
LN42 Sum bruk av avsetninger	-1 938 000	-3 912 000	-1 856 000	-3 622 093	-6 562 308	-5 660 317
Avsetninger						
LN44 Overført til investeringsregnskapet	2 369 000	8 240 000	1 340 000	5 300 835	5 777 996	8 754 969
LN45 Dekning av tidligere års regnskap	0	0	0	0	0	42 893
LN46 Avsetninger disposisjonsfond	2 430 000	3 930 000	2 430 000	12 985 045	8 444 686	12 068 764
LN47 Avsetninger til budne fond	0	0	0	351 198	440 000	1 853 658
LN48 Avsetninger til likviditetsreserve						
LN49 Sum avsetninger	4 799 000	12 170 000	3 770 000	18 637 079	14 662 681	22 720 284
LN51 Rekneskapsmessig overskot/underskot	0	-1 742 000	0	-1 910 148	-1 507 900	-2 444 440

Rekneskapsskjema 1A

	Budsjett 2011	Budsjett 2010	Rekneskapen 2009	Rekneskapen 2008	Rekneskapen 2007
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER					
Skatt på inntekt og formue	-43 700 000	-43 600 000	-44 508 433	-40 202 220	-39 326 673
Ordinært rammetilskudd	-50 359 000	-39 600 000	-36 083 417	-34 583 292	-31 522 838
Skatt på eiendom	-19 850 000	-19 700 000	-18 820 628	-19 059 912	-19 738 615
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000	-2 360 000	-2 558 577	-2 362 732	-2 389 316
Andre generelle statstilskudd	-2 500 000	-930 000	-4 216 772	-1 029 461	-978 532
Sum frie disponible inntekter	-118 769 000	-106 190 000	-106 187 827	-97 237 617	-93 955 974
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER					
Renteinntekter og utbytte	-2 432 500	-2 264 500	-5 338 015	-3 303 784	-2 299 226
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgift	2 301 600	2 301 600	1 991 538	4 109 989	3 010 650
Avdrag på lån	3 700 000	3 900 000	3 663 992	3 652 089	3 355 000
Netto finansinntekter/-utgifter	3 569 100	3 937 100	317 515	4 458 294	4 066 424
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER					
Til dekking av tidligere års underskot	0	0			42 893
Til ubundne avsetninger	2 430 000	2 430 000	12 985 045	8 444 686	12 068 764
Til bundne avsetninger	0	0	351 198	440 000	1 853 658
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige over	0	0	-1 507 900	-2 280 640	-3 060 448
Bruk av ubundne avsetninger	-1 938 000	-1 856 000	-1 979 193	-3 614 177	-2 599 869
Bruk av bundne avsetninger	0	0	-135 000	-667 491	
Netto avsetninger	492 000	574 000	9 714 150	2 322 378	8 304 998
FORDELING					
Overført til investeringsregnskapet	2 369 000	1 340 000	5 300 835	5 777 996	8 754 969
Til fordeling drift	-112 338 900	-100 338 900	-90 855 327	-84 678 949	-72 829 583
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	112 338 900	100 338 900		83 171 049	70 385 143
Merforbruk/mindreforbruk = 0	0	0	-1 910 148	-1 507 900	-2 444 440
Budsjettskjema 1B					
Fordelt til;					
Folkevalte organ:	1 963 500	1 928 500	1 884 375	1 869 382	1 741 250
Administrasjon:	12 041 300	11 331 700	11 337 900	10 475 199	9 063 104
Barnehage:	11 123 550	3 486 300	5 001 230	3 836 808	2 905 256
Skule:	34 368 900	32 632 100	29 696 162	29 638 445	26 220 860
Helse:	7 246 000	8 029 600	6 893 438	4 590 605	3 798 363
Sosial- og barnevern:	6 358 050	4 980 300	4 150 167	3 467 382	3 465 606
Pleie- og omsorg	34 821 800	32 862 600	28 624 333	29 999 288	26 232 714
Kultur:	4 486 500	3 891 300	3 352 953	3 724 087	2 286 725
Kyrkja:	3 027 700	2 774 000	2 690 972	2 577 514	2 241 964
Teknisk:	7 319 900	7 287 700	7 223 169	7 743 071	6 747 291
Andre tenesteområdet:	-10 418 300	-8 865 200	-11 909 520	-14 750 732	-14 317 989
	112 338 900	100 338 900	88 945 179	83 171 049	70 385 143

VURDERING

Driftsbudsjettet 2011 er basert på ei vidareføring av 2010 nivå på tenestene, med nokre nye tiltak, kor dei fleste har vore oppe som eigne politiske saker og elles auke i nivå på ein del tiltak – m.a. basert på vedtak i løpet av 2009.

Kommunane står overfor fleire større utfordringar som i stor grad har samanheng med samfunnsutviklinga, for eksempel fleire og meir kompliserte saker innan barnevernet. Kommunane får i aukande grad utfordringar knytt til befolkningsutviklinga, særleg med omsyn til at det blir fleire eldre og derav eit behov for å yte meir omfattande omsorgstenester.

Nokre sentrale forhold utfordringar;

- Pensjon
- Momskompensasjon
- Gjeldsnivå
- renteutviklinga

Pensjon

Pensjonsutgiftene har vore aukande dei siste åra bl.a. på grunn av lengre levetid i befolkninga. Frå og med 2002 blei det innført nye rekneskapsreglar for pensjon kor det blei gitt høve til å inntektsføre eit premieavvik når pensjonsinnbetalinga frå kommunen til pensjonsselskapet er større enn berekna pensjonsutgift. Kommunane har kunne velje om ein vil utgiftsføre dette premieavviket i det neste året i sin heilskap eller fordele denne utgifta rekneskapsmessig dei neste 15 årene. Vi har valt 15 år.

Dette har ført til at ein har akkumulert store premieavvik som må utgiftsførast over tid. Dette fører også til eit avvik mellom rekneskap og likviditen. På denne bakgrunn vil det i aukande grad bli nødvendig å utgiftsføre premieavvik frå tidlegare år.

PREMIEAVVIK

Inntektsført premieavvik				Amortisert →							
Kto 2 1941 010	Gjenstående	Akk. amortisert	Opprinnelig	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
KLP 2002	1 181 488	-1 016 302	2 177 790		-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186
SPK 2003	190 920	-127 280	318 200			-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213
KLP 2004	89 019	-34 509	103 528				-8 902	-8 902	-8 902	-8 902	-8 902
SPK 2004	140 467	-70 233	210 700				-14 047	-14 047	-14 047	-14 047	-14 047
SPK 2005	234 453	-85 255	319 708					-21 314	-21 314	-21 314	-21 314
KLP 2006	86 477	-16 819	83 096						-5 540	-5 540	-5 540
SPK 2006	94 596	-23 849	118 245						-7 883	-7 883	-7 883
KLP 2007	838 010	-128 925	966 935							-64 482	-64 482
KLP 2008	2 350 849	-187 904	2 518 553								-187 904
KLP 2009	335 417	-	335 417								
	5 481 495	-1 670 677	7 152 172	-	-145 186	-166 399	-187 348	-208 862	-222 084	-286 547	-454 450
Kto: 2 1941 010 AAG 14,1%	772 891										

Utgiftsført premieavvik				Amortisert →							
Kto 2 3941 010	Gjenstående	Akk. amortisert	Opprinnelig	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
SPK 2002	-80 533	70 467	-151 000		10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067
KLP 2003	-38 400	26 600	-64 000			4 267	4 267	4 267	4 267	4 267	4 267
KLP 2005	-1 019 072	370 572	-1 389 644					92 643	92 643	92 643	92 643
SPK 2007	-206 716	31 803	-238 519							15 901	15 901
SPK 2008	-323 210	23 086	-346 296								23 086
SPK 2009	-97 182	-	-97 182								
	-1 765 114	521 527	-2 286 641	-	10 067	14 333	14 333	106 976	106 976	122 878	145 964
Kto: 2 3941 010 AAG 14,1%	-248 881										

Netto premieavvik	3 716 382
Kto: 2 3941 010 AAG 14,1%	524 010

Masfjorden kommune har sett av i alt 6,8 mill.kr. pr. 31.12.2009 som pensjonsfond under balansekonto 2.5600.100 knytt til pensjonsmidlar og det faktum at kommunane skyver framfor seg store deler av pensjonskostnaden, til dekking av premieavvik og eigenkapitalinnskott KLP – og har difor reserver til å dekke denne utfordringa.

Legg til grunn satsar frå 2010 budsjettet (netto 13% - brutto 15%), til tross for at premiane er høgare, vil ordninga med premieavvik / pensjonsforskrifta medføre at dette er tilstrekkeleg avsetjing. Ein har elles fondsreservar innan dette område. Ein må elles byrje å budsjettere med amortiseringsavvik – inntektsførte premieavvik skal dekkast inn over 15 år, slik at her kjem ein kostnad årleg framover. Samla budsjettering av pensjonskostnader i 2011 ligg litt over prognosar frå hhv. KLP og SPK.

Momskompensasjonsordninga

Ordninga med momskompensasjon er lagt om frå og med 2010 ved at 1/5 av momskompensasjonen frå investeringar skal overføres frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Overføring skal trappast opp dei neste åra med 1/5 årleg. Frå og med 2014 skal som kjent heile kompensasjonen frå investeringar bli inntektsført direkte i investeringsrekneskapen. I overgangsperioden 2010 - 2013 er driftsfinansieringa av investeringane i samsvar med opptrappingsplanen pålagt, det vil seie at den må gjennomførast

sjølv om kommunen skulle ha rekneskapsmessig underskot. Den planlagde omlegginga vil bidra til ein sunnare økonomiforvaltning med lågare låneopptak. Samtidig er dette ein innstramming driftsmessig dei første åra, når ein mindre del av momskompensasjonen kan disponerast i driftsrekneskapen. Mange kommunar har hatt eit høgt investeringsnivå dei siste åra, og det er derfor blitt inntektsført betydelig momskompensasjon i driftsrekneskapen. Overgangen for Masfjorden sin del blir ikkje stor, då vi har praktisert 100% tilbakeføring av momskompensasjon som ein får på investeringane, frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. **For 2009 utgjorde denne overføringa frå drift til investeringsrekneskapen kr. 3.524.526,24.** Dei fleste kommunar ville ha inntektsført dette i drift utan overføring til investeringsrekneskapen, og heller lånefinansiert investeringa – og dermed indirekte lånefinansiert drifta. For dei kommunane som har praktisert den siste løysinga, vil få betydelege utfordringar med omlegging av momskompensasjon investeringar.

Gjeldssituasjonen

Kommunane sin lånegjeld har auka mykje samla sett dei seinare åra. Gjeldsnivået er no høgt, også når ein vurderer det i forhold til inntektene. Det er grunn til bekymring om denne utviklinga fortsetter dei neste åra slik at gjeldsbelastninga aukar ytterlegare. Sjølv om kommunane kan betene gjeldsforpliktingane, fører eit høgt gjeldsnivå til at ein større del av inntektene blir bunde opp i renter og avdrag i staden for å bli nytta til direkte tenesteyting for innbyggjarane. Ein del av gjelda er heilt eller delvis sjølvfinansierende, for eksempel gjennom avgifter eller statleg rentekompensasjon. Viser i denne samanheng til note 11 i 2009 rekneskapen.

Rentenivå

Noverande rentenivå er spesielt lågt, sett i eit lengre tidsperspektiv. Sjølv om det er ein politisk målsetning at rentenivået framleis skal være lågt, må det over tid forventast eit høgare rentenivå. Kommunane er sårbare om eit framleis lågt rentenivå er nødvendig for å oppretthalde den økonomiske handlefridomen. Det noverande låge rentenivået må sjåast i samanheng med finanskrisa og behovet for å stimulere den økonomiske aktiviteten. Vi legg til grunn lågt rentenivå i økonomiplanperioden, men svakt gradvis aukande frå 2010 nivå utover i økonomiplanperioden.

Viktig del av justeringane inneber budsjettet justering av årets (sentrale og lokale) lønsoppgjjer. Ein del innspel om auke i driftsnivå er ikkje teke høgde for, og er i liten grad omtalt i materiell utdelt 3.11., men er forhold vi kjem attende til med konkrete saker utover på nyåret.

Det er lagt inn **3,5% i lønsvekst** pr. teneste. Ut i frå framlagde statsbudsjett for 2011 og mellomoppgjjer er nok dette høgt, men i samsvar med rammesaka. Det er difor nok ein liten bufferkapital på dette området i budsjettet for 2011 og noko som tilseier at vi skal ha god dekning på lønssida i 2011 budsjettet.

For liten auke i frie inntekter til å dekkje løns- og prisvekst, samt signal og ønskjer frå regjeringa si side om kommunale satsingar inn helse (samordningsreforma), skule, barnvern etc. som ein del av tildelte rammetilskot. Framstillinga i statsbudsjett og pressemeldingar skapar urealistiske forventningar, som kommunane i liten grad kan make å innfri. I tillegg står ein overfor endringar i ordninga med **momskompensasjon**, kor kompensasjon gitt til investeringar gradvis skal inntektsførast i investeringsrekneskapen (mot tidlegare i drift) – ei tilpassing som Masfjorden har gjennomført 100% i mange år.

Elles utfordringar kring **pensjon – med framskriving av vesentleg del av pensjonskostnaden**, gjennom inntektsføring av premieavvik over ei rekkje år – og kor utgiftsføringa kjem for fullt i åra framover. + **forventa renteutvikling**, auke i renta – dvs. høgare rentekostnad som statsbudsjettet ikkje tek høgde for.

For driftsbudsjettet har ein som mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane. Framlagde budsjett ligg på x% i netto driftsresultat. Skal ein nå målet om 3%, må utgiftene reduserast/ med 2.3-2.4 mill.kr. og/eller inntektene aukast.

Investeringar

I gjeldande økonomiplan, vedteken desember 2009 ligg investeringsbudsjettet for 2011 på 6,25 mill.kr., og spesifisert slik;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2011			
	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250		
IKT/felles	500	0		500
Opprusting komm.bygg	3 000	1 200		1 800
Kommunale vegar	500			500
Vassforsyning	1 000	500		500
Avlaup	500	0		500
Utleigebustadar				
Bustadfelt	500	500	0	0
Sum investeringar	6 250	2 450	0	3 800

Gjennom 2010 er det dukka opp ein del uføresette investeringsprosjekt og prosjekt som viser eit langt større investeringsbehov enn forventa. Slik at til arbeidsmøte i formannskapet 9.november la ein fram eit oversyn over prioriterte investeringstiltak, kor samla investering utgjorde 27 mill.kr.,

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2011			
	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250		
IKT/felles	500	0		500
IKT/felles – forskyvd frå 2010	500	500		
Opprusting komm.bygg	3 000	1 200		1 800
Kommunale vegar	500			500
Kommunale vegar – utover øk.plan	2 600	500		2 100
Vassforsyning	1 000	500		500
Avlaup	500	0		500
Bustadfelt	500	500	0	0
Grunnerverv fleirbrukshall	800	0	0	800
Utleigebustadar Sandnes	2 300	2 300	0	0
Matre symjebasseng	7 800	2 400	2600	2 800
Matre vassverk	6 500	0		6 500
Bustadfelt – molo Matre	500		0	500
Sum investeringar	27 250	8 150	2 600	16 500

men lista kunne gjerast mykje lengre om ein hadde teke med alle innspel til investeringar i 2011 (+ teke med alle prosjekt starta 2010 eller tidlegare som ikkje er ferdigstilt). Og i tillegg kjem investeringsramma til kyrkja.

Eit låneopptak på 16,5 mill.kr. er alt for høgt, og ikkje tilrådeleg – og rådmannen har eit budsjettframlegg for 2011 som inneber eit låneopptak på 9 mill.kr., men med eit reelt håp og tru på at netto låneopptak for investeringane i 2011 skal ned på ”handlingsregelen” om at ein tek opp meir i lån enn det ein betalar ned i avdrag i driftsbudsjettet – jf. prognose drift 2010 og at overskot vert øyremerka finansiering av investeringar og frigjorde fondsmidlar disp.fond drift til investeringsføremål.

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2011			
	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250	0	0
IKT/felles	500	0	0	500
IKT/felles – forskyvd frå 2010	500	500	0	0
Opprusting komm.bygg	0	0	0	0
Kommunale vegar	500	500	0	0
Kommunale vegar – utover øk.plan	2 233	533	0	1 700
Vassforsyning	500	500	0	0
Avlaup	0	0	0	0
Bustadfelt	500	500	0	0
Grunnerverv fleirbrukshall	0	0	0	0
Utleigebustadar Sandnes	2 300	2 300	0	0
Matre symjebasseng	7 800	2 400	2600	2 800
Matre vassverk	6 500	500	2000	4 000
Bustadfelt – molo Matre	0	0	0	0
	21 583	7 983	4 600	9 000

Budsjettframlegget inneber at ein utsett 2 prosjekt under opprustingsplan kommunale bygg. Ein prioriterer eigeninnsats for 2 kostnadskrevjande prosjekt, Matre vassverk og symjebassenget, samt at ein har akkumulert opp ein del mindre vedlikehaldsprosjekt som ein tilrår vert teke i 2011.

Under kommunale vegar i 2011 finn ein;

Kommunale vegar	Budsjett
Haugsdalen bru	1 473
Areklettvegen	950
Skaret	110
Tangedalsvegen	100
Kvingedal	100
	2 733

Budsjettframlegget inneber reduksjon i sum til vassverk og avlaup. Grunnerverv fleirbrukshall forskyve med eit år. Eigenfinansieringsdel bustadfelt/molo Matre likeeins. Ein har avtale med BKK kring vassverk, kor dei forpliktar seg til medfinansiering vassverk Matre, som sentrale endringsframlegg i høve notat arbeidsmøte 9.november.

For økonomiplan 2012-14 ligg investeringsnivå på eit nivå kor fond/EK og tilskot gjer at sum lån vert i samsvar med prinsippet om tak for eigen finansiering for kvart år i økonomiplanen:

Maks låneopptak lik sum årlege lånevdrag i driftsbudsjettet
 + frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar
 + eksterne midlar/tilskot

Skal ein i 2011 halde seg innafor prinsippet over, legg eit fram eit budsjettframlegg som inneber mindre til IKT, kommunale vegar, reduksjon av tiltak Matre vassverk og Matre symjebasseng;

Kostnad og finansiering 2011					
Prosjekt	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	
KLP eigenkap.innskot	250	250	0	0	0
IKT/felles	0	0	0	0	0
IKT/felles – forskyvd frå 2010	500	500	0	0	0
Opprusting komm.bygg	0	0	0	0	0
Kommunale vegar	0	0	0	0	0
Kommunale vegar – utover øk.plan	1 500	1 000	0	500	
Vassforsyning	500	500	0	0	
Avlaup	0	0	0	0	
Bustadfelt	500	500	0	0	
Grunnerverv fleirbrukshall	0	0	0	0	
Utleigebustadar Sandnes	2 300	2 300	0	0	
Matre symjebasseng	5 500	2 400	2 600	500	
Matre vassverk	5 500	500	2 000	3 000	
Bustadfelt – molo Matre	0	0	0	0	
	16 550	7 950	4 600	4 000	

For investeringsbudsjettet ønskjer ein at det vert fatta eit prinsippvedtak om tak for eigen finansiering for kvart år i økonomiplanen:

Maks låneopptak lik sum årlege lånevdrag i driftsbudsjettet
 + frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar
 + eksterne midlar/tilskot

Slik budsjett no ligg føre, ligg bruk av lån inne med 9 mill.kr., mot avdrag og utlån utgjør 3,9 mill.kr., slik at ideelt bør lånesummen reduserast med 5,1 mill.kr.

Tilrådd investeringsplan 2011-14;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012				Kostnad og finansiering 2013				Kostnad og finansiering 2014			
	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250	0	0	250	250	0	0	250	250	0	0	250	250	0	0
IKT/felles	500	0	0	500	500	200	0	300	500	0	0	500	500	0	0	500
IKT/felles – forskyvd frå 2010	500	500	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Opprusting komm.bygg	0	0	0	0	3 000	1 200	500	1 300	3 000	1 200	1 800	0	3 000	1 200	0	1 800
Kommunale vegar	500	500	0	0	660	160	0	500	630	130	500	0	580	80	0	500
Kommunale vegar – utover øk.plan	2 233	533	0	1 700	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Vassforsyning	500	500	0	0	500	500	0	0	5 000	1 500	2 500	1 000	1 000	500	0	500
Avlaup	0	0	0	0	500	0	0	500	200	100	100	0	500	0	0	500
Bustadfelt	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Grunnerverv fleirbrukshall	0	0	0	0	800	0	0	800	0	0	0	0	0	0	0	0
Utleigebustadar Sandnes	2 300	2 300	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre symjebasseng	7 800	2 400	2 600	2 800	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre vassverk	6 500	500	2 000	4 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt – molo Matre	0	0	0	0	500	0	0	500	0	0	0	0	0	0	0	0
	21 583	7 983	4 600	9 000	7 210	2 810	500	3 900	10 080	3 680	2 500	3 900	6 330	2 530	0	3 800

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING

versikt - investering	Budsjett 2011	Rekneskap 31.8.2010	Opphavleg Budsjett 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007
INVESTERINGSINNTEKTER						
LN 03 Sal av driftsmidler og fast eiendom	0	-1 755 102	0	-70 000	-170 000	-160 000
LN 04 Andre salsinntekter	0		0	0	0	0
LN 06 Statlege overføringa	0		0	-1 106 000	-200 000	0
LN 07 Andre overføringa	-4 600 000		-1 500 000	-1 880 567	-2 003 165	-4 698 676
LN 08 Renteinntekter	-500 000	-500 000	0	0	0	0
LN 09 Sum inntekter	-5 100 000	-2 255 102	-1 500 000	-3 056 567	-2 373 165	-4 858 676
INVESTERINGSUTGIFTER						
LN 11 Lønsutgifter	0		0	0	5 059	39 309
LN 12 Sosiale utgifter	0		0	0	0	4 167
LN 13 Varer og tenester i kommunal eigenprod.	19 473 000	7 344 107	11 110 000	19 120 960	8 771 085	14 444 666
LN 14 Kjøp av tenester som erstattar eigenprod.	0	6 576	0	244 094	2 785	18 137
LN 15 Overføringa	2 543 000	783 393	1 340 000	3 524 526	1 038 050	2 827 773
LN 16 Renteutgifter og omkostningar	0		0	0	0	0
LN 18 Sum utgifter	22 016 000	8 134 075	12 450 000	22 889 580	9 816 979	17 334 052
FINANSUTGIFTER						
LN 20 Avdragsutgifter	280 000	201 940	0	273 421	200 000	200 002
LN 21 Utlån	500 000	525 000	500 000	514 733	700 000	404 000
LN 22 Kjøp av aksjar og andelar	250 000	273 128	250 000	251 608	233 644	345 033
LN 23 dekning av tidl.års udekka	0		0	2 016 801	2 260 570	
LN 24 Avsetjing fond	0		0	0	7 993 031	107 337
LN 25 Avsetninger til likv.reserve	0		0	0	0	5 328 162
LN 26 Sum finansransaksjoner	1 030 000	1 000 068	750 000	3 056 563	11 387 245	6 384 534
LN 27 Finanseringsbehov	17 946 000	6 879 041	11 700 000	22 889 576	18 831 059	18 859 910
FINANSIERING						
LN 29 Bruk av lån	-9 500 000		-4 700 000	-5 844 733	0	-5 908 754
LN 30 Mottekne avdrag på utlån	-180 000	-83 028	0	-128 904	-94 006	-89 544
LN 32 Overføring frå driftsrekneskapen	-3 452 000	-783 393	-1 340 000	-5 300 835	-5 777 996	-8 754 969
LN 33 Bruk av disposisjonsfond	-4 814 000	-491 060	-5 660 000	-1 502 776	-3 847 662	-805 036
LN 34 bruk av investeringsfond	0			-7 049 641		
LN 36 bruk av likv.res	0		0	0	-7 993 031	0
LN 37 Sum finansiering	-17 946 000	-1 357 480	-11 700 000	-19 826 889	-17 712 695	-15 558 303
LN 38 Udekket/udisponert	0	5 521 561	0	3 062 687	1 118 364	3 301 607

Budsjettskjema 2A

	Budsjett 2011	Saldert Budsjett 2010	Opphavleg Budsjett 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007
FINANSIERINGSBEHOV						
Investering i anleggsmidler	22 016 000	18 400 000	12 450 000	22 889 580	9 816 978	17 334 052
Utlån og forskoteringar	500 000	500 000	500 000	514 733	700 000	504 000
Avdrag på lån	280 000	0	0	273 421	200 000	200 000
Avsetjingar	250 000	250 000	250 000	2 268 409	10 487 245	5 680 532
Årets finansieringsbehov	23 046 000	19 150 000	13 200 000	25 946 143	21 204 223	23 718 584
FINANSIERING						
Bruk av lånemidler	-9 500 000	-3 900 000	-4 700 000	-5 844 733	0	-5 908 754
Inntekter frå sal av anleggsmidler	0	-1 500 000	0	-70 000	-170 000	-160 000
Tilskot til investeringar	-4 600 000	0	0		-2 203 165	-4 698 676
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-180 000	0	0	-128 904	-94 006	-89 544
Andre inntekter	-500 000	-2 200 000	-1 500 000	-2 986 567	0	0
Sum ekstern finansiering	-14 780 000	-7 600 000	-6 200 000	-9 030 204	-2 467 171	-10 856 974
Overført frå driftsrekneskapen	-3 452 000	-4 240 000	-1 340 000	-5 300 835	-5 777 996	-8 754 969
Bruk av avsetjingar	-4 814 000	-7 310 000	-5 660 000	-8 552 417	-11 840 693	-805 036
Sum finansiering	-23 046 000	-19 150 000	-13 200 000	-22 883 456	-20 085 860	-20 416 979
Udekket/udisponert = 0	0	0	0	3 062 687	1 118 363	3 301 607

Budsjettskjema 2B

Investeringsprosjekt;						
EDB - felles	1 000 000	2 500 000	2 500 000	358 677	1 585 867	550 669
EDB - skule		500 000	500 000			0
Nordbygda barnehage		0	0	99 808		20 440
Nærmiljøanlegg Sandnes skule						79 950
Opprusting skulebygg		0	0		21 729	253 716
Opprusting barnehagebygg		0	0			
Nordbygda skule		0	0			40 219
Trafikksikringstiltak skulane						34 815
Lokaler Nordbygda skule		0	0	367 848	734 261	5 437 008
Lokaler Sandnes skule		0	0	660 240	14 154	120 495
Lokaler Matre skule		0	0	1 586 661	31 386	57 299
Brannbil		0	0		681 285	
Kart og oppmåling GPS		0	0		238 375	
Ventilasjonanlegg helsetunet						554 598
NAV lokale		0	0		690 947	
Matre symjebasseng		1 000 000				270 408
Sjukeheimen		200 000	200 000	464 680		
Omsorgs-/psykiatribustadar		0	0	5 909 462		
Utleigebustadar Hosteland		0	3 000 000	5 022 078		
Utleigebustadar Sandnes	2 300 000	7 300 000				
Matre symjebasseng	7 800 000					
Omsorgsbustadar indre				11 134		
Omsorgsbustadar TTF		150 000	0	492 278		
Gjennomgangsbustadar		3 000 000	3 000 000	170 874	271 250	50 288
Tomtar				49 763		13 108
Kommunale vegar	3 416 000	700 000	500 000	3 179 265	2 370 950	943 021
Veglyst		0	0	93 750		
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000	500 000	207 856	999 476	442 346
Avlaup		250 000	250 000	311 942	775 000	554 196
Solheim kyrkjegard						129 508
Solheim kyrkje		0	0		371 993	1 731 303
Vassforsyning	7 000 000	2 000 000	2 000 000	444 461	641 748	1 535 237
Grøn næringspark Matre				1 667 795		
Skitrekk Stordalen						3 646 252
Fleirbrukshall Hosteland		300 000				
Sentralbaneanlegg Hosteland		0	0	1 791 008	388 557	869 177
Summering investering i anleggsmidler	22 016 000	18 400 000	12 450 000	22 889 580	9 816 978	17 334 052

KONKLUSJON

Driftsbudsjettet er i balanse, men mindre vekst i frie inntekter enn prisvekst siste året, samt vedtak om auka driftsnivå og/eller nye driftstiltak på ein del område (politiske vedtak i løpet av 2010) ser ein klart ei utvikling med strammare driftsresultat enn det ein har hatt dei siste åra. Stram styring må til for å halde budsjettbalansen. Ein har for 2011 lagt til grunn tal frå statsbudsjettet, og tilleggsløyving (1 mrd. Eldre/PLO), men det kan vere store lokale avvik med omsyn til skatteinngang. Frå statleg hald legg ein til grunn 7% skatteveskt for heile 2010, Masfjorden hadde 4,12% pr. 2.tertial – og med skatteinngang siste tertial siste år – skal 7% halde hardt.

Investeringsbehovet er stort, ein har landa på eit investeringsbudsjett som inneber meir enn det doble i bruk av lån enn ”handlingsregelen” tilseier, men har tru på at ein skal klare å redusere sum lånefinansiering i løpet av 2011. Dei 2 store prosjekta (Matre symjebasseng og Matre vassverk) i investeringsbudsjettet vil ein få framlagt som eigne saker, og er pr. no basert på grove kalkylar.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	09.12.2010	108/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/920
-----------	---------------------

SAK 108/10 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	10/5353	I	23.11.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Skatt på eige og inntekt pr 31.10.2010
2	10/5355	I	19.11.2010	Landbruks- og Matdepartementet	Kommunenes ansvar for å ta vare på jordressursane
3	10/5356	I	25.11.2010	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 01.11.2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-108/10 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

- Framlegg til møteplan for 1. halvår 2011 vart delt ut i møtet og vart tilført som skriv 4)
- Skriv om barnehage- og skulerute 2011 – 2012 vart delt ut og tilført som skriv nr 5)

Vigdis Søvik, Sp, sette fram slikt framlegg:

Koblingsanlegget på Haugsværdalen i samband med ny kraftlinje til Mongstad bør leggjast i Kvitskaret. Der anlegget er tenkt plassert er einaste flate dyrkingsarealet på Haugsvær. Her meiner me at kommunen må gje eit innspel og visa til det kommunale ansvaret for jordressursane.

Ordfører Håkon Matre orienterte og sa at det er blitt peika på dette i møte som kommunen har hatt med BKK. Kommunen vil senda inn uttalen frå Sp i lag med andre merknader til saka innan 7. januar 2011.

Frode Langhelle, H, spørsmål til ordfører:

Hordaland fylkeskommune har gitt Engesund Fiskeoppdrett as løyvde til å etablere fiskeoppdrett på ny lokalitet ved Hopslia i Austfjorden. Løyvet er gitt sjølv om Masfjorden kommune har frårådd denne lokaliteten av hensyn til tøffe sjøforhold, tidlegare havari på staden, forankringsutfordringar og samanfallande lokalisering og ferdsel med Lindås kommune i fjorbassenget. Fylkesmannen har i si høyring vektlagt Masfjorden kommune sine merknader.

Vedtaket verkar urovekkande på både grunneigarar langs stranda, familiar som ynskjer å flytte til kommunen og som ynskjer å få seg sjønære tomter med naust eller båtplass. Det er vanskeleg å akseptere at anlegg på fleire mål får løyve til å beslaglegge strandsona, medan enkle utbetringar av bryggjer og båttøer får avslag på eit og same gardsbruk.

Vil Masfjorden kommune påklage vedtaket i fylkeskommunen innan fristen?

Vil Masfjorden ta opp med overordna myndigheiter at kommunen no vil be om forståing av at lokalisering av oppdrettsanlegg må samanfalle med ein ny arealplan for kommunen?

Svar:

Ordfører Håkon Matre sa at denne saka må ha ei politisk behandling og og at dette først kan skje i møte 20. januar. Det er munnleg uttrykt velvilje til å utsetja klagefristen frå fylkeskommunen si side, og dette forventast å gå i orden. Avgjerda om korleis ein skal handtera denne saka må sjåast i samanheng med arealdelen av kommuneplanen, der mogelege oppdrettslokalitetar enno ikkje endeleg plasserte.

Orienteringar frå ordfører:

- Framlegget til møteplan for 1. halvår 2011
- Fylkesdelplanen for ny storhamn

Liv Oda Dale, Ap, etterspurde spørsmål som Ap hadde i kommunestyret tidlegare om korleis me brukar pengar og personar i det interkommunale samarbeidet.

Ordfører Håkon Matre sa at dette spørsmålet vil me koma attende til.

Skriv og meldingar vert teke til orientering slik dei ligg føre.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 09.12.2010 vert vitna

Håkon Matre
Ordførar

Laila S. Reknes
Kommunestyremedlem

Karstein Totland
kommunestyremedlem